

(A) = Åpen, kan bestilles fra Universitetet i Stavanger / Arkeologisk museum

(B) = Begrenset distribusjon

(C) = Kan ikke utleveres



Arkeologisk utgraving av toskipa langhus frå overgangen yngre steinalder – eldre bronsealder og graver frå vikingtid og yngre jernalder på Frøyland

Frøyland, gnr. 28 / bnr. 1 mfl.,
Time kommune

Even Bjørdal

AmS saksnummer: 09/2006
Journalnummer: 04/415

Dato: 27.03.2009
Sidetal (inkl. vedlegg): 179
Opplag: 30

Oppdragsgjevar: Block Watne A/S

Stikkord:

To båtgraver frå eldre vikingtid
To barnegraver frå yngre jernalder
Toskipa hus frå yngre steinalder / eldre bronsealder



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Oppdragsrapport 2009/04
Arkeologisk museum Universitetet i
Stavanger, Avdeling for
fornminnevern

Utgjevar:
Universitetet i Stavanger
Arkeologisk museum
4002 STAVANGER
Tel.: 51 83 31 00
Fax: 51 84 61 99
E-post: post-amt@uis.no

Stavanger 2009

Arkeologisk utgraving av toskipa langhus frå overgangen yngre steinalder – eldre bronsealder og graver frå vikingtid og yngre jernalder på Frøyland

Frøyland, gnr. 28 / bnr. 1mfl.,
Time kommune

Even Bjørdal



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Rapport til topografisk arkiv



Universitetet
i Stavanger

Arkeologisk museum

Vår ref.: Sakshandsamar: Arkivkode Dato:
Olle Hemdorff 613 27.03.2009

Kommune: Time
Gardsnamn: Frøyland
Gnr: 28
Bnr: 1 mfl.
Lokalitetsnamn: "Stemmen"
Tiltakshavar: Block Watne A/S
Adresse: Lagerveien 1, 4033 Stavanger

Saka sitt namn: *Arkeologisk utgraving i samband med ny reguleringsplan for område med automatisk freda kulturminne på Frøyland, gnr 28 bnr. 1 mfl., sør for Stemmen i Time k.*

Saksnr: 09/2006 Flyfotoreg. nr: 514 C12, D12, D13
Brevjournalnr: 04/415 Fornminnenr:
Kartblad: Stavanger 1212 IV ID (Askeladden): 123585 (graver)
AL 19-5-3 123586 (langhus)
UTM: 32VLL1119 H o h: ca 40 - 45 m

Aksesjonsnr: 2006/74
Museumsnr: S12293 (minste barnegrav)
S12294 (båtgrav; mannsgrav)
S12295 (båtgrav; kvinnegrav)
S12296 (største barnegrav)
S12297 (toskipa langhus)
S12298 (øvrige funn, lausfunn)

Nat.vit. prøvenr.: 07/02_1 - 07/02_63
Fotonr: 72675 - 73092 (Cd 452)

Synfare: Rogaland Fylkeskommune, v/ Kulturseksjonen
Av: Rune Idsøe; synfaring 15. - 23.09.04, rapport 24.09.04

Feltundersøking: Arkeologisk utgraving, v/ AmS
Ved: Feltleiar I Even Bjørdal mfl. i perioden 11.12.06 - 14.02.07
Rapport: Ferdig utforma 27.03.09

Gjeld: Arkeologisk utgraving i samband med ny reguleringsplan for område med automatisk freda kulturminne på Frøyland, gnr 28 bnr. 1 mfl., Stemmen i Time k.

Innhaldsoversyn

1. Samandrag	s.	7
2. Innleiing	s.	10
2.1	Lokalisering	s. 10
2.2	Bakgrunn for undersøkinga	s. 10
2.3	Registrerte kulturminne i området	s. 10
2.4	Kort om opphavet til garden Frøyland	s. 11
2.5	Om problemstillingar og føremål med undersøkinga	s. 11
3. Kort skildring av området før undersøkinga tok til	s.	13
4. Tidsrom og deltakarar	s.	13
4.1.	Tidsrom	s. 13
4.2.	Deltakarar	s. 13
4.3.	Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk	s. 14
5. Metode	s.	20
5.1	Graveteknisk metode	s. 20
5.2	Dokumentasjon	s. 22
5.2.1	Teikningar og anleggsskjema	s. 22
5.2.2	Fotografering	s. 22
5.2.3	Om naturvitskapelege prøver og analyser og om konservering av gjenstandar	s. 23
5.2.4	Funn	s. 24
5.2.5	Innmåling	s. 24
6. Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt	s.	25
6.1	Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling	s. 25
6.1.1	Generelle trekk ved hovudundersøkingssområdet	s. 25
6.1.2	Gravene: om stratigrafi og funnfordeling	s. 25
6.1.3	Dei toskipa langhusa: om stratigrafi og funnfordeling	s. 29
6.1.4	Øvrige strukturar og funn på det undersøkte arealet	s. 30
6.2	Ein del kjeldekritiske aspekt knytt til utgravinga	s. 30

7. Funnmaterialet	s.	31
7.1	Kort om konservering og katalogisering av funna	s. 31
7.2	S 12293 - S 12296: Funn frå gravene	s. 31
7.2.1	S 12293 (a-d): Den minste barnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 31
7.2.2	S 12294 (a-i): Mannsgrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 32
7.2.3	S 12295 (a-z): Kvinnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 35
7.2.4	S 12296 (a-f): Den største barnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 44
7.3	S 12297 (a-f): Funn frå dei toskipa langhusa	s. 46
7.3.1	Hus 1 - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 46
7.3.2	Hus 2 - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 46
7.4	S 12298 (a-f): Lausfunn frå hovudundersøkingssområdet - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar	s. 47
8. Skildring av strukturar og anleggsspor	s.	48
8.1	S 12293: Den minste barnegrava - ei lita flatmarksgrav	s. 48
8.2	S 12294: Mannsgrava - ei båtgrav	s. 48
8.3	S 12295: Kvinnegrava - ei båtgrav	s. 49
8.4	S 12296: Den største barnegrava - ei flatmarksgrav med steinpakning	s. 50
8.5	Dei toskipa langhusa (S 12297)	s. 50
8.5.1	Hus 1	s. 50
8.5.2	Hus 2	s. 52
8.6	Øvrige anleggsspor	s. 55
8.6.1	Anleggsspor som vart undersøkt nærmare	s. 55
8.6.2	Anleggsspor som ikkje vart undersøkt nærmare	s. 55
9. Naturvitskapleg materiale	s.	55
9.1	Innleiing	s. 55
9.2	Makrofossilprøver og trekolprøver	s. 56
9.3	14C - analyse	s. 56
9.4	Fosfatanalyse	s. 56

9.5	Treartsanalyse	s.	56
9.6	SEM - analyse	s.	56
9.7	Beinanalyse	s.	56
10. Tolking av undersøkingsområdet i lys av strukturar og funn			s. 57
10.1	Innleiing	s.	57
10.2	Bufaste jordbrukarar i yngre steinalder - eldre bronsealder: toskipa langhus og korndyrking	s.	57
10.3	Gravplass for velstående ætt i yngre jernalder: vaksne og born med utstyr til hólheimen	s.	57
10.4	Kva med aktivitetar her i yngre bronsealder og eldre jernalder ?	s.	62
10.5	Oppsummering av resultatata av utgravinga i høve til prosjektplanen og tidlegare registreringar	s.	62
11. Formidling og publikumskontakt			s. 65
11.1	Formidlingsarbeid og publikumskontakt i felt og på museum	s.	65
11.2	Omtale av utgravinga i media	s.	66
12. Litteratur			s. 66
13. Vedlegg			s. 70
Vedlegg 1	Fotoliste		
Vedlegg 2	Fotoark med bileta frå fotolista		
Vedlegg 3	Liste over anlegg / strukturar		
Vedlegg 4	Funnliste		
Vedlegg 5	Katalog		
Vedlegg 6	Liste over teikningar		
Vedlegg 7a	Oversynskart som viser Frøyland i Time k. i Rogaland		
Vedlegg 7b	Oversynskart med luftfoto av undersøkingsområda		
Vedlegg 8a	Oversyn over undersøkingsområda på Frøyland		
Vedlegg 8b	Oversyn over hovudundersøkingsområdet på Frøyland		
Vedlegg 9a	Teikna oversyn over Hus 1 og Hus 2 i felles kontekst		
Vedlegg 9b	Teikna oversyn over Hus 1		
Vedlegg 9c	Teikna oversyn over Hus 2		
Vedlegg 9d	Teikna oversyn med samanlikning av Hus 1 og Hus 2		
Vedlegg 9e	Hus 1 og Hus 2 i høve til andre toskipa hus frå Rogaland		
Vedlegg 9f	Plan - og profildeikningar av anleggsspor knytt til Hus 1 og 2		

Vedlegg 10	Felles teikna oversyn over gravene
Vedlegg 11	Teikna oversyn over kvinnegrava
Vedlegg 12	Teikna oversyn over mannsgrava
Vedlegg 13a	Liste over naturvitskapelege prøver
Vedlegg 13b	Treartsanalyse
Vedlegg 13c	14C - analyse
Vedlegg 13d	Fosfatanalyse
Vedlegg 14	Utsnitt av kart frå Helliesen si registrering på Frøyland
Vedlegg 15	Media: faksimilar frå avisartiklar mm.
Vedlegg 16	Kart over RFK si registrering på Frøyland i 2004
Vedlegg 17	Oversyn over informasjon om klinkbygd båt (frå Gjerpe 2005)

Figurar:

Fig. 1	Den likearma spennen frå kvinnegrava. (Foto: T. Tveit, Am)	s.	8
Fig. 2	Dei to ovalspennene frå kvinnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	9
Fig. 3	Perlene frå kvinnegrava (med unntak av ravperla og den nedbrotne F29). (Foto: T. Tveit, Am)	s.	9
Fig. 4	Del av undersøkingssområdet ved oppstarten av flateavdekkinga. Utsyn mot NNV.	s.	13
Fig. 5	Undervegs i flateavdekkinga. Midt i biletet ser ein den delvis tømde maskintraséen. Mot NNV.	s.	14
Fig. 6	Sikke Viste reinsar fram anleggsspor.	s.	15
Fig. 7	Det første glimtet av kvinnegrava. Mot VNV.	s.	16
Fig. 8	Angunn Skeiseid og Jan Berge finn perler ved sålding.	s.	18
Fig. 9	John Kvanli frå detektorklubben i aksjon på dungen ved kvinnegrava.	s.	19
Fig. 10	Tidleg vintardag på feltet. Teltet står over mannsgrava. Mot Ø.	s.	19
Fig. 11	Frå undersøkinga av mannsgrava. Mot NNV.	s.	21
Fig. 12	Foto som viser lokaliseringa av tre av gravene: nærmast den største barnegrava, i midten (liten firkant) den vesle barnegrava og under den gule vintarmatta låg mannsgrava. Mot N.	s.	21
Fig. 13	Feltleiar Bjørdal i sving med totalstasjonen ved toskipa hus. Mot VNV.	s.	24
Fig. 14	Mannsgrava sett mot SSØ.	s.	26
Fig. 15	Mannsgrava sett mot NNV.	s.	26

Fig. 16 Dokumentasjon av kvinnegrava. Mot VNV.	s.	27
Fig. 17 Den største barnegrava: steinpakninga. Mot NNV.	s.	28
Fig. 18 Den største barnegrava: i fyllet. Mot NNV.	s.	28
Fig. 19 Stolpehol 2394 frå Hus 1 (til høgre) og 2407 frå Hus 2 (til venstre). Mot SSØ.	s.	29
Fig. 20 Den vesle sigden frå den minste barnegrava (Foto: H. Hollund, Am)	s.	32
Fig. 21 Den fragmenterte spydspissen (Foto: H. Hollund, Am)	s.	33
Fig. 22 Kniven frå mannsgrava (Foto: H. Hollund, Am)	s.	33
Fig. 23 Den likearma spennna frå Frøyland (oppe til høgre) saman med teikninga av spennna C21536a frå Store-Dal, Skjeberg (oppe til venstre) og tre andre spanner innanfor P74-gruppa (frå venstre: C6084, B7005 og B9626a).	s.	36
Fig. 24 Nærfoto av ei av ovalspennene frå kvinnegrava (spenne II). (Foto: H. Hollund, Am)	s.	37
Fig. 25 Dei 18 best bevarte perlene frå Frøyland (den svært nedbrotne F29 er ikkje med). Ravperla er den største runde, lengst til høgre i midten. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	38
Fig. 26 Røntgenbilette av remspenna. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	39
Fig. 27 Remspenna og nokre fragment av mogleg skrin. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	39
Fig. 28 Spinnehjulet F183 (Foto: H. Hollund, Am)	s.	40
Fig. 29 Sigden frå kvinnegrava. Dei tre større fragmenta er lagt inntil kvarandre. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	40
Fig. 30 Saksa frå kvinnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	41
Fig. 31 Det fragmenterte brynet frå kvinnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	41
Fig. 32 Nøkkelen frå kvinnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	43
Fig. 33 Tanna funne ved kvinnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	43
Fig. 34 Pilspiss frå den største barnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	45
Fig. 35 Sigd frå den største barnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	45
Fig. 36 Kniv frå den største barnegrava. (Foto: H. Hollund, Am)	s.	45
Fig. 37 Den moglege sigden av flint. (Foto: T. Tveit, Am)	s.	47
Fig. 38 Skisse av rekonstruert tverrsnitt av seinneolitisk, toskipa langhus med inntrukne stolpar. (Frå Nielsen 1998: 19)	s.	54

1 Samandrag

Den arkeologiske undersøkinga på Frøyland (på gnr. 28/ bnr. 1 mfl.) i perioden desember 2006 - februar 2007, avdekte restar etter *to toskipa langhus* frå overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder, *to båtgraver* frå vikingtid og *to barnegraver* frå yngre jernalder (mest truleg frå vikingtid). Det vart også påvist eit antal andre anleggsspor som spreidde stolpehol og staurhol, groper, kokegroper og eldstadar. Av ca 150 moglege stolpehol (berre eit utval vart snitta og undersøkt nærmare), høyrer omlag 100 til området der dei toskipa bygningane var.

Det vart ved *maskinell flateavdekking* opna eit hovudundersøkingssområde på ca 3400 m² på høgdedraget. Omlag 80 meter aust om dette feltet, vart det i tillegg undersøkt eit mindre areal på rundt 300 m² i samband med tomt for arbeidsbrakker her.

Dei toskipa langhusa kan ikkje ha vore nytta samstundes, for bygningane var plassert delvis på same stad. Resultata frå 14C - analyser av forkola korn frå stolpehol i husa viser at Hus 1 og Hus 2 var i bruk innan perioden ca 2000 - ca 1600 f. Kr. Det er uavklart kva for eit av husa som vart bygd først, men det er kanskje mest sannsynleg at Hus 1 er eldst. Det vart ikkje funne spor etter eldstadar i bygningane. *Hus 1* hadde truleg berre ein bruksfase, for det er ikkje klare teikn til utskiftingar av stolpar her. Bygningen var ca 13,5 meter lang og hadde ei største breidde på rundt 5,7 meter. Konstruksjonen hadde tre takberande midtstolpar. Bygningen har klare likskapstrekk med eit toskipa hus funne på Talgje i Finnøy kommune. *Hus 2* er tolka til å ha hatt tre bruksfasar: det er klare teikn i materialet på at dei takberande stolpane er blitt skifta ut to gongar og det har skjedd endringar i samband med gavlane. Hus 2 var ca 19,4 meter langt og hadde ei største breidde på ca 6,2 meter. Konstruksjonen hadde til eikvar tid fire takberande stolpar langs midtaksen. Dette huset liknar ein del på Hus 1 frå Kvåle i Time kommune.

Eit særleg gammalt, forkola korn av typen naken bygg vart funne i masse frå eit av stolpehola tilhøyrande Hus 2. Kornet er 14C - datert til 2405 - 2285 f. Kr, dvs. at det stammar frå overgangen mellomneolitikum - seinneolitikum. Dette gjer kornet til eit av dei eldste (kanskje *det* eldste) påviste av dette slaget i Rogaland. Kornet skal truleg ikkje forståast i samband med dei påviste toskipa bygningane, det er nok ei eldre "forureining" som vitnar om korndyrking på staden fleire hundre år før Hus 1 og Hus 2 vart bygd.

Dei fire gravene var alle ubrente. To av desse var båtgraver for høvesvis ei kvinne og ein mann, dei to andre var små, rektangulære barnegraver. Gravene er på grunnlag av gjenstandsmaterialet tolka til å vere frå yngre jernalder. *Kvinnegrava* lét seg ut i frå smykka datere til 800 - talet, mest truleg er spennene frå den første halvdel av dette hundreåret. Gravgåvene til denne kvinna viser at ho nok kom av ei velstående ætt og at ho kan ha vore husfrua på ein gard her. Ei likearma bronsespenne (jf. figur 1) frå denne grava er av ein særprega og sjeldan sort innan det norske smykkematerialet frå perioden. Ein spydspiss frå *mannsgrava* er av ein type som sannsynlegvis stammar frå perioden ca 850 - ca 950. Materialet frå *barnegravene* gjev ikkje grunnlag for ei meir presis datering enn til yngre jernalder. Det er mogleg at alle gravene skal forståast samla, som ein gravstad knytt til den same garden eller ætta. Det kan såleis vere at alle dei fire gravlagde var i familie og at dei levde innan same tidsperiode på 800-talet.



Figur 1 Den likearma spenna frå kvinnegrava (Foto: T. Tveit, Am)



Figur 2 Dei to ovalspennene frå kvinnegrava (Foto: H. Hollund, Am)



Figur 3 Perlene frå kvinnegrava (med unntak av ravperla og den nedbrotne F29) (Foto: T. Tveit, Am)

2 Innleiing

2.1 Lokalisering

Den arkeologiske utgravinga fann stad på eit høgdedrag på Frøyland (gnr. 28, bnr. 1 mfl.), like sør for Stemmen i Time kommune. Stemmen er eit lite vatn som er oppdemt i nyare tid. Tidlegare var det truleg ei myr eller ei tjørn som fylde ei daudisgrop her. Garden Frøyland ligg nord i Time kommune, aust for Frøylandsvatnet og RV 505 og nordvest for Mosvatnet. Det er eit bølgrande morenelandskap, med haugar og ryggar skilt av lågareliggende område. Det undersøkte arealet ligg på ca 40 - 45 m høgde like nord om Frøylandsvegen, eit par hundre meter aust om krysset mellom Frøylandsvegen og Kvernelandsvegen.

2.2 Bakgrunn for undersøkinga

I 2004 utførte Rogaland fylkeskommune (RFK) ei arkeologisk registrering ved hjelp av maskingravne søkesjakter på det aktuelle høgdedraget. Ein påviste forhistoriske busetnadsspor og ei mogleg flatmarksgrav under markoverflata (jf. Idsøe 2004). I samband med ny reguleringsplan i Time kommune for eit område sør for Stemmen, vart det i 2006 søkt om løyve til inngrep i desse automatisk freda kulturminna (jf. Kulturminnelova § 8, fjerde ledd). Ifølgje reguleringsplanen skulle dette arealet med dyrka mark no opnast opp for bustadar, friområde mm. Riksantikvaren vurderte saka slik at reguleringsplanen kunne godkjennast, på vilkår om at tiltakshavaren først kosta ei arkeologisk gransking av dei aktuelle kulturminna. Arkeologisk museum i Stavanger (AmS) utarbeidde så ein prosjektplan og eit budsjett for undersøkinga.

2.3 Registrerte kulturminne i området

Det har opp gjennom åra kome inn gjenstandar frå både stein-, bronse- og jernalder frå Frøylandsområdet til AmS. Av 15 registrerte funn-nummer, kan seks knytast til graver frå bronse- og jernalder. Dei ni andre er lausfunn datert til steinalder og bronsealder.

I 1909 gjorde konservator Helliesen ved Stavanger Museum ei synfaring i nærområdet til garden Frøyland. Mot Frøylandsvatnet og ved Frøylandsbrekka fann han i alt 24 synlege faste kulturminne, dei fleste var gravhaugar (jf. Vedlegg 14). Ein av desse, langhaugen "Helliesen nr. 2" (ca 22m x 6m; ID 64377 i Askeladden), finst fortsatt synleg i terrenget i eit skogholt like nordvest for utgravingsfeltet. Lenger sør finst ein gravhaug ("Hauabakke", restaurert i 1997; ID 64377) som var blitt delvis øydelagt av m.a. vegbygging i nyare tid. Det er mogleg at denne er restane av "Helliesen nr. 6", ein langhaug som i 1909 var ca 32m x 4m (jf. omtale i Askeladden). Men på kartet frå 1911 har Helliesen teikna inn både nr. 6 og den øydelagde rundhaugen nr. 23 (Helliesen 1910 om nr. 23: "Udjevnet rundhaug der kun var ca. fjerdedelen af nr. 4 størrelse [nr. 4 var ca 16 m i tverrmål]. Her blev intet fundet") på nordsida av Frøylandsvegen. Dette opnar opp for at begge desse strukturane kan ha lege innan utgravingsfeltet. Men det vart ikkje funne spor etter dei ved flateavdekkinga. Det er likevel fristande å knyte dei fire påviste gravene frå undersøkinga til Helliesen sin nr. 23 (jf. 10.5).

I 1964 blei det utført eit nytt registreringsarbeid i samband med Økonomisk Kartverk. Talet på faste kulturminne i området var då: 22 rundhaugar og ein langhaug ("Helliesen nr. 2"), eitt gardfar, ei tuft/innhegning, ei åkerrein, ei høystakktuft og eit antal rydningsrøyser. Ved ei synfaring i 1993 var situasjonen den same, med unntak av at åkerreina og høystakktufta no ikkje lét seg oppspore lenger.

Kulturseksjonen ved Rogaland fylkeskommune gjorde i 2004 ei arkeologisk registreringsundersøking på Frøyland i samband med planarbeidet til Time kommune (jf. kap. 2.2). Denne registreringa blei gjort ved maskinell flateavdekking i søkesjakter. Tre av 18 sjakter inneheldt ikkje-synlege kulturminne, desse tre låg i den vestlege delen av planområdet (jf. Vedlegg 16). Det blei her funne 17 forhistoriske anleggsspor; mellom anna stolpehol, ei kokegrop og ei mogleg flatmarksgrav. I tillegg vart det påvist ein skrapar av flint frå bronsealder og leirkarskår frå eldre jernalder. Resultata frå registreringa i 2004 gav, saman med opplysningar frå eldre synfaringar, verdfull informasjon for planlegginga av den meir omfattande utgravinga vintaren 2006 - 2007.

2.4 Kort om opphavet til garden Frøyland

Gardsnamnet Frøyland kan forståast i samband med den førkristne gudinna Frøya, det er også truleg at namnet har opphav i ei nemning på fruktbart jordbruksland ved elvar og innsjøar. I nærleiken har ein jo både Frøylandsvatnet og Frøylandsbekken / -åna. Gardar på Sørvestlandet med namn som endar på *-land*, har truleg kome til under ein oppgangsperiode i jordbruket i tida etter år 200 e. Kr., ved at ein høgtliggande del av ein eldre gard er blitt skilt ut (Særheim 1999a: 84-86, 1999b: 46). Frøyland kan ha oppstått frå ein etablert, større gard på denne tida, moglegvis Njå eller Kalberg.

2.5 Om problemstillingar og føremål med undersøkinga

Målsetnadane for den arkeologiske undersøkinga på Frøyland har hatt både eit kulturhistorisk og eit vegetasjonshistorisk perspektiv. Frå AmS si side har det vore fokus både på å avdekke og dokumentere kulturminne og på å utføre naturvitskaplege undersøkingar knytt til miljøhistoria på staden (jf. nedanfor og 5.2.3).

Arbeidet knytt til det såkalla *Kvålekomplekset* lenger sør i Time kommune har vore ei sentral inspirasjonskjelde (jf. Soltvedt mfl. 2007). På slutten av 1990-talet og byrjinga av 2000-talet, vart det gjort arkeologiske undersøkingar ved to nærliggande kollar, Håbakken og Kvåle. Kollane var skilt av den smale Ormadalen. Utgravingane påviste eit stort antal spor under markoverflata etter forhistorisk busetnad og jordbruk. Det blei og dokumentert tydelege endringar over tid i måten menneska levde på når det galdt organiseringa av busetnaden og bruken av landskapet. Dette var i eit område som har klare likskapstrekk med Frøyland, både når det gjeld terreng og synlege kulturminne.

Undersøkingane i samband med Kvålekomplekset har gjeve mykje informasjon om jordbruksbuplassar på Midt-Jæren frå yngre steinalder til vikingtid. Det ville såleis vere interessant

å få vite meir om korleis tilhøva var på Frøyland i den same perioden. Sidan registreringa utført av RFK i 2004 var den einaste arkeologiske undersøkinga på Frøyland før utgravinga vintaren 2006 - 2007, var det truleg klare manglar i det biletet ein hadde av forhistoria her. For det første var bronsealderen lite representert blant lausfunn og tidlegare registrerte synlege kulturminne, for det andre hadde ein lite kunnskap om kulturminne gøymt under markoverflata, som til dømes busetnadsspor: *"På Frøyland er det en kulturhistorisk lakune i det arkeologiske kildematerialet mellom fasen som representerer den andre jordbrukseksponeringen i yngre steinalder og eldre bronsealder og fasen da det skjer markerte omstruktureringer av kulturlandskapet i eldre jernalder ca. 200 etter Kr. fødsel. Resultatene fra registreringssøket antyder en jordbruksbosetning som kan være både samtidig og eldre enn dette"* (Lillehammer&Hemdorff 2006: Prosjektplan for prosjektet "Stemmen": s. 4).

Utgravingsprosjektet "Stemmen" på Frøyland gav ei moglegheit til å få auka innsyn i korleis tilhøva i denne avgrensa delen av Time kommune hadde vore samanlikna med det ein allereie visste om det forhistoriske jordbrukarsamfunnet på Midt-Jæren. I prosjektplanen vart det utforma ein del problemstillingar som ein ønskte å finne svar på. Desse var knytt til høvesvis kultur- og vegetasjonshistorie (jf. Lillehammer&Hemdorff 2006: 5):

Kulturhistorie:

- Kva slag jordbruksbusetnad kan påvisast ved "Stemmen"?
- Kva slag organisering av og aktivitetar knytt til busetnad og jordbruksdrift kan setjast i samanheng med busetnadsspora?
- Kva slag gravskikk og andre rituelle aktivitetar er knytt til busetnaden?
- Kva slag åker - og utmarksbruk vart drive her i forhistorisk tid?

Vegetasjonshistorie:

- Er det spor etter tidleg jordbruk?
- Kva slag jordbruk kan knytast til påviste busetnadsspor?
- Kva slag type mat har menneska her levd av?
- Kva slag endringar i naturmiljø og ressursbruk kan sporast her i forhistorisk tid?

I høve til dei kulturhistoriske problemstillingane var det såleis ei prioritert oppgåve å leite etter, dokumentere og datere graver og ikkje-synlege kulturminne som m.a. stolpehol, kokegroper og eldstadar. For vegetasjonshistoria sin del, uttrykkjer prosjektplanen ein målsetnad om å bruke fosfat - og nitronundersøkingar for å oppspore eventuelle teikn etter busetnad og jordbruk, prøve å kartleggje dei lokalklimatologiske forholda for jordbruk og sjå nærmare på vegtasjonshistoriske tilhøve i området.

Sjølv om det såleis var teke høgde for gravfunn ved undersøkinga, var det uventa at ein skulle gjere så omfattande og særprega funn (jf. kap. 7, 8 og 10).

3 Kort skildring av området før undersøkinga tok til

Det aktuelle arealet ligg på eit høgdedrag (ca 40-45 moh) sør om det oppdemde vatnet Stemmen. Området er tilnærma flatt i aust og fell så slakt nedover mot nord og nordvest, mot sjølve Stemmen og søkket der Frøylandsbekken renn frå Stemmen mot utløpsosen i Frøylandsvatnet. Høgdedraget var dyrka mark, med ei graskledt og tuete markoverflate. Det var ikkje mogleg å sjå spor etter verken faste kulturminne (som t.d. restar av gravhaugen "Helliesen nr. 23") eller sjaktene frå RFK si undersøking i 2004. I sør grensa undersøkingsområdet mot Frøylandsvegen, på motsett side av denne vegen låg eit område med bustadhus. Gardstunet var dryge 100 meter unna, i søraust. Det var vidt utsyn mot både aust, vest og nord.



Figur 4 Del av undersøkingsområdet ved oppstarten av flateavdekkinga. Utsyn mot NNV.

4 Tidsrom og deltakarar

4.1 Tidsrom

Feltarbeidet knytt til utgravinga fann stad i periodane 11.12.06 - 22.12.06 og 02.01.07 - 14.02.07. Deretter har det på ulike tidspunkt gått føre seg etterarbeid (som t.d. flotering av jordprøver, handsaming av funn v/ konservator, katalogisering av funn) og utforming av endeleg rapport.

4.2 Deltakarar

Utgravinga vart gjort i regi av AmS, med Olle Hemdorff som prosjektleiar. Feltmannskapet var Even Bjørdal (feltleiar I), Ann Katrine Sivertsen (feltleiar II), Angunn Skeiseid, Sikke Viste og Jan

Berge. Jan Berge var med i perioden 04.01.07 - 19.01.07. Risa A/S stilte med maskinførarane Einar Håland og Thomas Ingebrigtsen.

Flotering vart utført av Angunn Skeiseid, konservator Hege Hollund har hatt ansvar for konserveringsarbeidet knytt til funnmaterialet, og Even Bjørdal har gjort katalogisering og pakking av funnmaterialet og skrive rapporten.



Figur 5 Undervegs i flateavdekkinga. Midt i bildet ser ein den delvis tomme maskintraséen. Mot NNV.

4.3 Gjennomføring, vértilhøve og tidsbruk

Feltarbeidet i perioden 11.12.06 - 22.12.06 var dominert av maskinell flateavdekking. Ein skrapte av matjordlaget med gravemaskina og reinsa så manuelt av den øvste delen av undergrunnen på leit etter forhistoriske anleggsspor. Det vart teke i bruk ein traktor med tilhengar for å køyre matjordmasse ut av feltet, massa vart lagt i dungar lenger aust på høgdedraget. Flateavdekkinga tok utgangspunkt i det arealet vest i planområdet der det var funnførande søkesjakter ved RFK si registrering i 2004 (dvs. sjakt 2, 3 og 4; jf. Vedlegg 16). Ein flateavdekka frå vest mot aust, målet var å opne eit samanhengande område frå omlag RFK sjakt 2 - sjakt 6. Fleire stadar støytte ein på spor etter søkesjaktene (t.d. galvaniserte spiker, små plastposar, skuffebreie kutt ned i undergrunnsmasse). Ein valde å ikkje bruke tid på å identifisere anleggsspor i høve til dei som var påvist ved registringa, men heller starte "med blanke ark". Anleggsspora vart fortløpande markert og reinsa grovt fram. På grunn av ein del oppstartsproblem ved bruken av totalstasjon (jf. 5.2.5), kom ikkje digital innmåling i gong for alvor før fredag 22.12.06.



Figur 6 Sikke Viste reinsar fram anleggsspor

Før starten på juleferien var det avdekket eit samanhengande areal på rundt 2000m² og påvist fleire titals anleggsspor (stolpehol, kokegroper og udefinerte nedgravingar). I sørvest innan undersøkingsområdet fanst det fleire store, jordfaste steinar. Her var det og ein heil del mørke groper med relativt laus, mørk humushaldig masse, dette var etter alt å døme spor etter steinopptrekk. Lengst aust i det opne arealet støyte ein på ei ca fire meter brei sjakt som skar seg over ein halv meter ned i undergrunnen. Først trudde ein dette var sjakt 6 frå registreringsøket, men dette høvde slett ikkje med djupna. Etterkvart fekk ein informasjon frå lokalpersonar om at sjakta her i røynda var restar etter ein trasé laga i samband med maskingraving nærmare Stemmen på 1980-talet. Traséen skar seg tvers gjennom undersøkingsfeltet (jf. Vedlegg 8), men hadde heldigvis ikkje øydelagt nokon av dei fire gravene som seinare vart påvist på høgdedraget.

Tysdag 02.01.07 var utgravinga i gong att på Frøyland. Etter eit par timars flateavdekking støyte ein på ei avlang, mørk nedgraving i undergrunnsmassa. I samband med denne låg det fleire korroderte naglar. Maskina vart stoppa og arkeologane såg nøye over området. Ein fann her både ei så godt som intakt likearma spenne av bronse og delar av ei ovalspenne av bronse. Ved sålding av noko masse maskina hadde skrapa av nedgravinga, dukka det mellom anna opp eit spinnehjul og ei perle. Struktura vart tolka som ei båtgrav der den avlidne var ei kvinne. Etter denne påvisninga av ein sikker gravstruktur, gjekk feltarbeidarane og prosjektleiar Hemdorff grundig over samtlege større nedgravingar og steinsamlingar på feltet. Dette resulterte i at tre andre strukturar vart markerte som moglege graver: ved nærmare framreinsing hadde to av dei korroderte naglar/spiker, og den tredje hadde ei uvanleg tett steinpakning. Det skulle i løpet av prosjektet vise seg at dette faktisk var gravstrukturar; to barnegraver og ei båtgrav med mannsutstyr.



Figur 7 Det første glimtet av kvinnegrava. Mot VNV.

I perioden 02.01.07 - 22.01.07 blei det jobba med ytterlegare flateavdekking og med å sålde masse frå ein stor dunge matjord som maskina hadde skrapa av på/ved kvinnegrava. Flateavdekkinga heldt fram noko mot nord og aust på høgdedraget. Det syntest mest sannsynleg at Helliesen sin haug nr. 23 hadde lege her på toppen, i nærleiken av dei fire påviste gravene. Ein fjerna matjordlaget frå det høgste punktet og eit stykke nedover hellinga mot Stemmen, først og fremst for å avklare om det kunne vere flatmarksgraver her. Ein fann verken fleire slike strukturar eller spor etter "Helliesen nr 23". Undersøkningsområdet vart utvida i ca 30 meters lengde aust for den omtala maskintraséen frå 1980-talet. Det dukka opp ein del stolpehol og kokegroper, men ikkje noko som kunne tolkast som huskonstruksjonar. Av ressursmessige årsaker valde ein difor å avslutte flateavdekkinga, etter å ha opna eit samanhengande areal på i alt ca 3400m². Parallelt med det andre feltarbeidet, vart det utført framreinsing av anleggsspor og innmåling av desse med totalstasjon (jf. 5.1, 5.2.5).

Frå måndag 22.01.07 av starta arbeidet med å grave ut og dokumentere båtgrava med mannsutstyr (S 12294, Intrasis Id 492). På overflata av denne avlange strukturen var det ved framreinsinga funne fleire naglar og fragment av ein spydfal (jf. 6.1.2, 7.2.2, Vedlegg 10). Grunna dei varierende vértilhøva, blei det sett opp eit telt over grava. Sjølv om det var noko trangt, gjekk det problemfritt både å etablere eit lokalt målesystem for teikning og å jobbe tre personar samstundes. Ein valde å ikkje bruke totalstasjonen til å måle inn detaljert kvart funn, det blei vurdert som ein for krevjande prosess på grunn av teltet. Funna vart i staden plotta inn for hand på planteikningar (jf. Vedlegg 6). I byrjinga opererte ein med to tverrprofilar, men etter råd frå prosjektleiar valde ein å setje att berre ein slik profilbalke. Avtrykket etter båten var tydeleg mot den lysare undergrunssanden rundt, så det gjekk greitt å sjå avgrensinga til strukturen. Fyllmassa

av mørk brun/brun humushaldig sand blei grave ut i høve til sålderuter på 50 cm x 50 cm. Mesteparten av funna blei gjort ved sjøve gravinga, det var få gjenstandar som hamna i såldebøttene. Konservator Geir Magnussen tok ut to preparat. Undersøkinga av mannsgrava var ferdig fredag 26.01.07, ein avslutta med å teikne og grave ut tverrprofilen. Teltet blei så flytta over til kvinnegrava slik at utgraving etterkvart kunne ta til der.

Båtgrava med kvinneutstyr (S 12295, Intrasisld 2920) var dårleg bevart på grunn av moderne pløying og flateavdekkingsprosessen (jf. Vedlegg 10). Det tok såleis ikkje lang tid å grave ut og dokumentere restane av gravstrukturen, to personar utførte dette i løpet av eit par dagar (06.02.07, 09.02.07). Framgangsmåten var den same som ved mannsgrava; planteikning i høve til lokalt målesystem, plotting av funn på teikninga, bruk av ein tverrprofil, og sålding av masse i høve til 50 cm x 50 cm ruter. Sidan den mørk brune / brune fyllmassa berre var nokre cm djup, blei det teke avgjerd om at profilen kun skulle fotograferast, ikkje teiknast. Fleire fragment av ovalspenner av bronse blei oppdaga ved hjelp av metalldetektor (jf. nedanfor), men det store fleirtalet av funna frå denne grava vart gjort ved sålding av matjordslaget (jf. nedanfor). Trass i at gravstrukturen var så skadd, vart det også gjort ein heil del gjenstandsfunn in situ (jf. 6.1.2, 7.2.3).

Tysdag 30.01.07 blei den minste av dei to barnegravene (S 12293, Intrasisld 447) undersøkt og dokumentert av prosjektleiar Hemdorff (jf. Vedlegg 10). Den rektangulære, grunne og smålåtne strukturen inneheldt mellom anna restane av ein liten sigd (jf. 6.1.2, 7.2.1).

Den største barnegrava (S 12296, Intrasisld 1081) var etter flateavdekkinga synleg som ei rektangulær og relativt lita, men kompakt, steinsamling (jf. Vedlegg 10). Ho vart graven ut av eit par personar over to dagar (31.01.07 - 01.02.07). Strukturen låg i eit område med fleire groper frå steinopptrekk og nokre større groper med steinar og matjord (truleg yngre nedgravingar/forstyrningar). Denne konteksten gjorde at ein i starten ikkje visste om S12296 verkeleg var ei flatmarksgrav. Usikkerheita rundt dette og generelt tidspress så seint i prosjektet, gjorde at ein valde å ikkje detaljteikne kvar enkelt av dei mange ca 5-10 cm x 5-10 cm store rundsteinane. Det blei i staden gjort ei grovare skisse og teke mange foto av den framreinsa steinsamlinga. Deretter vart steinane fjerna frå den eine halvdelan av strukturen. I den kompakte fyllmassa under kom det til syne eit korrodert jernfragment. Dette var ein indikasjon på at det faktisk var ei grav, og resten av steinsamlinga blei teken bort. Det dukka opp fleire korroderte gjenstandar under steinane, og ein valde å vente med vidare utgraving slik at ein konservator kunne vere til stades. Dagen etter var konservator Geir Magnussen med på feltet, og han tok ut ein svært skjør sigd i gipspreparat. Deretter vart strukturen graven ut og dokumentert ferdig, det blei laga ei planteikning av fyllmassa og gjenstandsfunna der (jf. Vedlegg 6).

I perioden måndag 05.02.07 - fredag 09.02.07 jobba samtlege feltarbeidarar med å undersøkje og dokumentere anleggsspor som stolpehol og kokegroper. Mesteparten av tida vart nytta på stolpehol som kunne knytast til toskipa langhus som låg omlag sju meter vest om mannsgrava. Ein forstod raskt at det var snakk om fleire bygningsfasar. Det lét seg gjere å skilje ut to hus/to fasar av ein bygning (Hus 1 og 2), desse låg på tilnærma same stad. Det var klare fellestrekk når det galdt orientering og breidde, men det var rundt seks meter forskjell i lengda (ca 13,5m for Hus 1 og ca 19,4m for Hus 2). Ein stor, jordfast stein låg slik til at han ville ha vore inne i

både det korte og det lange huset. Det var ingen eldstadar inne i huskonstruksjonane, derimot fanst det fire groper med humushaldig masse. Det er uavklart kva funksjon desse gropene har hatt, og om dei var samtidige med nokon av husa. Av ca 150 påviste stolpehol frå undersøkinga, kan 108 knytast til husområdet. Eit utval av stolpehola frå husa vart snitta og makrofossilprøver blei teke ut. Desse prøvene har gjeve ei rikeleg mengde av forkola korn, noko som klart viser at det var jordbrukarar som heldt til her (jf. 10.2).

Omlag 80 meter aust om det arkeologiske undersøkingsområdet, plasserte Risa A/S ein del arbeidsbrakker. I samband med planering for desse, oppdaga gravemaskinføraren 22.01.07 eit par strukturar med brent masse under matjordslaget. Dei to moglege anleggsspora vart reinsa fram, målt inn og deretter snitta. Den eine er tolka som ei mogleg kokegrop, medan den andre verkar meir som ein bålrest (klar likskap i innhald med eldstad/bålrest 998 som er 14C-datert til yngre enn AD1955). Det avdekkja arealet i samband med desse to strukturane (ca 300m²) vart målt inn som eit eige område (jf. Vedlegg 8a). Utgravinga omfatta såleis eit hovudundersøkingsområde og eit mindre, grovt undersøkt areal lenger aust.

I samband med gravstrukturane, vart det utført eit omfattande arbeid med sålding av masse. Denne såldinga føregjekk ved to portable såldebord som var sett opp like søraust for feltet, like ved arbeidsbrakka. Særleg tidkrevjande var sålding frå matjordslaget i nærleiken av kvinnegrava. Masse frå ein stor dunge (skapt av maskina ved dumping av avskrappt matjord) og frå matjordslaget elles, blei spadd opp i bøtter og deretter undersøkt ved vatnsålding. Dette arbeidet gav ei stor mengde gjenstandsfunn, særleg gledeleg var det å finne vakre glasperler. På eit tidspunkt fraus vatnet til slik at sålding måtte utsetjast i nokre dagar, men jamnt over gjekk såldeprosessen problemfritt.



Figur 8 Angunn Skeiseid og Jan Berge finn perler ved sålding

Samarbeidet med Rygene Detektorklubb var svært nyttig. Den 03.01.07, dagen etter funnet av kvinnegrava, var John Kvanli på plass og søkte over både dungen med avskrapa matjord og dei

andre moglege gravstrukturane. Det var fleire stadar klare utslag som gav funn av mellom anna naglar av jern. Laurdag 06.01.07 var Kvanli og detektorkollega Morten Eek tilbake saman med arkeologar og pressefolk. Presenningen over kvinnegrava vart teken av, og det gjekk ikkje lenge før ein fekk utslag på ovalspennefragment av bronse og ymse naglar og spiker frå båten.



Figur 9 John Kvanli frå detektorklubben i aksjon på dungen ved kvinnegrava

Utgravinga føregjekk i vintarmånadane desember - februar. Før prosjektet tok til, var ein spent på kva effekt mangelen på godt dagslys og værforholda ville ha for progresjon og fagleg kvalitet på arbeidet. Sjølv om det var innslag av minusgrader og snø i januar og februar, gjorde bruken av termodressar og andre varme klede at feltarbeidarane ikkje fekk særleg problem med kulda på kroppen. Det var ei større ulempe at minusgradene gav frost i bakken ved undersøkinga i februar av anleggsspor knytt til dei toskipa husa. Sjølv om ein dekkta til området med isolerande matter, blei bakken hard og vanskeleg å grave i når ein skulle snitte stolpehol. Den snøen som kom, forsvann heldigvis ganske fort, så det gjekk for det meste greit å finne att anleggsspora. I desember og delar av januar var det brukbart arbeidslys stort sett berre mellom kl 9 og kl 15.



Figur 10 Tidleg vintardag på feltet. Teltet står over mannsgrava. Mot Ø.

5 Metode

5.1 Graveteknisk metode

Den arkeologiske utgravinga blei gjennomført både ved maskinkraft og graving for hand. Hovudundersøkningsområdet vart opna ved at grastorv og matjord blei skrapa bort, slik at undergrunnsmasse kom til syne.

Ein slik flateavdekkingsprosess er eit samarbeid mellom gravemaskinførar og feltarbeidarar; maskina fjernar det meste av torv og jord, medan arkeologane ved hjelp av krafse og graveskei grovreinsar fram det som kjem til syne av moglege restar av forhistoriske strukturar. Det vert sett ned markørar (pinnar/spikar) for kvar enkelt anleggsspor. Ofte er fyllet i anleggsspora (som stolpehol og kokegroper) mørkare og av ein annan konsistens enn den naturskapte undergrunnsmassa på staden. Neste steg er å reinse betre fram, typedefinere og måle inn anleggsspora. Dette gjev eit oversyn over kva som finst på feltet, noko som er utgangspunkt for å vurdere strategi for vidare graving og dokumentasjon.

Sidan det ikkje var tid og ressursar nok til å undersøkje alt, vart eit antal anleggsspor valt ut for utgraving, teikning og fotografering (jf. 5.2). Ein valde å prioritere gravstrukturane, anleggsspor som kunne knytast til toskipa hus, og nokre kokegroper/eldstadar for å få eit materiale til 14C-datering.

Stolpehol, groper, kokegroper og eldstadar vart undersøkt nærmare ved snitting. For å framskaffe meir informasjon om innhald og utforming og for å ta ut makrofossil - eller kolprøver (jf. 5.2.), blei halvdelen av kvart anleggsspor grave bort saman med noko av den tilgrensande undergrunnsmassa. Slik fekk ein eit profilsnitt gjennom midten av objektet som viste dei bevarte forholda frå øvst til nedst. Sjølvve graveprosessen vart her utført med graveskei.

Dei fire gravstrukturane blei undersøkt og dokumentert særleg nøye. Metodikken når det galdt dei to båtgravene (Kvinnegrava: S 12295/Intrasisld 2920, Mannsgrava: S 12294/Intrasisld 492) var som følgjer:

- Først ei grundig framreinsing av overflata av strukturen. Det var viktig å få klarlagt ytterkant / avgrensing mot undergrunnsmasse.
- Ein 10 cm brei profilbalke vart markert med spiker og/eller snor. Denne blei ståande urørt undervegs i gravinga. Slik fekk ein betre innsyn i dei vertikale tilhøva i gravfyllet.
- Strukturen vart så formgraven med graveskei, ein grov ut fyllmassa medan ein samla inn funn og dokumenterte tilhøva ved hjelp av foto og teikning. All fyllmassa vart graven ut i høve til 50 cm x 50 cm store ruter og deretter vatnsålde. I mannsgrava vart det bevart ei samling steinar i midten av strukturen. Ein valde å grave ut dei to endane av båten først og denne midtdelen til slutt. Ein grov *ikkje* kvar sålderute heilt til botnen før ein så starta på neste; det vart derimot lagt vekt på å senke nivået på fyllmassa gradvis i alle rutene innan kvar av dei tre hovuddelane. I kvinnegrava var det ingen slik steinsamling, og ho vart i hovudsak graven ut i to delar (med sålderuter), ein for kvar side av tverrprofilen.

- I mannsgrava vart det teke ut to preparat; konservator og arkeologar samarbeidde om å grave rundt, gipse inn og løfte ut desse. I ettertid har desse ”kapslane” med gjenstandar og fyllmasse blitt grave ut på konserveringsavdelinga hos AmS.
- Tverrprofilen vart dokumentert og så graven ut. For mannsgrava sin del blei han både teikna og fotografert, hos kvinnegrava var han så låg og utflytande at ein valde å nøye seg med fotodokumentasjon.



Figur 11 Frå undersøkinga av mannsgrava. Mot NNV.

Den minste barnegrava (S 12293, Intraslid 447) var ein liten og grunn struktur, på det meste opptil 5 cm djup. Grava blei undersøkt ved formgraving med graveskei, utan bruk av tverrprofil. Funna blei samla inn, posisjonen deira vart plotta inn på planteikninga. Massa vart vatnsålta, det blei ikkje nytta ruteinndeling.



Figur 12 Foto som viser lokaliseringa av tre av gravene: nærmast den største barnegrava, i midten (liten firkant) den vesle barnegrava og under den gule vintarmatta låg mannsgrava. Mot N.

Den største barnegrava (S 12296, Intrasisld 1081) hadde ei kompakt steinpakning øvst i grava (jf. kap. 4.3). Etter framreinsing og foto, vart steinane tekne bort slik at sjølve gravfyllet kom til syne. Det blei ikkje nytta noko fast tverrprofil. Men ein fekk innsyn i dei vertikale tilhøva ved at steinane blei fjerna og overflata av gravfyllet reinsa fram først på den eine halvdel, deretter på den andre. Gravfyllet blei så formgrave som ei eining, og funn samla inn og plotta på planteikning. Det blei teke ut eit preparat. Massa vart vatnsålda, det blei ikkje nytta ruteinndeling. Ei makrofossilprøve vart teke ut av gravfyllet i den vestre enden av strukturen.

5.2 Dokumentasjon

5.2.1 Teikningar og anleggsskjema

Alle gravstrukturane blei teikna i plan, for mannsgrava vart det også laga ei profildeikning. Alle originalteikningane er i målestokk 1:10 (jf. Vedlegg 6). Antal originalteikningar per struktur er som følger: den minste barnegrava (1 stk), den største barnegrava (2 stk), kvinnegrava (1 stk) og mannsgrava (3 stk i plan + 1 stk i profil).

Berre dei anleggsspora som vart valde ut for snitting, vart dokumentert nærmare ved teikning og/eller foto. Målsetnaden var at alle snitta strukturar skulle både fotograferast og teiknast i plan og profil, og dette blei overhalde gjennom størsteparten av utgravinga. Den siste dagen i felt (12.02.07) valde feltleiar Bjørdal å gjere ein avsluttande innsats ved å snitte så mange som råd av dei enno ikkje undersøkte stolpehola knytt til dei toskipa husa. Tidspress og svinnande dagslys gjorde at ein tok avgjerd om å kun fotodokumentere desse anleggsspora i plan og profil. Ved å ikkje bruke tid på detaljerte skisser, vart det mogleg å snitte eit større antal stolpehol. I tillegg finst det nokre døme på stolpehol som er teikna i plan og profil, men der foto ikkje er teke.

Informasjon om det enkelte undersøkte anleggssporet sin storleik, utforming og innhald vart ført på eigne, standardiserte skjema ("anleggsskjema"). Slike ark omfatta også teikningar i plan og profil i målestokk 1:10 eller 1:20. Somme relativt store anleggsspor blei i staden teikna på teiknefolie (A3-format).

5.2.2 Fotografering

Det blei teke eit stort antal digitale foto i løpet av utgravingsprosjektet. Ein dokumenterte mellom anna lokaliseringa av feltet i terrenget og i høve til omgjevnadane, dei ulike prosessane i feltarbeidet, og utvalde anleggsspor i plan og profil. Det var klare rutiner på at fotografering var ein del av arbeidsoppgåvene knytt til utfylling av anleggsskjema for undersøkte strukturar. Såleis var alle feltarbeidarane involvert i fotodokumentering, kvar enkelt hadde ansvar for å ta bilete av tilhøva i det anleggssporet ein jobba med. Det vart lagt vekt på å jamnleg ta oversynsfoto av feltet; ein nytta ikkje nokon form for stige eller heisekran, det vart vurdert som godt nok å bruke dei store jordhaugane like ved feltet som "fotoplattformer". Gravstrukturane vart omfattande fotografert, frå ei mengde vinklar og avstandar. Snø og frost i bakken gjorde det dessverre vanskeleg å få tilfredsstillande oversynsbilete av dei toskipa husa. Tidspress mot slutten av utgravinga medførte også at ein valde å heller bruke tid på å snitte stolpehol enn å prøve å koste / reinse fram heile husstrukturane for foto. Dette innebér at det er resultatet frå innmålinga med totalstasjon som gjev

den klart beste dokumentasjonen av utforminga og storleiken til dei toskipa husa. Som nemnt i 5.2.1, vart somme anleggsspor dokumentert berre ved hjelp av foto og skriftlege notatar på anleggsskjema. I tillegg blei det teke ein del foto i samband med hendingar som besøk av skuleklassar, presse og lokale interesserte. Fotolista (jf. Vedlegg 1) inneheld 162 utvalde bilete frå utgravingsprosjektet.

5.2.3 Om naturvitskapelege prøver og analyser og om konservering av gjenstandar

I løpet av undersøkinga vart det henta ut prøvemateriale for naturvitskapeleg gransking frå utvalde anleggsspor (jf. Vedlegg 13a). For å unngå forureining frå andre kjelder, tok ein prøvene frå fyllmasse som låg eit stykke under den framreinsa overflata på strukturen. Frå kokegroper og eldstadar/bålrestar blei det teke ut trekol som kunne fungere som analysemateriale for 14C-dateringar. Ved snitting av anleggsspor som stolpehol og groper i samband med dei toskipa husa, vart henta ut eit omfattande antal makrofossilprøver. Boksane med makrofossilprøver vart frakta til AmS, der dei gjennomgikk flotering og vidare analyse av innhaldet. Floteringa vart utført av feltarkeolog Angunn Skeiseid, medan forskningsteknikar Jon E. Amundsen har stått for analyseringa. I nokre av prøvene frå stolpehola var det over hundre forkola eksemplar av kornsorten naken bygg (jf. Vedlegg 13a). Dette indikerer klart ei jordbrukande busetnad her. Sidan slike korn jo kjem frå eittårige plantar, høver dei også særleg godt som grunnlag for 14C-datering. Vurderinga av alderen til dei toskipa langhusa er basert på åtte 14C-dateringar av nettopp forkola korn frå stolpehol (jf. Vedlegg 13c).

Sverre Bakkevig og Jon E. Amundsen frå AmS tok ved eitt høve ut eit antal jordprøver (boreprøver) for fosfatanalyse frå undergrunnsmasse frå under den største barnegrava (S 12296) på Frøyland. Målsetnaden var å undersøkje om det fanst særleg høge verdiar i bakken her i forhold til normalverdiane målt i jordsmonn i nærleiken av feltet. Resultata frå eit areal i sentrum av lokaliteten gav noko større verdiar av fosfat enn i referanseområdet utanfor. Analyserapporten konkluderar med at det har skjedd menneskeleg aktivitet som har påverka fosfatinnhaldet. Men spora er såpass svake at det truleg dreier seg om ein eller nokre få hendingar, ikkje omfattande aktivitet over tid som frå eit tun på ein gard (jf. Vedlegg 13d).

I samband med konservering og katalogisering av gjenstandsmaterialet frå gravene, har det blitt utført ein del naturvitskapelege analyser. Jon E. Amundsen ved AmS har undersøkt mineralisert treverk frå utvalde gjenstandar for å om mogleg finne ut kva vedartar som har blitt brukt i til dømes skaft og båtar (jf. Vedlegg 13b). Han har også ved hjelp av utstyr ved Universitetet i Stavanger gjort såkalla SEM-analyse (SEM: sveipe-elektronmikroskop) av små fragment frå mellom anna ovalspennene (jf. 7.2, Vedlegg 4 og 5). Slik analyse kan gje bilete forstørra opp fleire hundre tusen gongar, noko som ofte gjev auka informasjon om materiale som mineraliserte tekstilar og metallbelegg. I tillegg til dette, har konservator Hege Hollund ved AmS gjort eit omfattande arbeid med framreinsing, undersøking og konservering av gjenstandane frå Frøyland.

5.2.4 Funn

I samband med utgravinga vart det gjort eit omfattande antal funn. Materialet (aksesjonsnr. 2006/74) er fordelt på seks museumsnummer: S 12293 (den minste barnegrava), S 12294 (mannsgrava; båtgrav), S 12295 (kvinnegrava; båtgrav), S 12296 (den største barnegrava), S 12297 (toskipa hus) og S 12298 (øvrige funn; lausfunn).

Det vart undervegs delt ut 221 funn-nummer (fnr.) for funn (desse inkluderar: 556 gjenstandsfragment og eit antal posar med materiale som brent bein, brent organisk materiale, trekol og slag, jf. Vedlegg 4) og 56 fnr. for naturvitskapelege prøver (makrofossilprøver og større trekolprøver frå snitting av anleggsspor, jf. Vedlegg 13a). Nokre fnr. knytt til gjenstandsmaterialet er blitt makulert etter nøyare vurdering i løpet av konservering og katalogisering. Funnmaterialet vert presentert nærmare i kapittel 7.

5.2.5 Innmåling

Ved undersøkinga vart det nytta digital innmåling ved bruk av ein Leica totalstasjon. Måledata frå denne blei så overført til dokumentasjonssystemet Intrasis (Intra - Site Information System). Ved hjelp av Intrasis, kan ein i feltsituasjonen mellom anna få resultat av digital innmåling opp som eit kart og lagre ulike former for dokumentasjon i ein database. Ein del av etterarbeidet knytt til utgravinga på Frøyland har handla om å jobbe med data lagra i Intrasis; til dømes er strukturlista og fleire av teikningane og karta i denne skriftlege rapporten basert på informasjon frå dette dokumentasjonssystemet.



Figur 13 Feltleiar Bjordal i sving med totalstasjonen ved toskipa hus. Mot VNV.

Undervegs i prosjektet var det ein del utfordringar med å få totalstasjonen til å fungere tilfredsstillande: til dømes plasseringa av fikspunkt i terrenget i høve til siktliner til feltet, krevjande vértilhøve som skodde, regn, vind og sludd, og rett og slett manglande erfaring i å bruke apparatet. Bruken av telt over båtgravene gjorde at ein vurderte det som for kronglete å skulle detaljinmåle funna in situ. Funna blei i staden plotta inn på planteikningar. Ved etterarbeidet har det blitt klart at det utan tvil ville ha vore ein fordel om også desse gjenstandsfunna hadde blitt

målt inn og såleis hamna i Intrasis-systemet. Særleg ville det vore interessant å hatt digitale måledata på spiker og naglar frå båten i mannsgrava, desse kunne mellom anna fungert som utgangspunkt for ein 3D-modell av farkosten.

Den ytre avgrensinga til dei fire gravene vart målt inn med totalstasjon. Den øvrige, detaljerte teiknedokumentasjonen vart så gjort for hand med blyant på teiknefolie. Det vart sett ut eit lite, lokalt målesystem for kvar grav i samband med dette. Desse teikningane vart relatert til den digitale innmålinga ved at eit antal punkt like i nærleiken av strukturane både blei plotta inn på teikningane og målt inn som referansepunkt med totalstasjonen. Dette gjer det mogleg å knyte saman oversynet over den ytre avgrensinga i Intrasis med detaljane på teikningane.

6 Om stratigrafi og kjeldekritiske aspekt

6.1 Stratigrafiske tilhøve og funnfordeling

6.1.1 Generelle trekk ved hovudundersøkningsområdet

Det undersøkte området låg på eit graskledd høgdedrag med dyrka mark. Torv- og matjordlaget var ca 20 - ca 40 cm djupt innan feltet. Den naturskapte undergrunnsmassa på staden var finkorna sand/silt, med enkelte innslag av småstein. I området lengst S-SV, mot Frøylandsvegen, var det ein del større jordfaste steinar og steinopptrekk. Nokre større groper med mørk, humushaldig masse og steinar av varierende storleik kan ha vore frå steinopptrekk eller ei form for nyare tids forstyrring; den eine av desse gropene låg rett S om dei toskipa husa og kan ha fjerna veggstolpar i gavlen her.

Som nemnt i kap. 4.3, gjekk det ei brei grøft tvers gjennom feltet (jf. Vedlegg 8a). Grøfta skar seg ca 50 - ca 100 cm ned i undergrunnen, og var fylt med humushaldig masse frå matjordlaget og ein del moderne søppel. Grøfta vart tømde på ei omlag 28 meter lang strekning frå feltavgrensinga i S til like ved kvinngrava. Det kom etterkvart for ein dag at ho var graven ut på 1980-talet for å fungere som ein stabil trasé for ferdsel med gravemaskin frå Frøylandsvegen ned mot eit område nærmare Stemmen i N. Etter å ha avdekkja heile traséen innan hovudundersøkningsområdet, blei den tømde delen fylt att med pukastein for å fungere som transportveg i samband med uttak av såldemasse ved kvinnegrava.

6.1.2 Gravene: om stratigrafi og funnfordeling

Den minste barnegrava (S 12293) vart påvist som ei lita, svakt rektangulær nedgraving med nokre spreidde steinar og enkelte jernfragment synleg på overflata. Denne grava hadde såleis ikkje ei bevart steinpakning av det slaget som den noko større barnegrava S 12296 i nærleiken (jf. nedanfor). Det kan ikkje utelukkast at S 12293 opprinneleg har hatt ei form for dekkjande steinpakning som har blitt øydelagt av til dømes moderne pløying og flateavdekkinga, men dette er uavklart. Denne grava var ein grunn struktur, fyllmassa var på det djupaste max. 5 cm frå topp til botn. Massa var ei gråbrun, speitta blanding av sand, grus og mold.

I denne grava blei det i fyllmassa funne: ein tilnærma komplett, liten (miniatyr?) jernsigd med tange og tre fragment frå spikar/nagle av jern med restar av mineralisert treverk. Sigden låg om lag midt i gravstrukturen, medan spikar/nagle - fragmenta vart påvist meir mot ytterkantane av fyllmassa (med hovud opp). Fragmenta av spikar/nagle er for få til å kunne ha halde saman eit skrin/ei lita kiste, moglegvis er dei lagt ned som symbolsk representasjon.

Mannsgrava: båtgrav (S 12294) framstod etter flateavdekkinga som ei avlang, mørk nedgraving med ei samling steinar i midten. Steinane låg i sjølve fyllmassa. Det vart gjort funn av ulike typar båtsaum (spiker og naglar) både mellom og under steinane. I endane av båtstrukturen var det ikkje slike steinar, også her traff ein på båtsaum frå øvst til nedst i massa. Det er ikkje uvanleg at båtar som har blitt nytta i gravkontekst, har blitt fylt med steinar på dette viset (jf. m.a. Gjerpe 2005: 27). Profilsnittet (jf. Vedlegg 12) syner ein situasjon der den mørkaste og tydeligaste delen av fyllmassa strekte seg langs midtaksen av strukturen, dette fyllet var på det meste ca 12 cm djupt. Jamnt over var det snakk om ei djupne på berre 5-10 cm. Fyllet var her mørk brun masse med høgt innhald av nedbroten, organisk masse (frå båten og gravfyllet). Ein ser at båtforma med slakt buande sider er bevart i fyllet. Mot ytterkantane av nedgravinga var det eit lysare, gråbrunt fyll med noko høgare sandinnhald som ein overgang mot den lyse undergrunnen med sand og silt. Strukturen vart formgrave og tilhøva dokumentert på planteikningar. Men sidan alle funna gjort in situ blei plotta på den same planteikninga og ikkje målt inn med totalstasjonen, har ein dessverre ikkje oppnådd så god dokumentasjon av z-verdiane til funna (dvs. plassering i høgda/djupna).



Figur 14 Mannsgrava sett mot SØ.



Figur 15 Mannsgrava sett mot NNV.

I denne grava blei det i fyllmassa funne: ein fragmentert spydspiss av jern, ein liten, fragmentert jernkniv med restar av treskaft, eit tilnærma komplett bryne av skifer, fem jernfragment som kan stamme frå eit skrin/ei kiste, 81 naglar/fragment av naglar og av naglar/spikrar av jern (truleg frå

båten), åtte fragment frå truleg spikrar av jern, 30 fragment frå udefinerte jerngjenstandar og 11 fragment av mineralisert tekstil (frå tråd/tau?). Samtlege av gravgåvene som ikkje kan knytast til sjølve båtkonstruksjonen (dvs. spyd, kniv, bryne og fragment frå mogleg skrin/kiste), blei påvist rundt og under steinpakninga i den midtre delen av strukturen. Denne plasseringa kan høve med at desse gjenstandane var lagt ned på og inntil den avdøde i båten. Medan delar av spydet vart funne blant steinane ved den første framrensinga av strukturen, blei brynet påvist heilt nedst i fyllmassa, like over steril undergrunn. Det er uavklart om brynet opprinneleg var plassert i botnen av båten eller om det har forflytta seg ned hit i samband med dei ulike formasjonsprosessane som har vore i sving sidan gravlegginga. Med bakgrunn i tolking av plasseringa av båtsaum på planteikninga, er det utforma eit forslag som viser mogleg lokalisering av bordgangar i båten (jf. Vedlegg 12).

Kvinnegrava (båtgrav) (S 12295) vart oppdaga under flateavdekkinga som ei grunn, avlang nedgraving med fleire synlege gjenstandsfragment på overflata. Denne gravstrukturen var klart dårlegare bevart enn den andre båtgrava på feltet (jf. ovanfor). Tverrprofilen viste at fyllmassa si max djupne var på berre 2 cm. Truleg har både pløying og sjølve flateavdekkinga forstyrra grava. Som dei andre gravene på feltet, var heller ikkje denne synleg på markoverflata. Fyllmassa verkar her å ha lege rett under grastorvlaget.

Det vart gjort ei mengde funn i tilknytning til denne grava. Dei aller fleste av desse vart påvist i samband med vass-sålding av masse som var skrapa av området for gravkonteksten. Desse vert ikkje presentert nærmare i denne delen av rapporten. In situ i båten blei det i fyllmassa funne: eitt spinnehjul av kleber, tre moglege beslagfragment og sju fragment av små spikrar/stiftar (frå skrin/kiste?) og 15 fnr. knytt til ymse båtsaum. Trass i dei få in situ - funna, lét det seg truleg likevel gjere å vise til eit mønster i plasseringa av gravgåvene (jf. Vedlegg 11). Som hos båtgrava med mannsutstyr, var det også hos kvinnegrava slik at desse gjenstandane synest å vere plassert i den midtre delen av båten, truleg på og rundt den avlidne.



Figur 16 Dokumentasjon av kvinnegrava. Mot VNV.

Den største barnegrava (S 12296) var den gravstrukturen som var best bevart. Her hadde den dekkande steinpakninga verna innhaldet mot menneskeskapte forstyrringar (jf. Vedlegg 10). Men diverse formasjonsprosessar i jorda hadde også her tært på gravfyllet, dei fragmenterte jerngjenstandane var til dels svær korroderte. Steinpakninga var 5-10 cm tjukk og inneheldt ei kompakt samling av relativt små steinar (av nevestorleik og noko større). Desse steinane låg over og delvis nede i gravfyllet - ei masse av humushaldig sand, brun-mørk brun på farge. Fyllmassa var om lag 5 cm djup og skilde seg både i farge og konsistens (ganske kompakt og feit) frå den lysare undergrunnssanden i området.



Figur 17 Den største barnegrava: steinpakninga. Mot NNV.



Figur 18 Den største barnegrava: i fyllet. Mot NNV.

I denne grava blei det i fyllmassa funne: ein tilnærma komplett jernpilsiss med tange, ein godt bevart jernsigd med tange (synleg rett ovanfor målestokkpinnen på fig. 18), ein fragmentert, liten jernkniv med rest av treskaft, og sju gjenstandar/fragment frå stiftar/spikrar/naglar av jern - fleire av desse med restar av mineralisert treverk (anten lagt ned som symbolsk representasjon eller moglegvis restar etter eit skrin/lita kiste). Pilsiss, sigd og kniv vart påvist i eit område om lag midt i grava, noko forskuve mot den austre langsida av den rektangulære strukturen. Dessverre er ikkje stiftar/spikrar/naglar blitt plotta inn på planteikninga i felt (med unntak av spikarfragmentet F180). Men munnlege opplysningar i ettertid fortel at dei nok låg meir spreidd mot ytterkantane av gravfyllet, særleg mot den sørlege kortenden av grava.

6.1.3 Dei toskipa langhusa: om stratigrafi og funnfordeling

Det var ikkje bevart restar etter kulturlag i samband med Hus 1 eller Hus 2. Etter flateavdekkinga framstod bygningsstrukturane som eit antal stolpehol og groper skore ned i den lyse undergrunnssanden. Det er uavklart om det er Hus 1 eller Hus 2 som er eldst, 14C-dateringane gjev delvis overlappende resultat (jf. 8.5, Vedlegg 13c). Men lokaliseringa av stolpehola utelukkar at bygningane kan ha stått samstundes, det må ha vore skilde bruksfasar.

Generelt sett framstod stolpehola med ei mørkare fyllmasse enn den lyse undergrunnen. Innhaldet i desse strukturane var ei meir eller mindre utvaska blanding av humus og sand, med varierende innslag av trekol. Somme av dei minste veggstolpane var lite distinkte, det lyse fyllet skilde seg ikkje mykje frå undergrunnssanden. I enkelte av stolpehola var fyllmassa tydeleg mørkare og meir humushaldig i den øvre delen enn i den nedre. Det vart funne ein del steinar i tilknytning til nokre av stolpehola, men ikkje noko som framstod klart som skoning.



Figur 19 Stolpehol 2394 frå Hus 1 (til høgre) og 2407 frå Hus 2 (til venstre). Mot SSO.

Enkelte av stolpehola knytt til den minste bygningen Hus 1 verkar å ha lysare, meir utvaska fyllmasse enn stolpehol knytt til Hus 2, men dette kan jo henge delvis saman med at dimensjonane på anleggsspora er noko mindre i samband med Hus 1. I samband med veggstolpen 1844 tilhøyrande Hus 2, syner profildeikninga ein skilnad i fyllmassa som truleg viser til forskjellen mellom sjølve plasseringa av stolpen og nedgravinga for han. Somme av dei innmålte anleggsspora tilhøyrande Hus 2 viste seg ved snitting å vere attbrukte, dvs. at det hadde skjedd utskifting av den opprinnelege stolpen. Dette galdt både for takberande stolpar (1947, 2107 og 2753) og stolpar knytt til vegg (1348 og 1368). Særleg for 1947, 2107 og 2753 var det klare forskjellar i fyllmassa som indikerte stratigrafi. Anleggssporet 1947 knytt i Hus 2 har truleg omfatta i alt tre fasar av takberande stolpe (jf. Vedlegg 9f). Av desse tre (kalla 1947a, b, c) er fase a) klart den eldste, truleg etterfølgd av c) slik at b) er den yngste. Det nordlege takberande stolpeholet 2107 i Hus 2 har hatt to bruksfasar, a) og b), truleg er a) den eldste. Massa i b) er mørkare enn i a), og det ser ut som b) har kutta seg gjennom delar av a). Strukturen 2753 vart opprinneleg målt inn som ei grop. Det viste seg ved

snitting at denne gropa innheldt to tydelege, takberande stolpehol; 3015 knytt til Hus 1 og 3024 tilhøyrande Hus 2. I tillegg indikerer både forma på gropa og svake forskjellar i fyllmassa at det har vore ytterlegare ein fase av takberande stolpe knytt til Hus 2 her, like sør om den påviste 3024.

I samband med dei toskipa husa er det gjort funn av leirkarskår, flint og brent bein. Noko vart påvist i samband med gravinga i felt, anna har blitt funne ved flotering av makrofossilprøver frå snitta anleggsspor. Det viser seg at alle leirkarskåra og all flinten som kan knytast til toskipa hus, stammar frå Hus 2. Det flottaste funnet er ei smalflekk frå 2753. Det er ikkje registrert eit einaste skår eller flintfragment frå stolpehola tilhøyrande Hus 1. Når det gjeld brent bein, er biletet annleis; det er funne slike beinbitar i anleggsspor tilhøyrande begge husa. Sidan berre eit lite utval av anleggsspora vart snitta og teke makrofossilprøve frå, er det vanskeleg å seie noko om eit eventuelt mønster i funnspreiinga, som til dømes mellom takberande stolpar og veggstolpar (jf. 6.2).

6.1.4 Øvrige strukturar og funn på det undersøkte arealet

Det blei påvist ein del anleggsspor på feltet som det ikkje vart prioritert å undersøkje nærmare. Dette var spreidde stolpehol som ikkje syntest å kunne tolkast til tydeleg huskonstruksjon og nokre groper og kokegroper/eldstadar. Samtlege var synlege som mørke nedgravingar i den lyse undergrunnen. I løpet av flateavdekkinga vart det gjort ein del lausfunn, dvs. gjenstandar/fragment som kom frå ein uavklart kontekst. Desse er samla under museumsnr. S 12298 (jf. Vedlegg 5). Det mest særprega og spennande av lausfunna er F3; ein mogleg (atypisk) sigd av høgkvalitetsflint som vart funnen inntil ein relativt stor, jordfast stein (3070). Denne steinen låg nokre meter sør om den største barnegrava og knappe 10 meter søraust om den sørlege gavlen til Hus 1 og 2.

6.2 Kjeldekritiske aspekt knytt til utgravinga

Det hadde vore ein fordel å fått målt inn og undersøkt samtlege av anleggsspora som vart påtruffe ved flateavdekkinga. Dette blei ikkje mogleg å gjennomføre på grunn av tidspress og til dels vanskelege vértilhøve med frost og snø. Ein avgjorde difor at fokuset skulle rettast mot gravene og dei anleggsspora som klart kunne knytast til bygningar. Dei aller fleste anleggsspora vart som ein minstestandard iallfall målt inn med totalstasjonen. Unntaket var nokre spreidde stolpehol mellom dei toskipa husa og gravene, desse anleggsspora var for frosne og dekte av snø til at dei blei dokumentert. Men visuell inspeksjon av dei tidlegare under opprensingsfasen, gav inntrykk av at dei ikkje kunne tolkast som tilhøyrande ein eller fleire bygningar på staden. Det er såleis lite truleg at særleg mykje viktig informasjon om busetnaden her har gått tapt ved den manglande dokumentasjonen av desse.

Det er uavklart kva som vart øydelagt av forhistoriske spor ved konstruksjonen på 1980-talet av den maskintraséen som skar seg tvers gjennom utgravingsfeltet. Det er sjølvsagt uheldig at ein såpass omfattande del av det sentrale området av feltet var øydelagt.

Det kanskje mest negative momentet ved utføringa av undersøkinga, er at flateavdekkinga med maskin fekk ein ganske brutal innverknad på fleire av gravene (jf. 6.1). Ein var ikkje godt nok budd på at gravene kunne liggje så rett under grastorva og at gravgåvene var i pløyselaget. Difor

skrapa maskina vekk den øvste delen av kvinnegrava og truleg også noko av mannsgrava. Den solide steinpakninga gjorde at den største barnegrava klarte seg bra, det er uavklart kor hardt råka den minste barnegrava vart. Det er mogleg at om ein hadde vore endå meir observant og hatt betre lysforhold, så kunne ein ha fått stoppa maskina tidlegare og dermed redda meir av gravkontekstane. Men sidan flateavdekkingsmetodikken i stor grad går ut på å fjerne matjordslaget for å oppdage nedgravningar i steril undergrunnsmasse, vert det vanskeleg å oppdage mørk fyllmasse som er lokalisert heilt oppe i overgangen mot grastorvlaget. Trass i at kvinnegrava som struktur var hardt råka av flateavdekkninga (og truleg også av moderne pløying), fekk ein redda mange funn ved at dungen med avskrapte masse i stor grad vart vass-sålda. Den avskrapte massa frå området over dei andre gravene var dessverre køyrt bort før ein vart klar over eksistensen av desse gravminna. Det lét seg såleis ikkje gjere å få sålda noko av denne truleg svært interessante blandinga av matjordslag og fyllmasse. Truleg har ein gått glipp av fleire funn på grunn av dette, særleg frå mannsgrava. Det er også sannsynleg at ein kunne fått ut noko meir informasjon om dei øvre delane av sjølve båtkonstruksjonen her.

I ettertida ser ein at det hadde vore ønskeleg å fått detaljinnmålt samtlege in situ funn i gravene med totalstasjonen. Særleg nyttig hadde det vore i samband med å få ut mest mogleg informasjon om båtkonstruksjonen i mannsgrava; ein kunne til dømes skaffa nok data til å lage ein 3D-modell av strukturen.

7 Funnmaterialet

7.1 Kort om konservering og katalogisering av funna

Funnmaterialet frå utgravinga på Frøyland har gjennomgått ein omfattande prosess med konservering og katalogisering. Hege Hollund ved konservatoravdelinga på AmS har vore ansvarleg for det konserveringstekniske arbeidet (jf. artikkel i frå haug ok heiðni nr. 3, 2007). Dette har mellom anna inkludert røntgenfotografering av metallgjenstandar, mekanisk reinsing for hand, bruk av ulike typar mikroskop, stabilisering av nedbrytningsprosessar ved hjelp av kjemiske metodar og konservering ved kontroll av luftfukt og korrekt pakking. I tillegg har informasjon om konserveringsarbeidet og analyseresultata blitt lagt inn i ein database. Feltleiar Bjørdal har i nært samarbeid med konservator Hollund gått gjennom samtlege funn og katalogisert dei etter kriterier som mellom anna funksjon og materialtypar. I samband med dette har det blitt utforma ein katalogiseringsdatabase, resultatata i denne er lagt ved rapporten i ei kortfatta papirutgåve (jf. Vedlegg 5).

7.2 S 12293 - S 12296: Funn frå gravene

7.2.1 S 12293 (a-d): Den minste barnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Denne grava inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):


a Ein tilnærma komplett liten sigd med tange, av jern. **Miniatyrtgåve?** Fem fragment limt

saman til ein gjenstand. Restar av mineralisert tre på ved tangen. Restar av mineraliserte tekstilar fleire stadar, kanskje har sigden vore pakka inn. Somme trådar er tydeleg z-tvinna. Lengde (kordelengde):114mm Lengde (langs krum rygg): 125mm St.br. : 19mm St. t.: 7mm. Fnr. 146

b Eitt hovud m/ stilkrest frå spiker evt. nagle av jern. Med restar av mineralisert treverk. Rundt tverrsnitt. Vedart undersøkt av J.E. Amundsen v/ AmS (2008) til å vere eik. St. l.: 16mm. Fnr 145

c To tener av jern, stilkrestar frå spikar eller nagle. Med restar av mineralisert treverk. Rundt/avrunda tverrsnitt. St.l.: 20-27mm. Fnr. 143,144

d Ei trekolprøve frå in situ, like ved sigd F146. Vekt: 0,4g. Ikkje analysert. Fnr. 146




Figur 20 Den vesle sigden frå den minste barnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

7.2.2 S 12294 (a-i): Mannsgrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar


Denne grava inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

a Ein fragmentert spydspiss av jern. Mest truleg av type Solberg VI.2A, dvs frå perioden ca 850 - ca 950 e. Kr. Fire fragment limt saman til ein gjenstand som omfattar store delar av falen og noko av bladet. Tverrsnittet ved overgangen mellom fal og blad er svakt rektangulært. Heile innsida av falen er dekt av restar av mineralisert tekstil. Nokre trådar kan identifiserast som z-tvinna, moglegvis frå lerretsvev. Restar av ein liten nagle er synleg på innsida av falen. I tillegg til sjølve gjenstanden høyrer det med: ein pose med mineraliserte flak frå innsida av falen (dette kan vere tekstilrestar), og eit jernfragment F19 som kan tilhøyre spydet. Total lengde: 167mm. Bevart lengde av blad: ca 45mm. St.br. blad: 34mm. St. diameter fal: 30mm. Min. diameter fal: 16mm. Fnr. 5, 19, 129



Figur 21 Den fragmenterte spydspissen (Foto: H. Hollund, Am)

b Ein liten, fragmentert kniv av jern. Med rest av treskaft. Fire fragment limt saman til ein gjenstand. Tangen verkar intakt, medan den fremre delen av bladet/odden er deformert av korrosjon. Den yttarste delen av odden manglar. Funn-nummeret omfattar også: ein pose med små fragment frå kniven, og ein pose med lause bitar av mineralisert tre. Kniven er pga korrosjon og fragmentering heller vanskeleg å typedefinere nærmare, men har fleire likskapstrekk med typane R404 og VJG381. Dette er typar som er utbreidd frå merovingartid og i vikingtid. Total lengde: 120mm Lengde av bevart blad: ca 67mm. St.br. blad: 19mm. Fnr. 116



Figur 22 Kniven frå mannsgrova (Foto: H. Hollund, Am)

c Eitt tilnærma komplett bryne av skifer. Grå/grågrøn farge. Rektangulært tverrsnitt. Ikkje utprega skrått tilskore i endane. To hakk ved den eine enden, truleg for oppheng. Breiast på midten, avsmalning mot begge endar. Smalast i enden med hakk for oppheng. Eit område med tydlege slitasjespor, på ei av dei to smale langsidedene av brynet. Liknar i form ein del på Arbman

1940, taf. 187: 1 og 9. Lengde: 110mm. St. br.: 11mm. Fnr. 130

d Fem jernfragment frå mogleg skrin/kiste. Tre av desse stammar truleg frå ein hank av jern. Hankkonstruksjonen liknar ein del på type 239 frå Jan Petersens *Vikingetidens Redskaper*: ein sirkelforma ten hekta inn i ein krampe med to armar. Det er restar av min. tre på krampa. Ein del av den ringforma hanken manglar, men diameteren på ringen synest å ha vore ca 33mm (ytre mål). S12294d omfattar i tillegg ein liten, avbroten stift med rektangulært hovud, og ein flat, rektangulær ten som kan ha tilhøyrt beslag på eit skrin/kiste. Fnr. 88, 94

e Åttiein naglar/fragment av naglar og av naglar/spikar av jern, frå båtgrav. Elleve er heile naglar på det viset at dei kvar består av restar av samanhøyrande roe, stilk og hovud. Tjuetre roer med/utan stilkrest. Tjueein hovud med/utan stilkrest; mest sannsynleg frå nagle, men enkelte kan vere frå spikar. Tjuseks fragment som er så fragmentert og/eller korroderte at det er uklart om det dreier seg om roer eller hovud; enkelte av desse kan også vere frå spikar. Lengde (basert på dei heile naglane): 20-40mm. Fnr. 5,8,19,65-66,68,70-81, 84,86,91,93,95-96,98,100-114, 116-117,120-121,124-126,133-134

f Åtte fragment frå truleg spikrar av jern. Materialet består av hovud med/utan stilkrestar. Vurdert til å vere spiker m.a. fordi dei manglar roer og verkar mindre/spinklare enn naglar frå båtgrava. St.l: 11-27mm. Fnr. 69,73,85,87,99,118

g Tretti fragment av jerngjenstandar. Tener/stilkrestar frå naglar eller spikar, diverse svært korroderte fragment. Eitt særprega fragment; tungeforma ten med rektangulært tverrsnitt og restar etter mineralisert organisk materiale (kanskje lær). St.l.: 3-34mm. Fnr. 5,19,82-83,85,87,89-90,92,115-116,118,123-124, 128, 131-133

h Elleve fragment av mineralisert tekstil, **truleg frå tråd eller tynt tau**. Har ulik tjukkeleik. Største fragmentet er 14mm langt, 6mm i diameter. Fnr. 122

i Eitt fragment av brent bein. 0,3g. Funne på overflata av mannsgrav ved framrensing av SØ-ende av gravstruktur. Kan vere redeponert. Ikkje analysert nærmare. Fnr. 18

7.2.3 S 12295 (a-z): Kvinnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Denne grava inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

a Ei tilnærma komplett likearma spenne av bronse/koparlegering. I relativt god stand; heile den originale overflata er intakt, og både nålefeste og nål er tilstades. Dobbelt nålefeste. Brukt som "tredjespenne", to ovalspenner av variant JP37:3 er funne i same gravkontekst.

Spenna er vurdert av S. Horn Fuglesang (UiO) til å vere ein tidleg variant av Jan Petersens type 74 (andre spenner i denne gruppa er m.a. C6084, B7005 og B9626a). Det er såleis mest sannsynleg at spenna stammar frå den første delen av 800-talet. Den spenna som liknar mest, er ei fragmentert spenne (C21536a) frå Store-Dal i Skjeberg (JP1916: *"Norske Oldfund I"*, planche VIII). Spenna er avbilda i stort format på figur 1.


Spenna frå Frøyland har eit diamant-forma felt på kvar arm. Motiva i kvart felt består av sterkt stiliserte dyrebein med gripeføter. Ho har fem knoppar, og eit stilisert dyrehovud i kvar ende. Hovuda vender utover. Ved midten er det fire stiliserte, mindre dyrehovud (to på kvar side), desse vender innover mot sentrum av spenna. Det er restar etter tekstilar og mineraliserte tekstilar på både over - og undersida av spenna.

På oversida: fragment av minst to typar tekstil, den eine typen (lerretsveven, enkle z-tvinna trådar) er ikkje mineralisert, den andre mineralisert (også lerretsveven, enkle z-tvinna trådar, men tjukkare trådar enn den først omtala).

På undersida: 1) lerretsvev (enkle z-tvinna trådar), 2) 2/1 kypert (enkle, z-tvinna trådar), ein ikkje-mineralisert del analysert til å vere av ull, 3) svakt positivt avtrykk etter tekstilen brukt til å lage støypeforma for spenna.

Fleire stadar på overflata av spenna er det restar etter eit skinnande metall; noko av dette er analysert til å bestå av for det meste sink. Sinken kan ha oppstått som eit slikt belegg ved ein korrosjonsprosess av koparlegeringa. Det er mogleg at fleire edelmetall (t.d. sølv, tinn) er representert i det skinnande belegget utanfor den analyserte delen.

St.l.: 126mm. St.br. : 33mm. Breidde ved midten: 27mm. Fnr. 11



Figur 23 Den likearma spenna frå Froyland (oppe til høgre) saman med teikninga av spenna C21536a frå Store-Dal, Skjeberg (oppe til venstre) og tre andre spenner innanfor P74-gruppa (frå venstre: C6084, B7005 og B9626a)

b To fragmenterte ovalspenner av bronse/koparlegering med innlegg av sølv og tinn, i åtte fragment. Vurdert til å vere av Petersen type 37:3, og kan mest truleg daterast til første halvdel av 800-talet. Begge spennene er fragmenterte: den eine (I) i to fragment (F23 og F10), den andre (II) i seks fragment (F20 og F24, F42). Spennene er avbilda saman på figur 2.

Spenne I: av koparlegering (truleg bronse) med innlegg av sølv og tinn og belegg av tinn. Delar av nåla av jern er bevart, dobbelt nålefeste. Spenna har bevart ni små bronsestiftar som truleg har vore feste for dekorative knoppar (sideknoppar). Sjølve knoppene er borte. Små bitar av bronse med flekkar av eit kvitt edelmetall kan vere restar av ein slik knopp. I så fall var ikkje knoppene støypt saman med resten av spenna. Spenna har restar etter innlagde band (av mest sølv, noko tinn). På innsida av spenna: restar av minst to typar tekstilar (ein lerretsvev og ein mogleg kypert), restar av hemper av truleg surra tekstil, og noko ukjent organisk materiale (kanskje lær). På oversida av spenna: restar av mineralisert tekstil, noko av det kan vere av ull. Spenna har eit lite hol nær kanten, truleg for oppheng av perlekjede mellom spennene. I holet var det ein fiber, denne kan vere av ull. Uklart om denne stammar frå ei snor til kjede eller frå andre tekstilar hos kvinna. St.l.:72mm St.breidde: 71mm.



Figur 24 Nærfoto av ei av ovalspennene frå kvinnegrava (spenne II). (Foto: H. Hollund, Am)

Spenne II: Dekorasjon, koparlegering, tinnbelegg og sølvinnlegg som hos spenne I. Har også same type snor av surra, lerretsveven tekstil vikla rundt nålefeste og nål. Nåla er fragmentert og mineralisert. Dobbelt nålefeste. Lite hol nær kanten, som spenne I. Organisk materiale frå innsida (klump som fylde spenna): eit mineralisert fragm. (lerretsveven, truleg ripsbinding, enkle z-tvinna

trådar), eit mineralisert fragm. (z-tvinna, mogleg kypert), to 10mm lange bitar av snor (laga av fire trådar: "samesnor"?) og flak av svart materiale m/ fiberstruktur som eit lag under dei jernmineraliserte tekstilane (lær?). St.l.: 96mm St.breidde: 71mm. F10, 20, 23, 24, 42

c Nitten perler frå kvinnegrav; atten av perlene er av glas, ei er av rav. Dei har truleg vore del av eit kjede, mogleg-vis knytt til dei to ovalspennene. Åtte av glasperlene er folierte (sølvfolie mellom to lag av glas): to har klart, gjennomskinnleg glas ("sølvfolierte"), seks har gulbrunt, opakt glas ("falskt gullfolierte"). Dei resterande glasperlene er av blått, opakt glas (åtte stk) og kvitt, opakt glas (ein stk). I tillegg er det ei svært nedbrota glasperle. På figur 3 er perlene lagt som eit kjede (ravperla og den nedbrotne F29 manglar).




Figur 25 Dei 18 best bevarte perlene frå Frøyland (den svært nedbrotne F29 er ikkje med). Ravperla er den største runde, lengst til høgre i midten. (Foto: H. Hollund, Am)

Fnr. 47: Ei ravperle m/ avrunda form, m/ parallelle sider (L: 14mm D: 8mm). Fnr. 25: Seks gullfolierte segmentperler (fem m/ to segment kvar, ei er eit avbrote, enkelt segment): avrunda form. Minst ei av dei med to segment er avbroten. Det enkle segmentet kan tilhøyre ei av dei andre segmenterte perlene. (Storleik doble segment: L: 11mm D: 8mm). Fnr. 25: To sølvfolierte, gjennomskinnlege segmentperler. Den eine (m/ fem segment) avbroten i begge endar (L: 23mm D: 9mm), den andre (m/ fire segment) avbroten i eine enden (L: 15mm D: 8mm). Fnr. 9/25: To opake, blå perler, slipte m/ dobbelkonisk åttekanta form (F9: L: 14mm D: 9mm. F25: L: 9mm D: 10mm). Fnr. 25: Ei opak, blå segmentperle (m/ tre segment). Kanskje avbroten (L: 16mm D: 7mm). Fnr. 25: Ei opak, blå segmentperle (m/ to segment), avrunda form. Avbroten i eine enden (L: 8mm D: 12mm). Fnr. 25: Fire opake, blå perler: avrunda form, m/ plane, ikkje-parallelle sider (L: 6-9mm D:

8-9mm). Fnr. 25: Ei opak, kvit perle: avrunda form, m/ parallelle sider (L: 4mm D: 8mm). Fnr. 29: Ein fullstendig korrodert og nedbroten kjerne av ei perle. Bevart som eit tynt, opakt røyr (L: 9mm D: 4mm). Fnr. 9, 25, 29, 47

d Ei lita remspenne av typen enkeltspenne. Spenna er av jern, med restar etter belegg av edelmetall. Det meste av det eine sidestykket er avbrote og borte, men form og storleik på spenna er klar: ho er tilnærma kvadratisk, men eit tverrstykk som er svakt kurva og noko breiare og flatare enn resten av spenneramma gjev ho likevel eit D-forma preg. Spenna liknar på Arbman 1940 tafel 86: type 4, men utan festebeslag. Nåla er bevart; moglegvis i full lengde - i så fall er ho noko kortare enn nåla hos nemnde type 4. Store delar av spenna er dekt av mineralisert tekstil, moglegvis fleire lag med tekstilar. L: 19mm Br.: 19mm. Fnr. 41



Figur 26 Röntgenbilde av remspenna (Foto: H. Hollund, Am)

Figur 27 Remspenna og nokre fragment av mogleg skrin (Foto: H. Hollund, Am)

e To spinnehjul av kleber. Begge med rett basis og kvelva topp; type II C (H. Hofseth 1985). Det eine (F9) er noko større og flatare enn det andre (F183).

F9: av grå/grågrøn kleber, m/ noko jernkorrosjonsprodukt på overflata. Eit fragment av mineralisert organisk materiale frå inne i holet av dette spinnehjulet er teke vare på i eigen pose. L: 10mm D: 32mm. F183: av lys grå kleber, m/ overflata nesten dekt av eit tynt lag av korrosjonsprodukt. Har ein knuseskade på den eine sida av toppen. På basis har små flak av jernkorrosjon falle av og teke med seg noko av steinoverflata. Funne in situ. L: 11mm D: 24mm.

f Ein sigd m/ tange, av jern. Liknar mest type JP83 (Petersen 1951). Tolv bitar har blitt limt saman til tre større fragment; desse tre utgjer til saman ein tilnærma komplett sigd, men er pga korrosjon ikkje limt saman til ein gjenstand. På tangen er det restar etter mineralisert tre frå skaftet. Det er godt bevarte restar av ein mineralisert tekstil på fleire delar av overflata; sidan

tekstilen går rundt kantane på sigden, verkar det som sigden har blitt pakka inn. Somme stadar verkar tekstilen å liggje i fleire lag. Tekstilen er av relativt fin kvalitet, på enkelte fragment ser ein vevstrukturen; truleg er det snakk om 2/1 kypert. Trådane er ca 0,3-0,5mm i diameter og z-tvinna i begge retningar. Lengde av heile sigden: 280mm/200mm (kordelengde). St. breidde: 26mm. Fnr. 9, 24, 26, 46, 54



Figur 28 Spinnhjulet F183 (Foto: H. Hollund, Am)



Figur 29 Sigden frå kvinnegrava. Dei tre større fragmenta er lagt inntil kvarandre. (Foto: H. Hollund, Am)

g Ei saks av typen bøylesaks, av jern. Sju fragment limt saman til tre større fragment: den øvste delen av bøylene (Fnr. 26), ei lang ten frå ei av armene (Fnr. 9) og eit omfattande fragment med dei to kryssande saksebladene (Fnr. 9,26,97). Bøylene og tenen passar saman, men er ikkje limt pga korroderte brotflater. Det er restar av mineralisert tre fleire stadar på saksa, særleg på den eine sida av saksebladene. Moglegvis treverk frå slire eller skrin? Saksa har likskapstrekk frå begge typene JP 167 og 168 (Petersen 1951): bøylene har ikkje type 168 sin karakteristiske, ringforma utviding øvst på bøylene, men samstundes synest bladene å likne meir på type 168 enn den eldre type 167. Såleis bør kanskje saksa frå Frøyland reknast som ei overgangsform. Øvst på den eine sida av bøylene er det påsmidd ein ten som held fram i saksa si lengderetning; tenen er avbroten, og funksjonen er uklar. Kanskje feste for eit oppheng? Storleik: Bøyle (St.l.: 33mm St.br.: 30mm St.d.: 8mm) Arm (St.l.: 67mm St.d.: 11mm) Fr. m/ saksebladene (St.l.: 113mm St.br.: 36mm St.d. av armdel: 10mm Lengde av berre blad: 87mm St.br. av eit blad: 18mm). Saksa har såleis truleg vore rundt 20cm lang. Fnr. 9, 26, 97

h Ein fragmentert kniv av jern. Med rest av treskaft, og med fr. av min. tekstil og min. tre på bladet. Fire fragment er limt saman til ein gjenstand. Delar av bladet manglar, og den bakre delen av tangen er avbroten. Kniven har ein skrå avsats i rygglina, ryggen er skrå rettlinja mot odden. Sjølv odden verkar å vere bevart. Eggen er skrå, rettlinja og relativt smal frå odden, blir så distinkt breiare frå om lag ved avsatsen i rygglina og bakover mot tangen. Har fellestrekk med JP107 (Petersen 1951) og Arbman tafel 183: 13 (Arbman 1940). Bladet er stilt noko skeivt til sida for

tangen. Bevart min. tre viser at bladet har gått noko inn i skaftet. Det er bevart mineralisert tekstil på store delar av den eine sida av bladet (relativt grov tekstil, nokre trådar er z-tvinna). På motsett side av bladet er det eit heller tjukt lag av nedbrote min. organisk materiale (noko er min. tekstil, moglegvis er noko min. tre): noko av dette går rundt odden. Mogleg rest av tekstilfora slire? Inkludert i S12295h er også ein pose med mineralisert treverk frå kniven. Storleik: Total bevart lengde: 117mm Bevart lengde av blad: 57mm St.br.av blad: 17mm. Fnr. 24, 26



Figur 30 Saksa frå kvinnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

Figur 31 Det fragmenterte brynet frå kvinnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

i Eitt fragmentert bryne av grå skifer. Gjenstanden er truleg frostsprengd; brynet er funne som eit dusin fragment/flak. M/ restar av jernkorrosjon på overflata. Etter konservering består brynet av eit større, samanlimt fragment og fire bitar (bitane i to posar). Den eine enden av brynet verkar heil, men den andre er avbroten. Gjenstanden er noko tjukkare ved enden enn på midtdelen. Firkanta tverrsnitt. Ikkje spor etter hol eller hakk for oppheng i den bevarte enden. Storleik av samanlimt fragment: L: 105mm St.br.: 13mm. Fnr. 9, 60

k Atten fragment av jern som mest truleg har fungert som høvesvis beslag, hengsler og hankar på eit skrin. Tre fragment er funne in situ. To av desse, F191 og F192, er limt med kvar sitt fragment F9 (funne ved solding av lausmasse). Dette gjev to samanlimte, større fragment av to hengsler eller beslag: liknar ein del på Arbman tafel 269:2 i forma, men er spiss nedst (om lag som Arbman tafel 269:1). Den eine har bøygde restar av mogleg hengsling øvst og to små hol for stift/spiker på den øvre delen. For øvrig ni flate og til dels bøygde fr. som kan ha tilhøyrt hengsle/beslag (F 9,26,41,139,182); i eitt av fr. står det att ein liten stift tvers gjennom den flate biten. Ein avbroten, meiselforma ten omvikla av ein annan ten som har stått i treverk (F26) - del av skrin? Fem fr. av bogne tener: to av dei frå mogleg, relativt kraftig hank/ring, tre frå mogleg, spinklare hank/ring (fnr.9). Eit fragment av kjetting/hank av jern (fnr. 26). Storleik flate fr.: St.l.: 9-57mm St.br.: 11-21mm. Storleik hankfr.: St.br.: 11-47mm St.br.: 4-10mm. Storleik kjetting/hank: St.l.: 34mm St.br.: 16mm Fnr. 9, 26, 41, 139, 182, 191, 192

l Tolv jernfragment, truleg frå naglar. Funne in situ, sannsynlegvis frå båten i grava. Tre fr. er roer, fem er hovud, fire er for fragmenterte og korroderte til å fastslå om dei er roer eller hovud. Vedartsvurdering (jf. Vedlegg 13b) av treverk frå F186 og F188 av JEA v/ AmS (2008): lauvtre, moglegvis eik. St.l.: 5-19mm St.br.: 16-21mm Fnr.31, 177, 179, 185, 186, 188, 191, 194, 197, 198

m Syttiåtte jernfragment av hovud og roer, truleg frå naglar. Ikkje in situ. Mest sannsynleg frå båten i grava. Førtito fr. er av roer, tjuetvå er av hovud, og tolv er så fragmentert og korrodert at dei ikkje let seg definere nærmare som roe eller hovud. St.l.: 4-27mm St.br.: 5-20mm. Fnr. 9, 12, 14, 22, 26, 28, 30, 35, 37, 42, 44, 46, 49, 54, 58, 64, 136, 147, 160

n Tjuetvå spikrar/stiftar av jern. Heile spikrar og tener med spikerhovud er inkludert. Truleg har somme av dei vore del av eit skrin i grava. To av dei (fnr. 178 og 181) er funne in situ; like ved kvarandre. Sju av dei heile spikrane har klare likskapstrekk med spikrar frå skrin/kiste på Arbman 1940 tafel 271:2. St.l.: 10-25mm St.br.: 8-14mm. Fnr. 9, 26, 35, 39, 41, 49, 58, 64, 160, 178, 181

o Elleve fragment av jern, funne in situ. Tener og udefinerte bitar, dei fleste med restar av mineralisert tre. St.l.: 7-26mm St.br.: 6-16mm. Fnr. 184, 185, 187, 188, 189, 194, 195, 196

p Eitthundreogti fragment av jern, ikkje funne in situ. Tener, flate bitar, og udefinerte, sterkt korroderte og fragmenterte bitar. Mange fragment med restar av mineralisert tre. St.l.: 2-33mm St.br.: 3-16mm. Fnr. 9, 12, 22, 26, 30, 39, 42, 44, 49, 54, 58, 61, 64, 97, 136, 139, 147, 160, 218

t Ein fragmentert nøkkel av jern. Kroknøkkel, liknar JP256 (Petersen 1951). Denne typen er funne i graver frå slutten av merovingertid og ut vikingtida. Med restar av mineralisert tre og mineralisert tekstil. To fragment (F9 og F26) høver i hop og er limt saman: dette større fragmentet omfattar eit skjegg med to tenner og store delar av skaftet. Det er mogleg at skjeggdelen er avbroten i enden, så nøkkelen kan ha hatt tre tenner. Eit boge fragment (F26) synest å høve med den avbrotne skaftenden på det samanlimte fragmentet, men pga korrosjon passar ikkje brotflatene heilt og dei er difor ikkje limt. Begge fragmenta har restar av mineralisert tekstil og mineralisert tre. Eit anna fragment (F42) synest å delvis passe saman med det bogne F26; i lag vil dei danne store delar av eit ovalt hovud/handtak. Men dette er noko usikkert og fragmenta er såleis ikkje limt. Storleik: Lengde (samanlimt fr. + F26): 64mm Kordelengde (samanlimt fr. + F26): 55mm Lengde (F42): 15mm St.br. (på skjegg): 5mm. Fnr. 9, 26, 42



Figur 32 Nøkkelen frå kvinnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

Figur 33 Tanna funne ved kvinnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

v To fragment av gjenstand av tinn; truleg knapp. Ei rund, flat skive med ein knoppliknande rest på den eine flatsida. Knoppen er fragmentert; kan moglegvis vere rest av hempe på knapp? Den bevarte forma liknar ein del på knappane JP1951: 277 (Petersen 1951), men desse er av jern. Sjølve skiva synest relativt komplett, men mindre bitar manglar langs kanten. Kanskje har knappen hatt eit kvelva hovud (som t.d. hos Arbman 1940, tafel 93), som no er brotna av og borte, på framsida? Eit lite, laust fragment vart nytta ved SEM-analyse, dette er pakka i eige glasrøyr. Storleik av det største fragmentet: Diameter: 11mm Tjukkuleik: 2mm. Fnr. 54

q Tjueni skår av leirkar. Funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295, men bør reknast som lausfunn sidan dei truleg ikkje stammar frå gravgodset. Mellomgrov til fin magring. Grå, brun, oransje på farge. Eit skår (F55) er eit glasert randskår, truleg frå mellomalder. Dei resterande skåra stammar mest sannsynleg frå jernalder, dei er for små til å tidsdefinere nærmare. Eit skår (F40) er frå overgangen botn/vegg på ein gjenstand. St.l.: 11-37mm St.br.: 8-27mm St.t.: 4-18mm. Fnr. 9, 27, 39, 40, 43, 50, 55, 59, 135, 141, 150, 154, 161

r Tjueseks avslag av flint, funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295, men bør reknast som lausfunn sidan dei nok ikkje kjem frå gravgodset. Frå aktivitet i området i steinalder/ bronsealder. Tjueto ubrende og fire brende avslag. St.l.: 10-36mm St.br.: 5-25mm St.t.: 2-18mm. Fnr. 27, 28, 36, 37, 40, 43, 48, 51, 56, 60, 63, 137, 148, 153, 162, 193

s Eitt avlangt fragment av asbest. Funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Avbroten i begge endar, ovale tverrsnitt. Uavklart datering og eventuelt bruksområde. L: 43mm Br.: 5-6mm. Fnr. 36

w Fem slagglumpar funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Bør reknast som lausfunn sidan dei nok ikkje kjem frå gravgodset. Vekt: 11,6g. Fnr. 26, 35, 54, 58

x Femten fragment av organisk materiale, brent og ubrent. Uavklart datering. Funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. I to posar. Pose 1: eitt ubrent fragment (F157), moglegvis nedbrote lær eller pels. Pose 2: fjorten fragment (5,8g) med forkola organisk materiale; to fr. frå fruktkjerne (plomme), resten moglegvis frå brød eller graut. Fnr. 26, 28, 39, 42, 54, 64, 157, 164

y Fragment av brente bein. To posar med i alt 8,0g. Funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Eitt fragment (Pose 1: F61) er analysert av B. Sellevold ved Niku til å vere brent dyre-bein. Dei resterande, uanalyserte fragmenta er i Pose 2. Fnr. 28, 36, 40, 42, 45, 48, 52, 53, 61, 63, 138, 140, 149, 155

z Ei tann frå menneske. Funne ved solding av lausmasse frå nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Ikkje analysert nærmare, men tolka til å ha tilhøyrt den avdøde kvinna. Fnr. 27

7.2.4 S 12296 (a-f): Den største barnegrava - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar


Denne grava inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

a Ein tilnærma komplett pilspiss med tange, av jern. Tverrsnittet der tange og spiss møtest er mandelforma. Enden på tangen er tynn/spiss. Restar av mineralisert tre på tangen. Restar av mineralisert tekstil på tangen, over treverket.

Total lengde: 113mm Lengde av spiss: 43mm Største breidde av spiss: 12mm. Fnr. 159

b Ein tilnærma komplett sigd med tange, av jern. Fire fragment (frå F158) limt saman, odden F156 høver ikkje heil saman med resten pga korrosjon.

Truleg av type Petersen 83 eller 84: uklart om sigden har hatt ein enkel nagle for festing av skaftet. Fleire typar min. tekstil, mellom anna lerretsvev med z-tvinning i begge retningar. Lengde (kordelengde, m/ F156): 171mm Lengde (følgjer bladet si krumning, m/ F156): 242mm Største breidde av blad: 27mm. Fnr. 156, 158



Figur 34, 35 og 36 Pilsmiss, sigd og kniv frå den største barnegrava (Foto: H. Hollund, Am)

c Ein fragmentert liten kniv av jern, med treskaft. To større fragment (A: del av bladet, m/ odden. B: mineralisert tre frå skaftet, m/ rest av bladet) og ein pose med mindre, lause fragment. Hovudfragmenta er ikkje limt saman til ein gjenstand, men dei kan passe saman. Dette vil gje ein kniv med bevart totallengde på 64mm. Jernet som er synleg i skaftdelen tilhøyrer bladet, medan det ikkje stikk ut noko tange av treverket. Dette indikerer ein uvanleg kort tange, på max. 25mm. Vedartsanalyse (jf. Vedlegg 13b), utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008): treverket er frå lauvtre. Lengde på synleg blad: 39mm. Største breidde på blad: 11mm. Fnr. 151

d Ein liten stift av jern med hovud av koparlegering (opprinneleg bronse?). Har truleg tilnærma opprinneleg lengde, er 15mm lang. Nytt i samband med t.d. beslag på eit skrin? Har stått fast i ein tregjenstand. Fnr. 165

e Ein fragmentert spikar av jern. Rest/avtrykk etter hovud, avbroten stilkrest. Med mineralisert tre. Avrunda tverrsnitt av stilkrest. Lengde: 35mm. Fnr. 180

f Fem jernfragment i form av tener/stilkrestar. Ein av dei med eit kvitt belegg, dette kan vere kalk. Ein annan har ein særprega, meiselforma spiss og firkanta tverrsnitt. Vedartsanalyse (jf. Vedlegg 13b), utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008): treverk på ein av dei to i F215 (ten) er moglegvis frå eik. St.l.: 12-33mm. Fnr. 165, 215

7.3 S 12297 (a-f): Funn frå dei toskipa langhusa

7.3.1 Hus 1 - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Denne strukturen inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

d Sju posar med brent bein. Funne i anleggsspor knytt til Hus 1. Fnr. 172, 205, 206, 208, 210, 212, 213.

f I tillegg kjem eit antal makrofossil-/trekolprøver frå masse i anleggsspor knytt til Hus 1 (jf. Vedlegg 5).

7.3.2 Hus 2 - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Denne strukturen inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

a Elleve skår/bitar frå leirkar. Etter alt å døme frå overgangen yngre steinalder - eldre bronsealder: funne i anleggsspor tilhøyrande det toskipa Hus 2 datert til denne perioden. Fleire fragment med restar av brent matskorpe. Eitt randskår og eitt fragment frå vegg (to skår limt til eitt fr.). Det eine skåret (F278) er frå grop 1859, uavklart om denne gropa har tilhørt huset.

Mellomgrov - grov magring. Oransje/gråbrun/svart farge. St.l.: 14-45mm. St.br. : 7-30mm. St.t.: 5-12mm. Fnr. 168, 169, 200, 204, 209, 216, 217, 277, 278.

b Ei smalflekkje av mørkgrå, god kvalitets flint. M/ to parallelle ryggar. Avbroten i begge endar. St.l.: 35mm St.br.: 13mm St.t.: 4mm. Fnr 203.

c Sju avslag av flint. Seks brende, eitt ubrent. Grå, lys grå farge. St.l.: 10-20mm St.br.: 5-9mm St.t.: 2-5mm. Fnr 203, 207, 211, 219.

d Tolv posar med brent bein. Fnr. 170, 173, 174, 199, 201, 202, 204, 207, 211, 214, 217, 219

e Ein pose med trekolprøve. Fnr. 168

f I tillegg kjem eit antal makrofossil-/trekolprøver frå masse i anleggsspor knytt til Hus 2 (jf. Vedlegg 5).

7.4 S 12298 (a-f): Lausfunn frå hovudundersøkjingsområdet - funnmengde, funnkategoriar og materialtypar

Dette området inneheldt det følgjande funnmaterialet (jf. Vedlegg 5):

a Ein mogleg, atypisk, sigd av flint. Eventuelt brukt som skrapar. Gråbrun, høgkvalitets flint. M/ retusj på tre av fire sider. Kan ha vore festa til skaft. St.l.: 91mm St.br.: 62mm St.t.: 7mm. Fnr 3.



Figur 36 Den moglege sigden av flint (Foto: Terje Tveit, Am)

b Ein ten, truleg frå ein spiker. M/ mineralisert treverk. Avbroten stilk, rundt tverrsnitt. Rest av hovud. St.l.: 36mm St.br. (rest av hovud): 17mm St.t. (u/treverk): 5mm. Fnr 2.

c Fem skår/bitar av leirkar. Eitt grått skår frå botn/vegg, m/ rest av brent matskorpe, fin - mellomgrov magring. Fire lyst brune skår/bitar m/ mellomgrov-grov magring. St.l.: 13-30mm St.br.: 7-30mm St.t.: 5-12mm. Fnr 1, 4, 15, 17

d Tre avslag av flint. Eitt ubrent, to brende. St.l.: 24-37mm St.br.: 11-19mm St.t.: 8-14mm. Fnr 6, 62.

e To posar med i alt 0,9g brent bein. Fnr. 16, 32

f Åtte makrofossilprøver/trekolprøver (07/02_1, 3, 5, 6, 17, 60, 61, 62) frå anleggsspor innan undersøkings-området. Frå anleggsnr. 922, 998, 1194, 1589, og 1633. 14C-datering Tua-6807 frå 998 er yngre enn AD1955. Fnr. 232, 233, 234, 248, 268

8 Skildring av strukturar og anleggsspor

8.1 S 12293: Den minste barnegrava - ei lita flatmarksgrav

Denne grava (målt inn som 447) var relativt lita og grunn: ca 80 x 60 cm stor (innmålt omkrins 278 cm) og max. 5 cm djup (jf. Vedlegg 10). Ho var lokalisert i nokonlunde N-S - retning, rundt fem meter frå sørenden av båtgrava med mannen (jf. nedanfor). Øvst i fyllmassa låg det to nevestore steinar, elles fanst det berre nokre få småsteinar her. Fyllmassa var gråbrun, speitta sand/grus/jord. Det vart gjort gjenstandsfunn (jf. 7.2.1) her, mellom anna ein særleg liten sigd (miniatyrutgåve for eit barn?). Grava er med bakgrunn i storleiken og funninholdet tolka til å vere ei barnegrav. Grava er datert til yngre jernalder (truleg vikingtid).

8.2 S 12294: Mannsgrava - ei båtgrav

Ei avlang nedgraving (målt inn som 492) med tydeleg båtform, skilde seg klart frå den lyse, sand/silthaltige undergrunnen. Største lengdemål var på ca 390 cm, medan maksimum breiddemål var på ca 95 cm. Innmålt omkrins var 1045 cm. Moderne pløying og flateavdekkinga med maskin hadde medført at gravstrukturen hadde ei største djupne på berre 12 cm.

Fyllmassa var klart frå nedbrote organisk materiale; mørk brun og heller feit i konsistens, med innslag av både lysare og mørkare flekkar. Langs ytterkanten, mot undergrunnsmassa, var det eit overgangsområde med gråbrun, nokså feit masse (jf. 6.1.2).

Det vart gjort mange funn innan strukturen (jf. 7.2.2), og det dreier seg utvilsamt om ei mannsgrav frå vikingtid, der den døde har blitt lagt til kvile i ein liten båt. Det vart påvist eit antal steinar i den midtre delen av strukturen, desse har etter alt å døme blitt lagt der som ein del av

gravlegginga (jf. 6.1.2). Når det gjeld sjølv båtkonstruksjonen, så vart det påvist eit omfattande antal fragment in situ som mest truleg stammar frå båtsaum (klinknaglar og ulike typar spiker brukt ved bygging og reparasjon av trebåt): 81 naglar/fragment av naglar og av naglar/spikrar av jern (11 er heile naglar på det viset at dei kvar består av restar av samanhøyrande roe, stilk og hovud, 23 er roer med/utan stilkrest, 21 er hovud med/utan stilkrest; mest sannsynleg frå nagle, men enkelte kan vere frå spikar, 26 som er så fragmentert og/eller korroderte at det er uklart om det dreier seg om roer eller hovud; enkelte av desse kan også vere frå spikar). Lengde (basert på dei heile naglane): 20-40mm. 8 fragment frå truleg spikrar av jern, materialet består av hovud med/utan stilkrestar. Vurdert til å vere spikrar m.a. fordi dei manglar roer og verkar mindre/spinklare enn naglar frå båtgrava. St.l.: 11-27mm. I tillegg kjem 30 fragment frå jerngjenstandar, der truleg somme har vore del av båtkonstruksjonen. Dette dreier seg om tener/stilkrestar frå naglar eller spikar, og diverse svært korroderte fragment. St.l.: 3-34mm.

Med utgangspunkt i dei innplotta funna på planteikninga og katalogiseringa av gjenstandsmaterialet, er det blitt utforma ei tolking av delar av båtkonstruksjonen (jf. Vedlegg 12). Båten verkar å ha vore såpass brei i botnen at det mest truleg har vore nytta ein T-kjøll (jf. Vedlegg 17). Ein kan ane spor etter nokre av bordgangane og den nordlege stevnen, men informasjonsgrunnlaget er for dårleg til at forfattaren med sitt kompetansenivå kan seie noko meir om øvrige trekk ved båtkonstruksjonen.

8.3 S 12295: Kvinnegrava - ei båtgrav

Strukturen (innmålt som 2920) framstod som ei avlang, noko utflytande og grunn nedgraving. Største lengdemål var ca 240 cm, største breidde mål ca 85 cm. Den innmålte omkrinsen var på 681 cm. Form og funninnehald syner at det dreier seg om restane av ei båtgrav der ei kvinne var lagt til kvile i eldre vikingtid (800-talet). Pga av pløying og maskinell flateavdekking var det lite att av sjølv båtgrava. Den mørke fyllmassa av humushaldig sand var tydeleg i høve til den lyse undergrunnsanden rundt, men fyllet var berre nokre cm djupt (jf. 6.1.2).

Eit omfattande arbeid med utgraving og sålding av nærliggande jordmasser gav eit rikt funnmateriale - fragment frå både smykker, reiskapar og båtsaum (jf. 7.2.3). Det vart gjort mange titals funn som kan ha vore knytt til båtkonstruksjonen, men dei fleste av desse blei påvist ved sålding av avskrapa masse, ikkje in situ: 12 jernfragment, truleg frå naglar. Funne in situ, sannsynlegvis frå båten i grava. Tre fragment er roer, fem er hovud, fire er for fragmenterte og korroderte til å fastslå om dei er roer eller hovud. Vedartsvurdering av treverk frå F186 og F188 (jf. Vedlegg 13b): lauvtre, moglegvis eik. St.l.: 5-19mm St.br.: 16-21mm, 78 jernfragment av hovud og roer, truleg frå naglar. Ikkje in situ. Mest sannsynleg frå båten i grava. Førtito fr. er av roer, tjuetolv er av hovud, og tolv er så fragmentert og korrodert at dei ikkje let seg definere nærmare som roe eller hovud. St.l.: 4-27mm St.br.: 5-20mm, 24 spikrar/stiftar av jern. Heile spikrar og tener med spikerhovud er inkludert. Truleg har somme av dei vore del av eit skrin i grava. To av dei (fnr. 178 og 181) er funne in situ; like ved kvarandre. Sju av dei heile spikrane har klare likskapstrekk med spikrar frå skrin/kiste på Arbman 1940 tafel 271:2. St.l.: 10-25mm St.br.: 8-14mm, 11 fragment av jern, funne in situ. Tener og udefinerte bitar, dei fleste med restar av

mineralisert tre. St.l.: 7-26mm St.br.: 6-16mm, 110 fragment av jern, ikkje funne in situ. Tener, flate bitar, og udefinerte, sterkt korroderte og fragmenterte bitar. Mange fragment med restar av mineralisert tre. St.l.: 2-33mm St.br.: 3-16mm.

Med utgangspunkt i dei innplotta funna på planteikninga og katalogiseringa av gjenstandsmaterialet, er det utforma ei teikning som viser tilhøva in situ i grava (jf. Vedlegg 11). Det var så lite att av restane frå sjølve båten at det lét seg ikkje gjere å seie stort meir om denne enn at det har vore ein klinkbygd trebåt.

8.4 S 12296: Den største barnegrava - ei flatmarksgrav med steinpakning

Dette var ei flatmarksgrav (innmålt som 1081) som var skoren noko ned i undergrunnen, og der fyllmassa var dekt av ei tett pakka samling av mindre/mellomstore steinar (jf. 6.1.2, Vedlegg 10). Ho låg berre eit par meter sør om den andre barnegrava (447). Den rektangulære gravstrukturen 1081 var orientert svakt NV-SØ. Storleiken på steinpakninga: max lengde: ca 150 cm, max breidde: ca 85 cm, max. djupne/høgde: 5-10 cm, innmålt omkrins: 448 cm. Storleiken på fyllmassa under steinpakninga: max lengde: ca 130 cm, max breidde ca 85 cm, max. djupne: ca 5 cm. Fyllet var eit grunt, mørkebrunt lag av kraftig humushaldig sand. Grava gav eit funnmateriale som m.a. omfattar pilspiss, sigd og kniv. Det er mogleg at det har vore eit skrin eller ei kiste her, men det er uavklart (jf. 7.2.4). Storleiken på gravstrukturen indikerer at det dreier seg om ei barnegrav, funna viser at grava er frå yngre jernalder (mest truleg frå vikingtid).

8.5 Dei toskipa langhusa (S 12297)

Det vart funne to toskipa huskonstruksjonar i løpet av utgravinga på Frøyland. Desse låg på same stad, delvis ovanpå kvarandre, og har såleis ikkje vore i bruk samstundes (jf. Vedlegg 9). Hus 1 var den minste bygningen, med ein bruksfase. Hus 2 har truleg hatt minst tre bruksfasar/to utskiftingar av takberande stolpar. Dette huset var klart større enn Hus 1. Begge husa låg lokalisert i NNW-SSØ - retning, i eit terreng som hella svakt mot nord.

8.5.1 Hus 1

Dette toskipa huset stammar frå overgangen mellom seinneolitikum og eldre bronsealder periode I. 14C-analyser av forkola korn frå to stolpehol har gjeve desse dateringsresultata:

- BC 1970-1900 (st.h. 2394, veggstolpe)
- BC 1870-1840 / 1820-1790 / 1780-1620 (st.h. 2496, takberande stolpe)

Bygningen har ei største lengde på ca 13,5 meter og ei største breidde på ca 5,7 meter. Dette gjev eit areal på rundt 75 m². Det vart ikkje funne spor etter eldstadar. Det er ingen klare indikasjonar på dørøpningar, men det fanst brot i veggstolperekkjene på begge langsidedene som *kan* ha samanheng med inngangar (jf. nedanfor).

Hus 1 har hatt tre takberande stolpar langs midtaksen. Avstanden mellom desse var ca 4,4 meter og ca 4,5 meter. Lengda frå den takberande stolpen lengst nord ut til stolpane i gavlen var ca

2,4 meter, medan det frå den sørlege takberande til gavlstolpane var ca 2,1 meter. Frå dei takberande stolpane og ut til stolpane i langveggane var det ca 2,8 - 2,9 meter. Planteikninga i Vedlegg 9b viser kva for stolpehol som er tolka som å tilhøyre Hus 1. Det dreier seg om 30 stolpar i vegg og gavl (vurdert som sikre/sannsynlege) og 13 stolpar (vurdert som moglege - kan også ha tilhøyrt Hus 2 eller annan konstruksjon) knytt til område ved vegg og inne i huset. Gropene 1767 og 1859 låg slik til at gravinga av dei kan ha fjerna spor etter nokre stolpar i austveggen. Ein ser på teikninga at det synest som stolpane i veggane er plassert relativt symmetrisk, slik at ein stolpe i vestveggen står omlag rett ovanfor ein tilsvarande stolpe i austveggen. Ei slik parvis plassering av stolpar i langveggane inneber at det ville vere mogleg å strekkje takberande bjelkar mellom dei, dvs. på tvers av huset si lengderetning (Børsheim 2005: 117). Dette ville ha vore med på å avstive bygningen sidevegs.

Jamnt over var det ca 0,9 - 1,1 meter mellom stolpehola i veggane. Det tydelegaste unntaket frå dette mønsteret, var eit område på midtdelen av begge langveggane. Dette viste seg som to klart breiare "hol" i kvar vegg, desse stod rett ovanfor kvarandre i austveggen og vestveggen. Den auka breidda mellom høvesvis stolpehola 2472, 2534 og 2618 i vest (ca 2,0 meter og ca 2,3 meter) og stolpehola 1679, 1724 og 1819 i aust (ca 2,1 meter og ca 2,3 meter) kan tyde på inngangar på ei eller begge langsiden her (jf. 8.3.2 og Vedlegg 9b). Ein 2,3 - meters opning i den eine veggane står rett ovanfor ein 2,0 - meters opning i den andre veggane. Dette trekket, og heile Hus 1 generelt, minnar for øvrig sterkt om utforminga av det toskipa huset frå Østebø på Talgje (jf. Hemdorff 1993). I samband med Talgje-huset (13 meter langt, ca 6,5 - 6,8 meter breitt. 14C-datert frå korn til BC 1770 - 1450) blei det funne spor etter innvendige stolpar som er blitt tolka som restar etter ein skiljevegg. Dette gav grunnlag for å tru at huset der hadde hatt eit mindre rom i den søraustre enden. Dette rommet er tolka som ein mogleg fjøsdel, sidan det vart funne ein eldstad i den nordvestre enden av bygningen. Det er mogleg å tenkje seg ei liknande løysing hos Hus 1 frå Frøyland om ein ser på plasseringa av dei mogleg inngangspartia.

I strukturlista (jf. Vedlegg 3) er det oppgjeve detaljert informasjon om dei enkelte anleggsspora, som til dømes storleik i plan og profil. I plan var det ganske liten forskjell å spore i storleik mellom takberande stolpar og veggstolpar, men profilsnitta viser klart at dei takberande stolpane var gravne djupare ned og såleis truleg meir solid fundamentert for å tåle meir av vekta av takkonstruksjonen.

Den store, jordfaste steinen 2027 låg innanfor arealet til både Hus 1 og Hus 2. Han var såpass stor og høg at det verkar sannsynleg at delar av han kan ha stukke opp og vore synleg medan bygningane var i bruk. Gropa 2753 som låg rett inntil 2027 på vestsida, romma både 3015 (takberande stolpe i Hus 1) og 3024 (takberande stolpe i Hus 2). I samband med denne gropa vart det funne ein del brent bein (ikkje analysert nærmare). Gropa 2561 var lokalisert slik at ho kan ha vore i bruk anten i Hus 1 eller Hus 2. Det er uavklart kva slags funksjon ho har hatt. Kokegropa 1633 (ikkje 14C-datert) som låg delvis inn i austveggen, har truleg ikkje noko med dei toskipa husa å gjere.

Fråværet av eldstad og mangelen på klare spor etter dørøpningar og indre skiljeveggar, gjer det vanskeleg å seie noko om rominndeling og kva aktivitetar som har føregått i bygningen. Medan

det er funne både keramikkskår og flint som kan knytast til Hus 2, er brent bein den einaste funnkategorien som er påvist i samband med Hus 1 (jf. 7.3.1).

Planteikninga på Vedlegg 9b viser kva anleggsspora som vart snitta og dokumentert i profil frå Hus 1. For nærmare informasjon om anleggsspor, makrofossilprøver og resultat av naturvitskaplege analyser, sjå vedlegga.

8.5.2 Hus 2

På same vis som Hus 1, var også dette toskipa huset i bruk i løpet av overgangen mellom seinneolitikum og eldre bronsealder periode I. 14C-analyser av forkola korn frå fire stolpehol og ei grop har gjeve dei følgjande dateringsresultata:

- BC 1730 - 1660 (grop 2753, inne i huset)
- BC 1770 - 1695 (st.h. 2107, takberande stolpe)
- BC 1785 - 1715 (st.h. 1368/1276, gavlstolpe i S)
- BC 1930 - 1740 (st.h. 2045, takberande stolpe)
- BC 1945 - 1825 (st.h. 2012, takberande stolpe)
- BC 2405 - 2285 (st.h. 2012, takberande stolpe)*

(* truleg stammar det daterte kornet ikkje frå brukstida til huset, men kjem opprinneleg frå ein eldre kontekst)

Bygningen har ei største lengde på ca 19,4 meter og ei største breidde på ca 6,2 meter (jf. Vedlegg 9c). Dette gjev eit areal på rundt 125 m². Det vart ikkje funne spor etter eldstadar. Det er ingen klare indikasjonar på dørøpningar. Men på to stadar i den austre langveggen er det særleg langt mellom veggstolpane, dette *kan* ha samanhang med inngangar her (jf. nedanfor).

Hus 2 har hatt fire takberande stolpar samstundes plassert langs midtaksen. Det verkar som kvar av desse stolpane har blitt skifta ut to gongar, slik at ein kan snakke om tre bruksfasar innan den same bygningen. I samband med desse utskiftingane, har plasseringa av den enkelte stolpen endra seg noko. Endringa synest å ha vore minst for den sørlegaste takberande stolpen; det er funne spor etter tre fasar av stolpar innan struktur 1947. Den nordlegaste takberande stolpen sine tre fasar er representert ved stolpeholet 2094 og det doble/attbrukte stolpeholet 2107. Dei to lokaliseringane av takberande stolpar i den sentrale delen av huset omfattar (lengst sør) stolpehola 1993, 3024 og eit mogleg, uidentifisert eit innan grop 2753 og (lengst nord) stolpehola 2012, 2027 og 2045. Utskiftingane har tydelegvis fått følgjer for gavlendane av huset, særleg for den nordre. Det ser ut til at gavlstolpane i nord ved minst eitt høve har blitt flytta eit stykke i lengderetninga av bygningen for å tilpasse huskonstruksjonen til relokaliseringa av takberande stolpar. Planteikninga (jf. Vedlegg 9c) viser "dobbelt sett" av gavlstolpar i nord. Det kan vere at til dømes 2224 og 2235 i denne gavlen høyrer til kvar sin bruksfase, slik som dei takberande 2094 og 2107; den interne avstanden er iallfall omlag den same. Det er ikkje teikn til like omfattande endringar i den sørlege gavlen, men det er spor etter utskifting her også, sidan både 1348 og 1368 var "doble"/attbrukte

stolpehol. Ei stor, yngre grop rett sør for gavlveggen kan i tillegg ha fjerna nokre gavlstolpar. Utskiftinga i samband med 1348 og 1368 tyder ikkje på noko særleg flytting av gavlveggen i lengderetninga, for dei nye stolpane er jo plassert på så godt som same stad som dei eldre stod. I tillegg har ein det momentet at samtlege fasar av den sørlegaste takberande stolpen har vore sett opp på tilnærma same punkt. Alt i alt indikerer dette at forskuvinga i samband med utskiftingane av takberande stolpar har fått størst følgjer for den nordlegaste delen av bygningen.


Hus 2 hadde fire punkt med kvar sin takberande stolpe langs midtaksen. På grunn av utskiftingane, er det uavklart kva stolpar som stod samstundes (til dømes om 1947b, 1993 og 2107b tilhørte same bruksfase). Lengda frå høvesvis sørlegaste og nordlegaste takberande stolpe ut til gavlane var omlag 2,5 meter. Frå dei takberande stolpane ut til stolpane i langveggane var det jamnt over ca 2,9 - 3,1 meter.

Planteikninga i Vedlegg 9c viser kva for stolpehol som er tolka som å tilhøyre Hus 2. Det dreier seg i tillegg til dei nemnde takberande stolpane om 44 stolpar i vegg og gavl (vurdert som sikre/sannsynlege) og 23 stolpar (vurdert som moglege - somme kan også ha tilhørt Hus 1 eller annan konstruksjon) knytt til område ved vegg og inne i huset. Symmetrien i Hus 2 synest å vere noko annleis enn i Hus 1. Også hos Hus 2 er det mogleg å tolke tilhøva slik at ein stolpe i vestveggen dannar "par" med ein stolpe i austveggen (det vert rekna 14 stolpar i V og 13 i Ø). Men desse "para" står ikkje beint overfor kvarandre som hos Hus 1. Utforminga av gavlendane gjer at bygningen synest å få ei svak form av parallelogram.

Det var ein del variasjon i avstanden mellom stolpehola i gavlar og vegg (det kan også ha skjedd enkelte utskiftingar av stolpar), men den vanlegaste distansen var ca 1,5 - 1,7 meter. Dette er noko lenger enn i det mindre Hus 1 (jf. 8.3.1). Det tydelegaste unntaket frå dette mønsteret, var to område i den austre langveggen: mellom stolpehola 1457 og 200001 i sør og mellom stolpehola 1936 og 2293 i nord. Her var avstanden, "holet" i vegglinja, noko større: 1,9 - 2,0 meter på begge stadane. Rett innanfor vegglinja ved høvesvis 1457 og 1936 fanst det i tillegg to små stolpehol (1467 og 2134). Det er berre vage indikasjonar, men det kan ikkje utelukkast at desse trekka ved bygningen kan vere knytt til to inngangsparti i den austre langveggen. Det verkar generelt sett som det ikkje er vanleg å finne klart definerte inngangar i samband med toskipa hus: "Av det foreliggende materialet er det naturleg å slutte at inngangene i de tidligste husene befant seg i selve vegglinjen og ikke har vært inntrukket i forhold til veggen. Plasseringen kan både ha vært i form av motstilte innganger på midten av langveggene (Kvåle 2, Stokkset 2), men kan trolig også ha vært plassert skrått i forhold til husets lengdeakse slik det kjennes fra treskipede bronsealdershus som eksempel på Forsand, Hemmed Plantasje II og Hemmed Kirke I og V (Løken 1987, Boas 1991)" (Børsheim 2005: 117).

Det blei påvist ein del stolpehol som var lokalisert langs rett innanfor vegglinja i aust og vest (1467, 1523, 1669, 1757, 2134, 2370, 2855, 2874, 200010). I den grad dei skal forståast knytt til Hus 2, er ei moglegheit at dei kan vere spor etter ei justering av vegglinja i samband med utskifting av stolpar. Plasseringa opnar opp samstundes for at iallfall somme av desse har fungert som såkalla innvendige eller inntrukne støttestolpar. Slike stolpar var med på å halde vekta av taket og stabilisert konstruksjonen: i samband med inntrukne stolpar kan det ha vore konstruert bjelkar både

i lengderetninga av og på tvers av huset (Nielsen 1998: 13-14, 19). Tydelege spor etter slike stolpar er ikkje vanleg i det norske materialet knytt til toskipa hus: "Vegglinjene i det norske materialet er ofte fragmentarisk bevart og ujevne, og husene har gjerne overlappende bosetningsfaser. Derfor kan klare mønstre av inntrukne veggstolper være vanskelig å oppdage" (Soltvedt m.fl. 2007: 90). På planteikninga i Vedlegg 9c er det skissert eit forslag om at 1467 og 2855 i den sørlege delen og 2134 og 2370 i den nordlege delen kan ha utgjort to par av inntrukne stolpar. Det er i så fall mogleg at stolpane innan paret har vore samanbunde av ein tversgåande bjelke. Her er det verdt å minne om dei to potensielle inngangspartia (jf. ovanfor) som jo ligg ved dei aktuelle inntrukne stolpane i austveggen. Dørøpningar her ville gje to område med større avstand mellom stolpane i vegglinja og dermed truleg noko svekka bæreevne og stabilitet. Kanskje har ein kompensert for dette ved å konstruere tversgåande bjelkar? Slike bjelkar ville for øvrig kunne gjere det enklare å byggje loft/hems i toskipa hus (Björhem og Magnusson Staaf 2006: 73).



Figur 37 Skisse av rekonstruert tverrsnitt av seinneolitisk, toskipa langhus med inntrukne stolpar (Frå Nielsen 1998: 19)

Fråværet av funn av leire eller leirklining *kan* tyde på at det har vore nytta sleppverksteknikk i samband med veggjen i Hus 1 og Hus 2 (jf. Soltvedt mfl. 2007: 196 for Kvåle), men dette er uavklart.

I strukturlista (jf. Vedlegg 3) er det oppgjeve detaljert informasjon om dei enkelte anleggsspora, som til dømes storleik i plan og profil. I plan synest dei fleste takberande stolpane å ha vore klart større enn stolpane i gavl og vegg. Det er også blant dei takberande ein finn dei djupaste stolpehola, men forskjellen på djupna er ikkje så stor mellom majoriteten av dei takberande og dei som vart snitta av vegg- og hjørnestolpar (med unntak av 1679). Derimot verkar dei undersøkte stolpehola frå den nordlege gavlen både små og grunne. Det er såleis mogleg at stolpane i vegglinja har vore kraftigare og halde meir av vekta av taket i Hus 2 enn tilfellet var i Hus 1. Kvar gavl har truleg innehalde fire-fem stolpar (per bruksfase) i endeveggen pluss to hjørnestolpar i overgangen mot langveggane.

Den store, jordfaste steinen 2027 låg innanfor arealet til både Hus 1 og Hus 2 (jf. omtale i 8.5.1). Gropa 2753 (jf. omtale i 8.5.1) inneheldt truleg spor etter to takberande stolpar; 3024 og ein annan, uavklart ein lenger mot sør. Gropene 1767, 1859 og 2561 var alle lokalisert slik at dei kan ha

vore i bruk i Hus 2. Det er uavklart kva slags funksjon dei har hatt. Kokegrova 1633 (jf. 8.5.1) er truleg ei yngre nedgraving, men ho er ikkje datert nærmare.

Fråværet av eldstad og mangelen på distinkte teikn på inngangar og indre skiljeveggar, gjer det vanskeleg å seie noko om rominndeling og kva aktivitetar som har føregått i bygningen. Men det er funne både leirkarskår, flint og brent bein som kan knytast til Hus 2 (jf. 7.3.1). Alt materiale av leirkar og flint er funne i anleggsspor lokalisert til den sørlege delen av huset, frå og med takberande stolpe 1993 og sørover, men dette materialet er for tynt til å seie noko vidare om funksjonsinndeling. Funn av brente bein og brente korn kan indikere matlagning i bygningen. Fråvære av eldstadar er eit utbreidd trekk ved dei undersøkte toskipa husa frå denne tida. Manglande påvisning av slike varmekjelder kan kome av mellom anna dårlege bevaringsforhold på staden og at eldstadane låg i grunnare nedgravingar enn i seinare tider (jf. Børsheim 2005: 111, 117).

Av dei påviste toskipa husa i Noreg, er Hus 1 frå Kvåle i Time k. i Rogaland blant dei som har flest fellestrekk med Hus 2 frå Frøyland. Hus 1 frå Kvåle har ein bruksperiode datert til ca 1820 - 1720 f. Kr., medan Hus 2 frå Frøyland har 14C-dateringar knytt til tidsrommet 1945 - 1660 f. Kr (jf. ovanfor). Det er såleis godt mogleg at begge desse bygningane var i bruk i løpet av 1700-talet f. Kr. Det vert utført ei meir omfattande samanlikning mellom Kvåle og Frøyland i kap. 10.

Planteikninga i Vedlegg 9c viser kva anleggsspora som vart snitta og dokumentert i profil frå Hus 2. For nærmare informasjon om anleggsspor, makrofossilprøver og resultat av naturvitskaplege analyser, sjå vedlegga.

8.6 Øvrige anleggsspor

8.6.1 Anleggsspor som vart undersøkt nærmare

Det er her tale om strukturar tolka som kokegroper (1194 og 1633) og utandørs eldstadar (922, 998 og 1219) som er undersøkt ved snitting og dokumentert. Struktur 998 er for øvrig 14C-datert til moderne tid.

8.6.2 Anleggsspor som ikkje vart undersøkt nærmare

Dette dreier seg om eit antal anleggsspor (av typen grop, kokegrop/eldestad, stolpehol, staurhol) som det ikkje var tid til å undersøkje.

9 Naturvitskapleg materiale

9.1 Innleiing

I samband med utgravinga på Frøyland, har det blitt utført ein del arbeid knytt til prøvetaking for og analyse av naturvitskapleg materiale (jf. 5.2.3 og Vedlegg 13). I dei følgjande delkapitla vert det gjort kort greie for prosessar og resultat.

9.2 Makrofossilprøver og trekolprøver

Det blei teke prøver frå eit utval av dei undersøkte anleggsspora. Prøvene vart henta ut i samband med snitting/utgraving, frå eit stykke under framrensa overflate av strukturen. Desse prøvene vart deretter flotert og analysert nærmare ved AmS. Det er delt ut 63 naturvitskaplege prøvenummer (nat.vit.nr.) i samband med dette (jf. Vedlegg 13a). Av desse er 53 knytt til anleggsspor som tilhøyrrer dei toskipa husa, dei resterande er mellom anna frå den største barnegrava og frå nokre kokegroper/eldstadar. Det blei funne eit omfattande antal delvis forkola korn i prøvene frå Hus 1 og Hus 2.

9.3 14C - analyse

Det har blitt sendt inn materiale til i alt ni 14C-dateringar av strukturar frå undersøkingsområdet (jf. Vedlegg 13 c). Åtte av desse er knytt til Hus 1 og Hus 2, her har ein nytta delvis forkola korn som prøvemateriale. Den første 14C-dateringa basert på eit korn frå takberande stolpe 2012 i Hus 2 gav eit uventa gammalt resultat, BC 2405 - 2285, i høve til dei andre dateringane frå Hus 1 og Hus 2. Det blei difor sendt inn materiale til endå ei datering frå 2012. Denne gav perioden BC 1945 - 1825, noko som var meir på line med dei andre dateringsresultata knytt til dei toskipa bygningane. Ei datering er frå ein bålrest/utandørs eldstad frå området aust om maskintraséen. Prøvematerialet her var etter alt å døme forkola lyng, og dateringa viser at strukturen stammar frå aktivitet i moderne tid.

9.4 Fosfatanalyse

Jon E. Amundsen og Sverre Bakkevig ved AmS henta inn jordprøver frå området ved /under den største barnegrava og utførte deretter såkalla spottest - analyse på dei. Målet var å samanlikne mengda fosfat i jorda i samband med strukturen i høve til normalverdiane i bakken rundt (jf. Vedlegg 13d). Analyseresultata viste klare forskjellar i fosfatinnhald, forskjellar som truleg har oppstått ved ein eller nokre få episodar og ikkje ved langvarig og jamn påverknad. Dette høver jo bra overeins med ei gravlegging.

9.5 Treartsanalyse

Jon E. Amundsen ved AmS har gjennomført ei treartsanalyse ("vedartsbestemmelse") av mineralisert treverk frå gjenstandsfragment frå gravene frå Frøyland (jf. Vedlegg 13 b).

9.6 SEM - analyse

I samband med konserveringsarbeidet, har det blitt nytta eit såkalla SEM-mikroskop (tilhøyrande UiS) som gjev særleg stor forstørring (jf. 5.2.3).

9.7 Beinanalyse

Det blei funne ein del fragment av brent bein i løpet av utgravinga. Dette materialet er ikkje blitt systematisk undersøkt. Eit fragment funne i nærleiken av kvinnegrava, vart sendt til nærmare vurdering hos Berit Sellevold hos Niku, Oslo. Det viste seg å vere ein bit av brent dyrebein

(jf. Vedlegg 5). Ei mennesketann vart påvist i samband med masse frå kvinnegrava, og ho stammar truleg frå den avlidne kvinna. Tanna er ikkje analysert nærmare.

10 Tolking av undersøkingsområdet i lys av strukturar og funn

10.1 Innleiing

Den arkeologiske undersøkinga utført på Frøyland i Time kommune i løpet av nokre månader vintaren 2006 - 2007, avdekte spor etter fast busetnad og jordbruk ved overgangen mellom yngre steinalder og eldre bronsealder, og påviste at delar av høgdedraget hadde vore i bruk som gravplass i yngre jernalder/vikingtid. Eit forkola korn (av typen naken bygg) frå feltet er ¹⁴C-datert til å vere frå eit tidspunkt i perioden 2405 - 2285 f. Kr. Dette er såleis eit av dei eldste spora etter korndyrking i Rogaland.

10.2 Bufast jordbruk i yngre steinalder - eldre bronsealder: toskipa langhus og korndyrking

Utgravinga har vist at det for snaue 4000 år sidan stod bustadar av typen toskipa langhus på høgdedraget, og at det levde korndyrkarar her som nytta leirkar og flintreiskapar. Den moglege sigden av god kvalitets flint som vart funne tett inntil ein jordfast stein eit stykke sør om langhusa, kan ha blitt lagt ned som eit offer her av desse tidlege bøndene.

Huskonstruksjonen toskipa langhus vert utbreidd i Noreg i løpet av den siste delen av yngre steinalder. Eit stykke inn i bronsealderen, frå om lag 1300 f. Kr av, vert så den treskipa utgåva av langhuset foretrukke. "Skip" viser her til konstruksjon og rominndeling: eit toskipa hus har to "rom" eller "skip" i lengderetninga, eit på kvar side av den midtplasserte rada av takberande stolpar, medan eit treskipa hus har to parallelle rader med takberande stolpar og dermed tre langsgåande "rom". Desse romma i langhusa kunne så vere oppdelt ytterlegare av tversgåande skiljeveggar. Langhus med tre skip var den dominerande hustypen i størsteparten av Noreg fram til ein gjekk over til lafta bygningar i tidleg mellomalder. Medan det er ganske vanleg å finne spor etter treskipa langhus ved arkeologiske undersøkingar på landsbygda, har det inntil dei seinare åra vorte påvist få langhus av den eldre, toskipa typen.

Truleg har bruken av toskipa hus i Noreg frå seinneolitikum av samanheng med større samfunnsmessige endringar. Nokre av desse var overgangen til ein økonomi der jordbruk og februk vart den viktigaste levemåten og ei auka kontakt med impulsar frå metallbrukande kulturar i Sør- og Sentral - Europa (Björhem og Magnusson Staaf 2006: 70, Prescott 2005). Dette er ikkje plassen til å diskutere detaljar i fagdebatten knytt til når og kvifor ulike prosessar fann stad. Det får halde å vise til at dei toskipa husa som dukkar opp i det norske materialet frå seinneolitikum har klare likskapstrekk med eldre og samtidige toskipa bygningar lenger sør i Skandinavia og at hustypen er påvist ei rekkje stadar i Sør - og Midt - Noreg (Børsheim 2005: 120, Løken 1999: 52-54).

Ut i frå den innbyrdes lokaliseringa, er det klart at Hus 1 og Hus 2 på Frøyland ikkje kan ha vore i bruk samstundes. Det blei funne fleire stolpehol innan undersøkingsområdet, men det lét seg ikkje gjere å tolke desse saman til bygningskonstruksjonar. Såleis verkar det som at det fanst berre

eitt hus om gangen på denne garden ("gard" vert her forstått som langhus og tilhøyrande aktivitetssområde i nærleiken, jf. Björhem og Magnusson Staaf 2006: 118-119). Dette er ikkje ein uvanleg situasjon om ein ser på det norske materialet: "Sporene på Kvåle, Stokkset, Røyneberg og Stensrød viser at det her kun har vært én driftsenhet bestående av eitt hus. De fragmentariske sporene etter hus 4 på Kvåle åpner for at det på et tidspunkt har vært to samtidige bygninger, men én gårdsbygning ser ut til å ha vært det vanlige. Denne bygningen må da ha vært bolig for menneskene på gården" (Børsheim 2005: 119 - 120). Det verkar sannsynleg at både Hus 1 og Hus 2 på Frøyland har hatt bustadfunksjon, trass i at det ikkje vart påvist noko eldstad i dei.

Det er uavklart om det er Hus 1 eller Hus 2 som er eldst (jf. 8.5), 14C-dateringane er til dels overlappende. Men det finst nokre vage indikasjonar på at Hus 1 kan vere bygd først. Om ein ser nøye på dateringsresultata, så "hellar dei i retning av" at Hus 1 var i bruk på 1900-1800-talet f. Kr. og Hus 2 på 1800-1700-talet f. Kr. Gropene 1767 og 1859 (som rett nok verken er datert eller funksjonsbestemt) *kan* ha vore del av Hus 2, men verkar derimot å ha fjerna delar av austveggen i Hus 1. Både på Kvåle (Time k., Rogaland) og på Stokkset (Sande k., Møre og Romsdal) har ein døme på toskipa hus som ligg delvis over kvarandre og der det eldste huset er det minste (Børsheim 2005: 115). I samband med dette, er det relevant å spørje seg om kor lang levetid eit slikt stolpebygd langhus kunne ha. Børsheim (2005: 113) viser til informasjon om tilhøva på Forsand, der hus har blitt tolka til å ha stått i opptil 100 år. Björhem og Magnusson Staaf (2006: 140) meiner på bakgrunn av materiale frå Skåne at toskipa hus her i seinneolitikum kan ha hatt ei levetid på 50 - 100 år, og at det såleis har vore busetnadskontinuitet på same stad over fleire generasjonar. Den likearta plasseringa av Hus 1 og Hus 2 på Frøyland tyder på at dei som bygde det yngste huset var klar over, og delvis etterlikna, eksistensen av det eldste.

I 8.5 er det presentert nokre spor i materialet som kan indikere døropningar i både Hus 1 og Hus 2 og at ein har nytta inntrukne stolpar i Hus 2.

10.3 Gravplass for velstående ætt i yngre jernalder: vaksne og born med utstyr til helheimen

Fleire tusen år etter at Hus 1 og Hus 2 var i bruk, fekk ei kvinne, ein mann og to born kvar si grav her på høgdedraget på Frøyland. Alle var dei lagt ubrende i jorda.

Dei to vaksne på Frøyland var lagt ned i kvar sin båt. Graver med båtar er påvist fleire stadar i verda og over spreidde tidsrom. Om ein held seg til materiale frå Skandinavia i jernalderen, så er det funne omlag 18 stadar med båtgraver frå romartid og folkevandringstid (dvs. 1 - 550 e. Kr.). Dei tidlegaste båtane her var stokkebåtar og sydde båtar, utan konstruksjonsdetaljar av jern. I løpet av 400 - talet vert det utbreidd å bygge båtar ved hjelp av klinknaglar av jern (Herstad 2007: 3-4). Det synest som båtgravskikken i Noreg var mest utbreidd i merovingartid og vikingtid (dvs. 550 - 1050 e. Kr.). Det var nok vanlegast å nytte bruksbåtar, og farkostane frå dei to Frøylandsgravene har truleg opprinneleg vore seks - sju meter lange. Men det er i Norden påvist fleire graver frå vikingtida der heile skip er teke i bruk på denne måten (som til dømes Oseberg, Gokstad og Storhaug).

Det finst fleire oppfatningar av kvifor ein har nytta båt i samband med gravleggingar i fortida. Det vert her kort vist til nokre av dei mest sentrale tolkingane (henta frå Herstad 2007: 4-11):

- Båten som symbol for reisa til dødsriket

Her der det fleire aspekt. Eit som var mykje vektlagt i tidlegare forskning, men som no vert rekna som meir eller mindre motbevist, er tanken om at båtgravene var orientert nord-sør (med Hel i nord og Valhall i sør). Studier av båtgraver har vist at dei kan vere orientert på mange vis, og at det truleg er meir sannsynleg at lokale forhold i terrenget spelar inn.

- Båten som del av dyrking av det fruktbare, knytt til mellom anna gudane Frøy og Frøya
- Båten som høvleg bruksgjenstand, meir lausriven frå det religiøse aspektet

Her vert det vektlagt at båten kan ha fungert som ei gravgåve på line med andre gjenstandar i grava, at båten avspeglar tilknytning til handelstransport, rikdom, status og makt og at båt kan ha vore særleg viktig for den avlidne eller garden og ætta

- Båten som strukturerande element i jernaldersamfunnet

Knytt til tankar om at både båt og langhus har fungert på liknande måtar for å skape harmoni og struktur, huset på land og båten på havet. Det er mogleg å sjå samanhang mellom enkelte langhus sine svakt krumma veggjar og forma på eit skip, og det å kvelve ein båt over den døde i grava vert på eit vis som å byggje eit dødehus.

I analysa si av moglege båtgraver frå Midt - Noreg, har Anne Herstad (2007) påvist at det er store variasjonar knytt til båtgravene når det gjeld utforming, lokalisering, type gravgods og handsaming av den døde (m.a. brent/ubrent). Det er påvist flest ubrente graver. Gravskikken verkar å vere omlag like vanleg for kvinner som for menn. Ho meiner at lokale faktorar i samband med tradisjonar innan gard og ætt kan ha vore viktig for om ein nytta båt eller ikkje i gravlegginga: "Båtgravene i Stjørdal var konsentrert til noen få gårder og jeg har tolket båtene i gravene som en markør for gården som enhet. Lokale tradisjoner i Stjørdalen har innebåret enkelte faste gravelementer fra gård til gård, noe som gjør at bruken av en gravgave som er ment å representere selve gården lett kan innpasses og samtidig avgrenses til kun enkelte gårders gravtradisjoner" (Herstad 2007: 97).

Det er vanskeleg å gje noko vurdering av dei to båtgravene på Frøyland i høve til den nemnde diskusjonen rundt graver av denne typen, det ville krevje ei meir omfattande samanliknande undersøking av båtgraver i Rogaland eller på heile Vestlandet. Det ein veit, er at det på Frøyland blei funne to båtgraver like i nærleiken av kvarandre på eit høgdedrag. Den best bevarte av dei har innhalde liket av ein mann, medan den andre har romma ei kvinne. Strukturane er på bakgrunn av funnmaterialet begge datert til vikingtid. Båtane har truleg hatt nokonlunde lik storleik, og dei låg begge orientert i tilnærma nord-sør retning. Denne orienteringa, saman med

stadnamnet Frøyland, opnar for ei delvis religiøs-kultisk tolking av gravene. Dersom Helliesen sin nr. 23 (jf. 2.3) har lege øvst på høgdedraget innan undersøkingsfeltet, ville dei to båtgravene kunne ha vore orientert med stemnen inntil denne større, dominerande gravrøysa.

Kvinnegrava var den klart funnrikaste av dei to båtgravene (jf. 7.2.3). Den avlidne hadde fått med seg både smykker (likearma spenne, ovalspenner, beltespenne og perler) og reiskapar (saks, kniv, sigd, nøkkel, spinnehjul og bryne) som gravgåver. Nokre av desse gjenstandane var truleg del av klesdrakta til kvinna eller lagt på og ved ho i grava, medan andre kan ha blitt plassert i eit skrin (funn av beslag og små stiftar høver med eit skrin). Smykka er såpass verdfulle at dei vert omtala nærmare nedanfor.

Den likearma bronsespenna er nok det flottaste og mest velbevarte funnet (jf. fig. 1 og 23). Denne draktspenna har ein særprega ornamentikk. Ho har eit diamant-forma felt på kvar arm. Motiva i kvart felt består av sterkt stiliserte dyrebein med gripeføter. Ho har fem knoppar, og eit stilisert dyrehovud i kvar ende. Hovuda vender utover. Ved midten er det fire stiliserte, mindre dyrehovud (to på kvar side), desse vender innover mot sentrum av spenna. Det er restar etter tekstilar og mineraliserte tekstilar på både over - og undersida av spenna. Spenna er vurdert av S. Horn Fuglesang (UiO) til å vere ein tidleg variant av Jan Petersens type 74 (andre spenner i denne gruppa er m.a. C6084, B7005 og B9626a, jf. fig. 23). Det er såleis mest sannsynleg at spenna stammar frå den første delen av 800-talet. Slike spenner med dyrehovud som vender utover, er relativt sjeldne. Men fleire av dei kjende likearma spennene med slik utforming stammar nettopp frå Rogaland, og dei er frå denne perioden. Det er verdt å merke seg at ei slik spenne, saman med mellom anna ovalspenner av typen R.647, vart funne på Jåsund på Sola ved inngangen til 1900-talet. I ein publikasjon av Jan Petersen frå 1916 om undersøkingar av graver på Store-Dal i Skjeberg, finst det omtale og teikning av eit fragment frå eit smykke som liknar svært mykje på den likearma spenna frå Frøyland (jf. fig. 23). Petersen daterer spenna til perioden ca 830/40 - 900 e. Kr., dvs. den første delen av vikingtida.

Dei to ovalspennene av bronse er vurdert til å vere av Petersen type 37:3 (jf. fig. 2 og 24). Dette var ein relativt utbreidd variant, mest truleg frå første halvdel av 800-talet. Slike ovalspenner var vakre smykker, men dei tente i tillegg til å halde kvinnedrakta saman: kvar av dei to skulderselane til drakta var knytt til brystdelen ved hjelp av ei slik spenne. Ovalspennene frå Frøyland har sannsynlegvis hatt hatt lause pynteknoppar festa til seg, dette var ikkje uvanleg for slike spenner. Knoppene kan ha vore av materiale som sølv eller tinn, men dessverre vart ingen slike knoppar funne under utgravinga.

Perlene (jf. m.a. Callmer 1997) har truleg vore del av eit kjede (jf. fig. 3 og 25). Kanskje hang det mellom dei to ovalspennene. Åtte av glasperlene er folierte (sølvfolie mellom to lag av glas): to har klart, gjennomskinneleg glas ("sølvfolierte"), seks har gulbrunt, opakt glas ("falskt gullfolierte"). Dei sistnemnde er truleg laga med ein teknikk som opnar for opphavsstad så langt borte som Bysants eller Midtausten.

Smykka og det elles rikholdige gjenstandsmaterialet indikerer klart at den avdøde kom frå ei velstående ætt; fleire av gjenstandane er av høg verdi og nokre av dei er importvarer. Kvinna i båtgrava høyrde nok til det øvre sosiale sjiktet i distriktet, sannsynlegvis har ho vore husfrue på ein gard her i Frøylandsområdet.

Mannsgrava inneheldt færre funn (spydspiss, kniv, bryne, moglege skrinfragment) enn hos kvinna (jf. fig. 21 og 22). Men det er viktig å hugse på at eit ukjent antal gjenstandar truleg forsvann med bortkøyrt masse frå flateavdekkinga (jf. 6.2). Det er såleis vanskeleg å vurdere gravgåver og status for mannen i denne båtgrava. Spydspissen er mest truleg av type Solberg VI.2A, dvs frå perioden ca 850 - ca 950 e. Kr. Dette opnar opp for at personane i dei to båtgravene kan ha levd samstundes. Kanskje var mannen son, bror eller ektemann til kvinna med dei flotte smykka?

Dei to øvrige gravstrukturane på undersøkingsfeltet er tolka til å vere barnegraver (jf. 6 og 7). Dette var heller små og rektangulære nedgravingar, med funn som ikkje eignar seg like godt for presis datering.

I den minste barnegrava blei det mellom anna funne ein liten sigd (jf. fig. 20). Denne gjev nærmast inntrykk av å vere ei miniatyirutgåve av dei vaksne sitt reiskap (sigd av større, "normal" storleik vart funne både i samband med kvinnegrava og den største barnegrava). Dei resterande funna var fragment av naglar/spikar. Desse kan godt vere lagt ned symbolsk som "pars pro toto" (dvs. når delar av noko er meint å representere eit heilt objekt eller ein meir omfattande kontekst). Brigitte Lohrke (2004) har analysert materiale frå barnegraver frå merovingartid i Tyskland. Ho kjem med døme på innslag av miniatyrgjenstandar: "The choice of grave goods shows that the physical development of the children was sometimes taken into account. This is demonstrated by miniature versions of various objects such as small weapons (scramasaxes and axes) and, in particular, articles which were worn on the body such as belts and jewellery (arm-, finger- and earrings)" (Lohrke 2004: 177). Kanskje skal vi forstå den vesle sigden som eit teikn på at den døde kom frå ei god ætt av korndyrkande bønder og som uttrykk for sorg over at bornet ikkje fekk vekse opp til å delta i samfunnet på garden?

I den største barnegrava var funnmaterialet noko meir omfattande (pilspiss, sigd, kniv, stiftar/spikar, jf. fig. 34, 35 og 36). I ei undersøking knytt til delvis det same materialet som Lohrke har sett på, viser Jørgensen m.fl. (1997) til barnegraver frå merovingartid frå Kirchheim am Ries i det sørlege Tyskland. Her har ein døme på at pilspissar er lagt ved som gravgåver: "The only weapons found in children's graves are arrowheads, which is yet another feature found also at other contemporary cemeteries. Male equipment at Kirchheim is then clearly dependent on the age, and probably also on the status, of the person buried. The fact that arrowheads occur in the graves of children, most of them 1-6 years old, shows that their purpose was to indicate status. Boys of that age could not have strung a bow" (Jørgensen mfl. 1997: 106). Samstundes kan ein spørje seg om auken i sjølv storleiken på grava og innslaget av ein sigd av "vaksen" storleik tyder på at den gravlagde var eit eldre barn, meir ein ungdom? Også her kan dei spreidde og fåtallige fragmenta av spikar/stiftar vere lagt ned symbolsk som "pars pro toto".

Det er vanskeleg å slå sikkert fast kva kjønn dei to unge døde hadde. Skildringa av kvinnegrava viser at eit reiskap som sigd og kniv slett ikkje utelukkande var knytt til det mannlege. Pilsmissen er ein gjenstand som kan sjåast i samanheng med tradisjonelt mannsdominerte aktivitetar som jakt og krig, såleis er det mogleg å argumentere for at den døde her var ein gut.

Ei grav og gjenstandane i ho sende nok ut signal på fleire nivå. Noko var knytt til den nære familien, til dømes foreldra sine gåver til eit born som hadde gått bort. Men graver var i tillegg ein måte for ætta å fortelje omverda om velstand og status.

Ut i frå funnmaterialet lét det seg ikkje gjere å datere barnegravene noko nærmare enn til yngre jernalder (dvs. 550 - 1050 e. Kr.), men det er mogleg at alle gravene skal forståast samla, som ein gravstad knytt til den same garden eller ætta. Det kan såleis vere at alle dei fire gravlagde var i familie og levde innan same tidsperiode på 800-talet.

10.4 Kva med aktivitetar her i yngre bronsealder og eldre jernalder?

922	Eldstad (?) i SØ	Ikkje relatert	406	50	Trekol, sot, brend stein	Undersøkt 05.02.07 ved snitting av A Skeiseid. Målt inn opprinneleg som kokegrop, men var svært grunn og innheldt forkola kvist/lyng i tillegg til nokre skjørbrendre steinar. Eldstad utandørs? Bålrest? 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 83 x 80 cm 3)Breidde i profil: 46 cm Djupne i profil: 7 cm 4)Sidene i nedgravinga: bogne. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Svart / mørkebrun masse av sand, forkola trekvistar / lyng og sot, med skjørbrend stein. Kolfragmenta såg ikkje ut som "vanleg" trekol, dei var tynne, avlange restar, meir som småkvistar. Restane av skjørbrend stein var og noko spesielle, det dreia seg om relativt flate flak av stein. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: ligg i ytterkanten av det avdekte hovudområdet, mot SØ. Kan ikkje knytast til noko bygning her. Innhald og utforming er heller uvanleg, det ser ikkje ut til å vere ei tradisjonell kokegrop: er for grunn og innheld forkola kvist, ikkje trekolbitar frå større treverk. Bålrest ? Eldstad utandørs ? Moglegvis ikkje så gammalt ? Fotoarkivnr.: 72779, 72780.
969	Kokegrop, Ø om trasé	Ikkje relatert	359	0	Trekol, sot, brend stein	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert heilt Ø i undersøkingsområdet. Kan ikkje knytast til noko bygning her. Tolka som kokegrop, evt. utandørs eldstad. Låg like ved 922 (tolka som utandørs eldstad), 969 hadde meir skjørbrent stein enn 922.
998	Eldstad (?)	Ikkje relatert	402	50	Trekol, sot, brend stein	Undersøkt 05.02.07 ved snitting av S Viste. Målt inn som eldstad, men har eit noko uvanleg innhald som heller ikkje høver så bra med kokegrop. 14C-datering tyder på at materialet (truleg forkola lyng) er ynge enn 1955 e. Kr. (jf. vedlegg 13c) 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 105 x 94 cm 3)Breidde i profil: 103 cm Djupne i profil: 19 cm 4)Sidene i nedgravinga: skrå. Botnen i nedgravinga: utprega flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Svart masse av sand, trekol (truleg forkola lyng) og skjørbrendre steinar. Mykje brend stein, men av ein særeigen type: ikkje runde, "vanlege", men meir avlange flak. Mest trekol i N og mest stein i S. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: uavklart kva strukturen har vore nytta til: det har blitt brukt open eld, men 14C-datering tyder på at dette har skjedd etter 1955 e. Kr., dvs. dette er eit moderne anleggspor. Fotoarkivnr. : 72776, 72777, 72778.
1034	St.h., V om m.trasé	Ikkje relatert	74	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon.
1046	St.h., V om m.trasé	Ikkje relatert	102	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon.
1061	Mogl. st.h., V om m.trasé	Ikkje relatert	159	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon.
1081	Den største barnegrava		Storleik steinpakning: Max lengde: ca 150 cm Max breidde: ca 85 cm Omkrins steinpakning: 448 cm Storleik fyllmasse under steinpakning: Max lengde: ca 130 cm Max breidde ca 85 cm	100	Mørk brun, kraftig humushaldig sand. Tydeleg frå nedbrote organisk materiale.	Totalgraven av A K Sivertsen, O Hemdorff og E Bjørdal i perioden 31.01.07 - 01.02.07. Ei tettpakka samling av mindre/mellomstore steinar viste seg å innehalde ei barnegrav frå yngre jernalder (mest truleg vikingtid) . Denne låg berre eit par meter S om den andre barnegrava 447. Den rektangulære gravstrukturen 1081 var orientert svakt NV-SØ. Storleik steinpakning: max lengde: ca 150 cm, max breidde: ca 85 cm. Storleik fyllmasse under steinpakning: max lengde: ca 130 cm, max breidde ca 85 cm Under steinane var det eit grunt, ca 4cm tjukt, mørkebrunt lag av kraftig humushaldig sand, tydeleg frå nedbrote organisk materiale. Strukturen var såleis ikkje skore noko særleg ned i den omliggande undergrunnsmassa av lysare, finkorna sand. Grava gav eit funnmateriale som m.a. omfattar pilsmiss, sigd og kniv (jf. kap. ??). Fotoarkivnr.: 72710, 72760-72767.
1136	St.h., V om m.trasé	Ikkje relatert	65	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Låg like i nærleiken av den største barnegrava.
1147	St.h., V om m.trasé	Ikkje relatert	162	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Humusblanda sand og nokre steinar synleg i plan. Låg i området mellom toskipa hus og den største barnegrava. Kan ikkje knytast til versjonar av det toskipa huset. Fotoarkivnr.: 72685.
1170	Steinfylt grop v/ HUS 2	Største toskipa hus - II 200007	175	0	Brun/lys brun, humushaldig sand, mellomstore steinar	Steinfylt nedgraving, like S om S-gavlen tilhøyrande den største versjonen av toskipa hus. Liknar ein heil del på 2903 like ved: omlag same storleik og innhald (humus, sand og mellomstore steinar). Både 1170 og 2903 kunne minne litt om steinskodde stolpehol, men det var berre to av dei, og ingen av st.h. knytt til toskipa hus såg slik ut. Uavklart funksjon, kan også ha vore nyare forstyrningar av noko slag. Fotoarkivnr.: 72685

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1194	Kokegrop? Eldstad? I omr. SØ om hovudundersøkingsområdet	Ikkje relatert	482	50	Trekol, sot, brend stein	Undersøkt 19.01.07 ved snitting av A Skeiseid Kokegrop eller utandørs eldstad: bruk av open eld har ført til trekol og skjørbrend stein. 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 160 x 120 cm 3)Breidde i profil: 82 cm Djupne i profil: 29 cm 4)Sidene i nedgravinga: skrå / ujamn. Botnen i nedgravinga: relativt flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Strukturen inneheldt ei blanding av svart trekolmasse, noko sand og grus, og eit omfattande antal skjørbrende steinar. Undergrunnen rundt var lys sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: ligg saman med 2 AK 1219 utanfor sjølve hovudområdet for undersøkinga, vart påvist ca 90 m SØ om dette området. Funne ved planering for oppsetting av arbeidsbrakker. Fotoarkivnr.: 72711, 72712, 72713, 72714.
1219	Eldstad ? Bålrest ? I omr. SØ om hovudundersøkingsområdet	Ikkje relatert	279	50	Trekol, sot, brend stein, mørk brun humus	Undersøkt 29.01.07 ved snitting av A Skeiseid Opprinneleg målt inn som kokegrop, men snitting viste at strukturen var svært grunn og inneheldt få skjørbrende steinar. Bør heller tolkast som utandørs eldstad / bålrest. 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 65 x 43 cm 3)Breidde i profil: 35 cm Djupne i profil: 6,5 cm 4)Sidene i nedgravinga: bogne. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: mørk brun humus med høgt innhald av brent masse i form av trekol og nokre skjørbrende steinar. Trekolet liknar mykje på det frå 2 AI 998 ved at det består mykje av forkola lyng / kvistar. Undergrunn: relativt kompakt, humushaldig sand, lysare / raudbrun på farge. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: strukturen ligg saman med 1194 i eit område SØ om sjølve undersøkingsarealet ved graver og toskipa hus (jf. 1194). 1219 var noko ramponert av gravemaskina, men likevel ein særprega grunn struktur. Synest ikkje å ha vore forhistorisk kokegrop. Moglegvis bålrest ? Fotoarkivnr.: 72711, 72712, 72715, 72716.
1238	"Grop" v/ mannsgrava	Ikkje relatert	191	100	Brun/lys brun, humushaldig sand	Opprinneleg målt inn som del av mannsgrava 2 AA 492. Høvde ikkje med resten av båtforma på grava, men det lét seg ikkje gjere å finne ei klar avgrensing mellom denne "gropa" og sjølve båtgrava 492. Massa var av liknande type som i resten av 492, men det blei ikkje gjort funn frå massa innan 1238. Strukturen 1238 var berre nokre få cm djup. Det er mogleg at 1238 var restar etter ein del av båten som hadde kollapsa og falle utover, men det er lite sannsynleg. Fotoarkivnr.: 72718, 72728
1260	St.h. i S-gavl, HUS 2*	Største toskipa hus - I 200005 *	126	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	* Målt inn på nytt som 2AS 1348. Viste seg ved ytterlegare framreinsing å truleg vere dobbelt stolpehol - målt inn meir nøyaktig som 1348.
1276	St.h. i S.gavl, HUS 2*	Største toskipa hus - I 200005 *	117	50	Brun/lys brun, humushaldig sand	* Målt inn på nytt som 2AS 1368. Stolpehol for veggstolpe i største versjon av toskipa hus, truleg dobbelt (utskifting av stolpe). 14C-datert til 1785-1715 BC. Fyll: lysbrun humus m/noko stein. Form i flata: heller oval - moglegvis to som delvis skjer kvarandre. Mål i flata: 50 x 37 cm Breidde i profil: 50 cm Djupne i profil: 45 cm Form i profil: heller steile sider og flat botn Fotografert etter snitting, men ikkje teikna pga for dårlege lystilhøve og tidspress. Anleggsskjema fylt ut 12.02.07 av EB.
1289	St.h. i V-vegg, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	124	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Skil seg klart frå undergrunnsmassa, sikkert stolpehol. Tolka som del av V-veggen / hjørnestolpe i S-gavl i største versjon av toskipa hus.
1314	St. grop, S om toskipa hus	Ikkje relatert	903	30	Brun humus, mellomstore steinar	Stor nedgraving fylt med mellomstore steinar og humusmasse. Lokalisert like S om S-gavl til den største versjonen av toskipa hus - ingen direkte kontakt med delar av huset, men 1314 er truleg yngre. Kan moglegvis ha fjerna nokre st.h. frå utskiftingar i denne gavlen: 1348 og 1368 V for 1314 er jo rekna som doble, medan 1393 og 1404 rett ved nedgravinga er enkle. 1314 vart undersøkt nærmare vha spade - det var inga grav med steinpakning øvst som den største barnegrava. Eigentleg funksjon for 1314 er uavklart. Fotoarkivnr.: 72685
1348	St.h. i S-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	135	0	Brun/gråbrun humusblanda sand	*Først målt inn som 2AS 1260. Etter framreinsing, viste det seg truleg å vere ein eit dobbelt stolpehol - målt inn på nytt som 1348. Del av gavlvegg i den største versjonen av toskipa hus. Fyll: brun/gråbrun humusblanda sand.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1368	St.h. i S-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	119	50	Lys brun, humushaldig sand	*Først målt inn som 2AS 1276. Ved nærmare framreinsing forstod ein at det truleg dreia seg om ein "dobbelstolpe", og anlegget vart målt inn på nytt som 1368. Undersøkt 12.02.07 ved snitting av E Bjørdal. Stolpehol med stolpeavtrykk, ingen skoningsstein. 1) Form i flata: rund 2) Mål i flata: 50 x 37 cm 3) Breidde i profil: 50 cm Djupne i profil: 45 cm 4) Sidene i nedgravinga: relativt beine/steile. Botnen i nedgravinga: ganske flat, noko rund. 5) Farge og samansetnad på masser: Utanfor stolpeholet er massa veldig lys, grå/beige på farge. I stolpeholet er massa lysbrun, blanding av fin sand og humus. Innslag av nokre få, mindre steinar. 6) Gravemetode: snitta 7) Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8) Tydlegheit: synleg frå topp til botn, men snittinga føregjekk på kveldstid med lite lys.. 9) Anna: heile 45 cm djup. Hjørne i gavlen som 1425 på den austlege sida (47 cm)? Fotoarkivnr.: 72835 (berre profil)
1384	St.h., truleg HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	95	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av største versjon av toskipa hus, V-veggen. Ligg noko på innsida av veggrekka - liknar såleis på 1467, 2855, 2287 mfl.
1393	St.h. i S-gavlen, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	99	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt som del av S-gavlen i den største versjonen av toskipa hus.
1404	St.h. i S-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	79	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt som del av S-gavlen i den største versjonen av toskipa hus.
1414	St.h. i S-gavlen i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	96	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt som del av S-gavlen i største versjon av toskipa hus.
1425	St.h. i S-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	97	50	Massa er gråbrun i toppen og brunbeige nedover, finkorna sand med innslag av humus.	Undersøkt 06.02.07 ved snitting av AK Sivertsen. Stolpehol med stolpeavtrykk, ingen skoningsstein. 1) Form i flata: rund 2) Diameter i flata: 33 cm 3) Breidde i profil: 30-33 cm Djupne i profil: 47 cm 4) Sidene i nedgravinga: relativt beine/steile. Botnen i nedgravinga: ganske flat, med ein svak spiss mot V. 5) Farge og samansetnad på masser: Utanfor stolpeholet er massa veldig lys, grå/beige på farge. I stolpeholet er massa gråbrun i toppen og brunbeige nedover, finkorna sand med innslag av humus, kolbitar og nokre små, runde steinar. 6) Gravemetode: snitta 7) Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8) Tydlegheit: veldig godt synleg frå topp til botn 9) Anna: svært djupt - 47 cm ! Fotoarkivnr.: 72787, 72788.
1435	St.h. i Ø-veggen, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	78	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt som del av Ø-veggen i største versjonen av toskipa hus.
1445	St.h. i Ø-veggen, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	140	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Strukturen er såpass stor at det godt mogleg kan dreie seg om ein "dobbelstolpe", utskiftingar i samband med Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus.
1457	St.h. i Ø-veggen, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	88	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt inn som del av Ø-veggen i største versjon av toskipa hus.
1467	St.h. i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	81	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Truleg del av Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus: ligg noko innanfor veggrekka, jmf. liknande plassering på m.a. 1384, 2855.
1477	St.h. i S-gavl, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	88	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Høver godt som del av S-gavlen i den minste versjonen av toskipa hus.
1488	St.h., v/ toskipa hus	Ikkje relatert	84	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert på "utsida" av toskipa huskonstruksjon. Moglegvis del av ein uidentifisert huskonstruksjon Ø om toskipa hus.
1499	St.h. i S-gavl, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	97	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Opprinneleg målt inn som større struktur - "dobbelstolpe" -, den nordre delen er seinare skilt ut i Intrasis som 200001 (tilhøyrer truleg den største versjonen av toskipa hus). 1499 er tolka som del av S-gavl / Ø-vegg i den minste versjonen av toskipa hus - moglegvis å rekne som ein hjørnestolpe.
1523	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	77	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. St.h. lokalisert i området for toskipa hus. Uavklart kva for ein versjon av huset det tilhøyrer - kan høve med Ø-vegg i begge. Ligg noko innanfor veggrekka, som t.d. 1467, 2855, 2370.
1534	St.h., Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	89	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som st.h. i Ø-veggen i minste versjon av toskipa hus.
1547	St.h., Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	94	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å tilhøyre Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus.
1560	St.h., Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	71	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å tilhøyre Ø-veggen i den minste versjonen av toskipa hus.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1569	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	90	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert i område innan toskipa huskonstruksjon, i nærleiken av stor, jordfast stein. Uavklart kva for - om i det heile - versjon av toskipa hus dette st.h. tilhøyre. Om det er knytt til det toskipa huset, er det i så fall ikkje snakk om funksjon som veggstolpe eller takberande midtstolpe.
1579	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	76	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert innan toskipa huskonstruksjon, men uavklart om st.h. tilhøyre huset, evt. kva fase/versjon. Like ved stor, jordfast stein.
1589	Steinpakning/forstyrning	Ikkje relatert	441	100	Aur, brun humusjord, lys brun, humushaldig sand	Struktur like V om maskintraséen, omlag på det høgste punktet i undersøkingsområdet. Først målt inn som mogleg grav 2AA 1589 - pga av fyll av stein og lokalisering - men nærmare undersøking viste at det ikkje var noko gravminne. Ved den første påvisninga av strukturen 04.01.07. blei det også funne noko flint på overflata her. Undersøkt 05.02.07 av A K Sivertsen: Strukturen var i overflata oval i forma, ca 130 x 100 cm. Heile overflata var dekt av steinar, desse var kantete/skarpe og av varierende storleik. Slike steinar fylte heile nedgravinga, dei låg i ei masse dominert av brun dyrkingsjord. Massa var raudbrun aur øvst, så brun jord, og i botnen var jorda noko blanda med den lysare undergrunnsanden. Nedgravinga skrånne jamnt ned mot ein ganske rund botn. Innhaldet i nedgravinga vart fjerna med graveskei, det var ikkje noko ved strukturen og innhaldet som tyda på at det dreia seg om ei grav. Tømminga av strukturen påviste at nedgravinga hadde kutta vekk delar av det tilgrensande st.h. 3051.
1624	St.h., Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	69	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å tilhøyre Ø-veggen i den minste versjonen av toskipa hus.
1633	Kokegrop v/ toskipa hus	Ikkje relatert	348	50	Trekol, sot, brend stein, mørk brun humus	Undersøkt 05.02.07 ved snitting av A Skeiseid. Kokegrop. 1)Form i flata: rund 2)Mål i flata: 106 x 92 cm 3)Breidde i profil: 89 cm Djupne i profil: 15 cm 4)Sidene i nedgravinga: relativt bogne. Botnen i nedgravinga: ganske rund. 5)Farge og samansetnad på masser: Mørkbrun og svart på farge. Blanding av humus, trekol og skjørbrende steinar. Brende steinar stikk ut frå profilveggen, den største er over 20 cm lang. Brende steinar i heile overflata av strukturen. Humushaldig jord mot Ø og V, elles ein del humushaldig jord med mindre kolparti. Anlegget er grave ut frå NNV. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: vedlig godt synleg frå topp til botn 9)Anna: ligg mellom fleire stolpehol, m.a. 1550 og 1624. Ikkje i direkte kontakt med desse, men er truleg yngre enn den toskipa langhuskonstruksjonen rett V. Anlegget er ikkje teikna i profil, men fotografert (jf. nedanfor). Det er ikkje sendt inn prøve til 14C-datering. Fotonr. 72785, 72786.
1659	St.h., Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	99	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å tilhøyre Ø-veggen i største versjon av toskipa hus.
1669	St.h., v/ toskipa hus	Minste toskipa hus - II 200009	82	50	Lys brun, humushaldig sand	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av AK Sivertsen. Stolpehol med stolpeavtrykk. To steinar i botnen av struktur kan vere skoningsstein. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 26 cm 3)Breidde i profil: ca 28 cm Djupne i profil: ca 29 cm 4)Sidene i nedgravinga: rette, smalnar inn mot spiss i botn. Botnen i nedgravinga: rund med eit par steinar nedst i Ø, utan steinar og ned i ein spiss mot V. 5)Farge og samansetnad på masser: Massane rundt er lysbeige, i st.h. er det lysbrun, finkorna sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: godt synleg frå topp til botn 9)Anna: graven ut og teikna samstundes med nærliggande 1679. Skoningsstein? Uklart om st.h. høyrer til største eller minste versjon av toskipa hus her. Fotoarkivnr.: 72814 (berre i plan)

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1679	St.h. i Ø-vegg, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	102	50	Lys brun, humushaldig sand	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av AK Sivertsen. Stolpehol, ingen skoningsstein. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 33 cm 3)Breidde i profil: 33 cm Djupne i profil: ca 23 cm 4)Sidene i nedgravinga: skår umiddelbart inn mot botnen. Botnen i nedgravinga: heller rund/bogen. 5)Farge og samansetnad på masser: I stolpeholet er massa lysbrun, fin sand, skil seg frå lysare undergrunn. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: godt synleg frå topp til botn 9)Anna: undersøkt og teikna saman med 1669 like ved. Fotoarkivnr.: 72814 (berre i plan)
1691	St.h., v/ toskipa hus	Ikkje relatert	72	50	Brun, humushaldig sand	Undersøkt 06.02.07 ved snitting av S Viste Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 26 cm 3)Breidde i profil: 26 cm Djupne i profil: 11 cm 4)Sidene i nedgravinga: relativt beine/steile. Klar avgrensing mot undergrunnen i Ø, meir diffust mot V. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Stolpehol: brun sand m/ innslag av små trekolbitar. Undergrunn: lys brun sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydelegheit: relativt klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: tilhøyrer truleg ikkje toskipa hus like mot V, ligg på "utsida" av denne konstruksjonen. Kan ha tilhøyrert eit anna hus i området. Fotoarkivnr.: 72789, 72790.
1701	St.h., v/ toskipa hus	Ikkje relatert	97	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert på "utsida" av / Ø om toskipa huskonstruksjon. Kan moglegvis ha tilhøyrert uidentifisert hus her, kanskje saman med t.d. 1488, 1691 og 1734 ?
1712	St.h., Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	106	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus.
1724	St.h., Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	83	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av Ø-veggen i den minste versjonen av toskipa hus.
1734	St.h., v/ toskipa hus	Ikkje relatert	99	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert på "utsida" av / Ø om toskipa hus. Moglegvis del av uidentifisert huskonstruksjon her, kanskje saman med 1488, 1691 og 1701 ?
1745	St.h., Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	100	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus.
1757	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	90	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Ligg i området for toskipa hus - rett innanfor veggrekka i den største versjonen og noko utanfor veggrekka i den minste. Det er såleis mest sannsynleg at st.h. tilhøyrer den største versjonen, men det er uavklart.
1767	Grop v/ toskipa hus	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	396	50	Brun/lys brun, humushaldig sand	Undersøkt av E Bjørdal, 12.02.07. Oval i plan. Storleik: ca 140 x 100 cm i diameter. Breidde i profil: ca 100 cm. Djupne: ca 15 cm. Bogne sider og rund botn. Nedgraving med brun / lysbrun, humushaldig sand og noko trekol i området for Ø-veggen til toskipa hus. Uavklart kva forhold gropa har hatt til største og minste hus, kan ikkje knytast klart til bruken av nokon av dei. Kan også vere yngre eller eldre enn begge to. Undersøkt overfladisk og raskt ved snitting av spade og foto av profil. Grov vekk halve strukturen for å få fram profilsnitt omlag midt på anlegget. Frost i bakken og tidspress forhindra ytterlegare undersøkingar. Fotoarkivnr.: 72829.
1797	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	88	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert innan området for toskipa hus, men ikkje takberande midtstolpe eller veggstolpe i nokon av versjonane. Kan ha fungert i samband med ein indre konstruksjon.
1808	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	84	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert inne i toskipa hus. Kan ha tilhøyrert stor eller liten versjon, men ikkje som veggstolpe eller takberande midtstolpe. Kan ha vore del av indre konstruksjon i bygning.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1819	St.h. i Ø-vegg, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	102	50	Brun/lys brun, humushaldig sand	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av S Viste Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: sirkelrund 2)Diameter i flata: 32 cm 3)Breidde i profil: 32 cm Djupne i profil: 21 cm 4)Sidene i nedgravinga: relativt beine/steile. Ganske klar avgrensing mot lysare undergrunn. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: I stolpehol: brun, humushaldig sand. Ikkje synleg trekol. Undergrunn: lys brun sand. 6)Gravemetode: snitta; fjerna særleg halvdel.Tok ut makroprøve frå utgraven del. 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: I plan var strukturen ganske diffus, ved snitting framstod ei relativt klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: tilhøyrrer truleg den minste versjon av toskipa hus. Fotoarkivnr.: 72812, 72813.
1832	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	88	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Lokalisert innan toskipa hus. Ikkje veggstolpe eller takberande stolpe i nokon av versjonane. Uavklart kva versjon st.h. evt. tilhøyrrer. Har liknande plassering som 1797. Kan ha vore del av ein indre konstruksjon.
1844	St.h. i Ø-vegg, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	99	50	Mørk brun/ brun, humushaldig sand	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av S Viste. Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: ujamn - oval/firkanta 2)Diameter i flata: 33 x 36 cm 3)Breidde i profil: 30 cm Djupne i profil: 48 cm 4)Sidene i nedgravinga: relativt beine/steile. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: St.h.: klart avgrensa frå lysare undergrunn. Massa i st.h. består av mørk brun humushaldig sand, m/ noko trekol. I ytterkanten, særleg mot Ø, er massa i st.h. noko lysare enn i midten, men likevel klart avgrensa mot undergrunnen rundt. Undergrunnen er lys brun sand. Ein mindre stein ved overflata i særleg hjørne - ikkje tolka som skoningsstein. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: tilhøyrrer truleg Ø-vegg i største versjon av toskipa hus. Uvanleg djup for slik veggstolpe - dørstolpe ? Makroprøve teke ut frå bortsnitte halvdel. Fotoarkivnr.: 72816, 72817.
1859	Stor grop v/ toskipa hus	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	590	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Stor nedgraving (oval, ca 220 x 130 cm) ved toskipa hus. Uavklart forhold til største og minste versjon av huset: ville ligge rett utanfor veggen til det vesle og rett innanfor veggen til det største. Kan ha fjerna stolpar i veggen til det minste huset. Kan evt. vere rest som viser til inngangsparti knytt til det minste huset.Ikkje snitta, berre reinsa fram i plan. Ikkje fotografert, pga snø. frost og tidspress. Opprinneleg målt inn med stolpehol i S inkludert (200003).
1911	St.h. i Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	78	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som dela av Ø-veggen i minste versjon av toskipa hus.
1922	St.h. i Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	119	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av Ø-veggen i den største versjonen av toskipa hus.
1936	St.h. i Ø-vegg i HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	82	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon.Tolka som del av Ø-veggen i største versjon av toskipa hus.
1947	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	252	70	Brun og lys brun, humushaldig sand	Undersøkt 06.02.07 ved snitting av S Viste Stolpehol for midtstolpe: spor etter minst to stolpar, moglegvis tre. Nokre spreidde mindre steinar i massa kan ha stamma frå skoning, men dette er usikkert. Strukturen har oppstått ved utskifting av fleire midtstolpar knytt til den største versjonen av toskipa hus her. Fotoarkivnr. : 72791, 72792, 72793. 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 80 x 83 cm - dette er heile nedgr., på overflata var det innan dette mogleg å skimte tre separate stolpeh.- strukturar. 3)Breidde i profil: 75-77 cm - dette er max for heile nedgr. - dei to klart synlege st.h. innan strukturen er høvesvis 17 cm (nr. 1) og 32 cm (nr. 2) breie. Djupne i profil (frå overflata): 35 cm (nr. 1) og 19 cm (nr. 2). 4)Sidene i nedgravinga: Nr. 1: beine/steile. Toppen truleg kutta vekk av yngre nedgr. Nr. 2: meir bogen/rund enn nr. 1. Botnen i nedgravinga: Nr. 1: heller noko, frå V mot Ø. Nr. 2: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Nr. 1: brun/lys brun sand m/ innslag av små trekolbitar. Lysare, meir utvaska enn nr. 2. Nr. 2: mørk brun sand, noko meir trekol enn i nr. 1. Undergrunn: lys/lys brun sand. 6)Gravemetode: snitta - lét ein midtbalk stå att og grov vekk resten, slik at ein fekk fram profil på begge sider av midten. 7)Undersøkt del: ca 70% for å få fram profilar. 8)Tydlegheit: Klar avgrensing frå undergrunnsmasse. St.h. tydegast i S-leg profil, i N-leg profil er det vanskelegare å tolke nedgr. massa. Kan ha eit tredje st.h. her. 9)Anna: Det vart funne eit randskår på overflata av strukturen. Ved snitting vart det nede i den N-lege delen funne keramik og bitar av brent bein. Det vart teke ut makroprøver frå begge dei bortgravne delane.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

1967	Grop- truleg m/ 2 st.h., HUS 2?	Største toskipa hus - I 200005 ?	288	50	Mørk brun humushaldig sand	Undersøkt 08.- 09.02.07 ved snitting av A Skeiseid. Målt inn som grop, men kan bestå av to, relativt grunne stolpehol ("a" og "b"). 1)Form i flata: ujamn, avlang. Nokre mellomstore steinar (10-15 cm) stakk opp i flata, omlag midt i strukturen. Desse viste seg ved snitting å kunne ha vore skoning for eit mogleg stolpehol "a" innan strukturen. (jf. nedanfor). 2)Diameter i flata for heile opprinneleg innmålt struktur: N-S: 107 cm (max total lengde: 122 cm), Ø-V: 49 cm. 3)Breidde i profil: mogleg st.h. "a": 40 cm, "b": 42 cm Djupne i profil: mogleg st.h. "a": 12 cm, "b": 17 cm. 4)Sider og botn i nedgravingane: "a": sidene skrår slakt inn mot botnen, meir moderat på venstre sida (NV). Avlang, rund i botnen."b": skrånande sider på begge sider, rund/ujamn i botnen. 5)Farge og samansetnad på masser: Profilen viser at "a" og "b" er to skilde strukturar. Massa i "a" er noko mørkare enn den i "b". Begge innheld brun/mørkbrun humushaldig sand med nokre mindre steinar og litt trekol. Undergrunnen er klart lysare, og består av gråbrun, finkorna sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. Snittinga viste at det truleg ikkje dreia seg om ei grop, men heller to nærliggande, men separate, stolpehol. Nedgravingane er tydelege mot den lysare undergrunnen. 9)Anna: Har truleg tilhørt HUS 2. Fotoarkivr.: 72826, 72827.
1993	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	179	50	Mørk brun og brun, humushaldig sand	Undersøkt 06.02.07 ved snitting av A Skeiseid Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: sirkelrund. 2)Diameter i flata: 45 cm 3)Breidde i profil: 50 cm Djupne i profil: 58 cm 4)Sidene i nedgravinga: I sør: bôgar slakt innover dei første 20 cm frå toppen og nedover, så meir loddrett mot botnen. I nord: loddrett nesten heile vegen frå topp til botn. Botnen i nedgravinga: ganske rund. 5)Farge og samansetnad på masser: Mørk brun, humushaldig sand. Ein del mindre steinar i botnen - for små til å reknast som skoning. Undergrunnen rundt er fin, lys sand. 6)Gravemetode: snitta. 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: Djup og brei - høver med at det har stått ein solid takberande stolpe her. Liknar svært mykje på ein annan midtstolpe, 2AS 2045 - noko som også vil høve bra med den interne rekkjefølgja til midtstolpane i den største versjonen av det toskipa huset. Fotoarkivr.: 72794, 72795.
2012	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	135	50	Mørk brun/grå og brun, humushaldig sand	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av A K Sivertsen Stolpehol, ingen skoningssteinar. To 14C-dateringar basert på forkola korn: 2405-2285BC / 1945-1825BC. Den eldste dateringa er truleg grunna i at eit korn eldre enn bruksperioden til huset har kome ned i stolpeholet. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 46 cm 3)Breidde i profil: max. 37 cm, min. 23 cm. Djupne i profil: 39 cm 4)Sidene i nedgravinga: sidene skrår svakt innover mot ein svak spiss i botn. Botnen i nedgravinga: ujamn, "spiss" på den eine sida. 5)Farge og samansetnad på masser: Mørk brun / grå øvst, så eit utvaskingssjikt med lysare masse før innhaldet vert brunt ca 12 cm nede i profilen. Veldig finkorna sand spetta med små kolbitar. Undergrunnsmassa rundt er fin, kvitgrå sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: svært klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: Ein mellomstor (ca 15cm lang) stein låg NV om st.h., i retning 2 AS 2027 like ved. Ikkje tolka som skoningsstein. Liknande djupne som 2 AS 2094 (midtstolpe lenger N: 41 cm djup) - frå same fase? Fotoarkivr.: 72800 (berre profil)
2027	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	163	50	Mørk brun/grå og brun, humushaldig sand,grus	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av O Hemdorff Stolpehol, ingen skoningssteinar. Men ein stor, jordfast stein i bakken på vestsida av strukturen, i retning 2 AS 2045. 1)Form i flata: oval 2)Diameter i flata: 55 x 48 cm 3)Breidde i profil: 55 cm Djupne i profil: ca 40 cm 4)Sidene i nedgravinga: Høgre side: loddrett. Venstre side: skrå. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: St.h.: svart - brungrå humushaldig sand, med innslag av grus og småstein. Nesten svart i massa øvst mot toppen, lysare ned mot botnen. Enkelte av dei mindre steinane synleg i fyllen var skjørbrende. Mykje trekol synleg. Ein større jordfast stein synleg på vestsida. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: takberande stolpe i største versjonen av toskipa hus på staden. Fotoarkivr.: foto manglar, dessverre.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

2045	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	152	50	Mørk brun/grå og brun, humushaldig sand, grus	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av O Hemdorff Stolpehol, ingen skoningssteinar. 14C-daterert til 1930-1740BC. 1)Form i flata: oval/rund 2)Diameter i flata: 50 (Ø-V) x 43 (N-S) cm 3)Breidde i profil: 48 cm Djupne i profil: 63 cm 4)Sidene i nedgravinga: loddrette. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Fyllmassa i st.h. er svartgrå øvst og lysare gråbrun ned mot botnen. Det er ein flytande overgang her. Massa består av humushaldig sand med noko grus, enkelte små steinar og litt trekol. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: Svært djupt - heile 63 cm ! Liknar svært mykje i storleik og masse på midtstolpe 2 AS 1993 lenger S - det ville for øvrig høve godt med den innbyrdes plasseringa av takberande stolpar i den største versjonen av det toskipa huset om 2045 og 1993 var frå same fase. Fotoarkivnr.: ikkje fotografert, dessverre.
2061	St.h., HUS 1 eller 2	Største toskipa hus - I 200005 eller Minste toskipa hus - II 200009	202	0	Mørk brun og brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Stor struktur for å vere stolpehol: nærmast ei grop å rekne, evt. attbrukt ved utskifting av stolpar. Har storleik som takberande midtstolpe, men høver ikkje inn som dette i nokon av versjonane av toskipa hus. Har ikkje tilhørt veggkrekka i dei påviste husa. Kan ha vore del av indre konstruksjon.
2081	Midtstolpe, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	97	50	Gråbrun humushaldig sand, med noko småstein	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av O Hemdorff Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 38 x 38 cm 3)Breidde i profil: 38 cm Djupne i profil: 36 cm 4)Sidene i nedgravinga: Høgre (mot S): skrå. Venstre: loddrett. Botnen i nedgravinga: rund. 5)Farge og samansetnad på masser: Gråbrun humushaldig sand, med noko småstein og trekol. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå lysare undergrunnsmasse. 9)Anna: Fyllmassa har så godt som same innhald og farge som i 2 AS 2496 - tilhører same fase (den minste) av toskipa hus. Ein større trekolbit funnen på 19 cm's djupne teken ut som fnr. 171. Fotoarkivnr.: dessverre ikkje fotografert.
2094	Midtstolpe, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	109	50	Mørk brun humushaldig sand med nokre små steinar	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av A Skeiseid. Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: tilnærma rund 2)Diameter i flata: 34 (N-S) x 37 (Ø-V) cm 3)Breidde i profil: 40 cm Djupne i profil: 41 cm 4)Sidene i nedgravinga: bogne. Botnen i nedgravinga: rund. 5)Farge og samansetnad på masser: Mørk brun humushaldig sand med nokre små steinar, og ein mellomstor stein høgt oppe i massa. Undergrunnsmassa er lys, fin sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse. 9)Anna: etter alt å døme ein takberande midtstolpe i ein fase av den største versjonen av det toskipa huset. Same fase som 2 AS 2012 ? Fotoarkivnr.: 72801, 72802.
2107	Midtstolpar, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	156	50	Eldste st.h. ("a"): lys grå / brun / oransje fin sand, med nokre små, runde steinar. Yngste st.h. ("b"): mørk brun / grå fin sand, med nokre relativt store (over 15 cm lange) og ein del små steinar øvst og midt i fyllmassa.	Undersøkt 06.02.07 ved snitting av A K Sivertsen To stolpehol innan same innmålte struktur. Eit par større steinar i fyllmassa (over 15cm lange) kan opprinneleg ha tilhørt skoning, men dei var i så fall kome ut av posisjon. 14C-daterert til 1770-1695BC. 1)Form i flata: oval, med innsenking i toppen. 2)Diameter i flata: 68 x 35 cm 3)Breidde i profil: Heile strukturen: max. 68 cm (øvt), ca 50 cm på midten, ca 34 cm på 35 cm's djupne. Eldste st.h. ("a"): max. ca 34 cm. Yngste st.h. ("b"): max. ca 39 cm. Djupne i profil: Eldste st.h. ("a"): 31 cm (men truleg kutta av "b"). Yngste st.h. ("b"): 49 cm. 4)Sidene i nedgravinga: Eldste st.h. ("a"): strukturen er ganske diffus, og truleg kutta av "b": ujamn kant og botn. Yngste st.h. ("b"): uklar overgang/grense mot "a" i NØ, den best bevarte sida i SV er steil/tilnærma loddrett. Botnen i "b" er ikkje flat, men ujamn, med det djupaste punktet ned i ein liten spiss. 5)Farge og samansetnad på masser: Eldste st.h. ("a"): lys grå / brun / oransje fin sand, med nokre små, runde steinar. Yngste st.h. ("b"): mørk brun / grå fin sand, med nokre relativt store (over 15 cm lange) og ein del små steinar øvst og midt i fyllmassa. Ein del synleg trekol. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: klar avgrensing frå undergrunnsmasse, meir diffus overgang mellom "a" og "b". 9)Anna: Reinsing og snitting viste at strukturen i røynda gjekk ca 12 cm lenger mot Ø enn det som var målt inn. Får dermed ein storleik som liknar meir på 2 AS 1947 i S. For den nordlege takberande stolpen har ein då sannsynlegvis 2 AS 2094 og 2 AS 2107 (dobbel). Fotoarkivnr.: 72803, 72804, 72805.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

2123	St.h. i Ø-vegg, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	85	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å tilhøyre Ø-veggen i den minste versjonen av toskipa hus.
2134	St.h., HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	77	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som å ha tilhøyrt den største versjonen av toskipa hus. Låg noko innanfor veggrekka av stolpar i Ø-veggen. Kan vere ei utskifting av 1936, eller ha stått noko innanfor ytterveggen på liknande vis som t.d. 1467 og 2855.
2145	St.h. i Ø-vegg i HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	81	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av Ø-vegg / hjørnestolpe i N-gavl i den minste versjonen av toskipa hus.
2155	St.h. i N-gavl, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	66	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavl i den minste versjonen av toskipa hus.
2164	St.h. i N-gavl, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	70	50	Lys brun / grå humushaldig sand, noko feit i konsistens. Nokre småsteinar/ grus mot botnen.	Undersøkt 08.02.07 ved snitting av A Skeiseid Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: sirkelforma / svakt oval. 2)Diameter i flata: oppr. målt til 26 (N-S) x 22 (Ø-V) cm: gjennomgang av teikning og profilfoto viser at st.h. nok er noko mindre og truleg tilnærma sirkulært: ca 20 cm i diameter 3)Breidde i profil: oppr. målt til ca 27 cm, truleg noko mindre - ca 20 cm. Djupne i profil: 27 cm 4)Sidene i nedgravinga: revidert tolking av strukturen gjev eit st.h. med tilnærma loddrette sider og flat botn. 5)Farge og samansetnad på masser: I st.h.: lys brun / grå humushaldig sand, noko feit i konsistens. Nokre småsteinar/ grus mot botnen. Undergrunnen rundt er lysare sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: i felt vurdert som svært utydeleg og krevjande å avgrense: revisjon vha foto viser eit bleikt, men distinkt st.h. Ingen tvil om at det er spor etter ein stolpe. 9)Anna: tolka som veggstolpe i N-gavl i den minste versjon av toskipa hus. Fotoarkivnr.: 72818, 72819.
2173	St.h. i N-gavl, HUS 1	Minste toskipa hus - I 200004	89	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavl i den minste versjonen av toskipa hus.
2192	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	96	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavlvegg i største versjon av toskipa hus.
2202	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	77	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavlvegg i den største versjonen av toskipa hus.
2213	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	84	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavlvegg i største versjon av toskipa hus.
2224	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	70	50	Brun, humushaldig sand	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av S Viste Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 20 cm 3)Breidde i profil: 18 cm Djupne i profil: ca 17 cm (noko diffus i botnen) 4)Sidene i nedgravinga: steile, ikkje heilt loddrette. Botnen i nedgravinga: ganske flat, men diffus avgrensing mot undergrunnen. 5)Farge og samansetnad på masser: St.h.: brun, humushaldig sand, med nokre små trekolbitar. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: relativt klar avgrensing frå lysare undergrunnsmasse i profil, men diffus mot botnen. 9)Anna: tolka som del av ein fase av N-gavl i største versjonen av toskipa hus. Snitta saman med 2 AS 2235 like ved (tilhøyrrer truleg kvar sin fase / utskifting av gavlen) - desse to strukturane har klare likskapar i storleik og innhald, noko som indikerer stolpar av same storleik og bruksområde. Fotoarkivnr.: 72806, 72808.
2235	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	66	50	Brun, humushaldig sand	Undersøkt 07.02.07 ved snitting av S Viste Stolpehol, ingen skoningssteinar. 1)Form i flata: rund 2)Diameter i flata: 20 cm 3)Breidde i profil: 19 cm Djupne i profil: 22 cm 4)Sidene i nedgravinga: Høgre (mot S): loddrett. Venstre (mot N): steil / mindre loddrett enn den høgre. Botnen i nedgravinga: flat. 5)Farge og samansetnad på masser: Brun, humushaldig sand m/ innslag av små trekolbitar. Undergrunn: lys sand. 6)Gravemetode: snitta 7)Undersøkt del: 50% for å få fram profil 8)Tydlegheit: heller diffus avgrensing frå lysare undergrunnsmasse, men utvilsamt spor etter ein stolpe her. 9)Anna: tolka som del av fase i N-gavlvegg tilhøyrande største versjonen av toskipa hus. Jf. 2 AS 2224. Fotoarkivnr.: 72806, 72807.
2246	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	81	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavlveggen i største versjonen av toskipa hus.
2257	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	73	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavl i største versjonen av toskipa hus.

VEDLEGG 3 Liste over anleggspor / strukturar

2269	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	99	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavl i største versjonen av toskipa hus.
2282	St.h. i N-gavl, HUS 2	Største toskipa hus - I 200005	78	0	Brun/lys brun, humushaldig sand	Berre framreinsa i plan og målt med totalstasjon. Tolka som del av N-gavlvegg i den største versjonen av toskipa hus.
h *Ein fragmentert kniv av jern.* Med rest av treskaft, og med fr. av min. tekstil og min. tre på bladet. Fire fragment er limt saman til ein gjenstand. Delar av bladet manglar, og den bakre delen av tangen er avbroten. Kniven har ein skrå avsats i rygglina, ryggen er skrå rettlina mot odden. Sjølve odden verkar å vere bevart. Eggen er skrå, rettlina og relativt smal frå odden, blir så distinkt breiare frå om lag ved avsatsen i rygglina og bakover mot tangen. Har fellestrekk med JP107 (Petersen 1951) og Arbman tafel 183: 13 (Arbman 1940). Bladet er stilt noko skeivt til sida for tangen. Bevart min. tre viser at bladet har gått noko inn i skaftet. Det er bevart mineralisert tekstil på store delar av den eine sida av bladet (relativt grov tekstil, nokre trådar er z-tvinna). På motsett side av bladet er det eit heller tjukt lag av nedbrote min. organisk materiale (noko er min. tekstil, moglegvis er noko min. tre): noko av dette går rundt odden. Mogleg rest av tekstilfora slire? Inkludert i S12295h er også ein pose med mineralisert treverk frå kniven. Storleik: Total bevart lengde: 117mm Bevart lengde av blad: 57mm St.br.av blad: 17mm. Fnr. 24, 26

i *Eitt fragmentert bryne av grå skifer.* Gjenstanden er truleg frostsprengd; brynet er funne som eit dusin fragment/flak. M/ restar av jernkorrosjon på overflata. Etter konservering består brynet av eit større, samanlimt fragment og fire bitar (bitane i to posar). Den eine enden av brynet verkar heil, men den andre er avbroten. Gjenstanden er noko tjukkare ved enden enn på midtdelen. Firkanta tverrsnitt. Ikkje spor etter hol eller hakk for oppheng i den bevarte enden. Storleik av samanlimt fragment: L: 105mm St.br.: 13mm. Fnr. 9, 60

k *Atten fragment av jern som mest truleg har fungert som høvesvis beslag, hengsler og bankar på eit skrin.* Tre fragment er funne in situ. To av desse, F191 og F192, er limt med kvar sitt fragment F9 (funne ved solding av lausmasse). Dette gjev to samanlimte, større fragment av to hengsler eller beslag: liknar ein del på Arbman tafel 269:2 i forma, men er spiss nedst (om lag som Arbman tafel 269:1). Den eine har bøygde restar av mogleg hengsling øvst og to små hol for stift/spiker på den øvre delen. For øvrig ni flate og til dels bøygde fr. som kan ha tilhørt hengsle/beslag (F 9,26,41,139,182); i eitt av fr. står det att ein liten stift tvers gjennom den flate biten. Ein avbroten, meiselforma ten omvikla av ein annan ten som har stått i treverk (F26) - del av skrin? Fem fr. av bogne tener: to av dei frå mogleg, relativt kraftig hank/ring, tre frå mogleg, spinklare hank/ring (fnr.9). Eit fragment av kjetting/hank av jern (fnr. 26). Storleik flate fr.: St.l.: 9-57mm St.br.: 11-21mm. Storleik hankfr.: St.br.: 11-47mm St.br.: 4-10mm. Storleik kjetting/hank: St.l: 34mm St.br.: 16mm Fnr. 9, 26, 41, 139, 182, 191, 192

l *Tolv jernfragment, truleg frå naglar. Funne in situ, sannsynlegvis frå båten i grava.* Tre fr. er roer, fem er hovud, fire er for fragmenterte og korroderte til å fastslå om dei er roer eller hovud. Vedartsvurdering av treverk frå F186 og F188 av JEA v/ AmS (2008): lauvtre, moglegvis eik. St.l.: 5-19mm St.br.: 16-21mm Fnr.31, 177, 179, 185, 186, 188, 191, 194, 197, 198

m *Syttiåtte jernfragment av hovud og roer, truleg frå naglar. Ikkje in situ.* Mest sannsynleg frå båten i grava. Førtito fr. er av roer, tjuefire er av hovud, og tolv er så fragmentert og korrodert at dei ikkje let seg definere nærmare som roe eller hovud. St.l.: 4-27mm St.br.: 5-20mm. Fnr. 9, 12, 14, 22, 26, 28, 30, 35, 37, 42, 44, 46, 49, 54, 58, 64, 136, 147, 160

n *Tjuefire spikrar/stiftar av jern*. Heile spikrar og tener med spikerhovud er inkludert. Truleg har somme av dei vore del av eit skrin i grava. To av dei (fnr. 178 og 181) er funne in situ; like ved kvarandre. Sju av dei heile spikrane har klare likskapstrekk med spikrar frå skrin/kiste på Arbman 1940 tafel 271:2. St.l.: 10-25mm St.br.: 8-14mm. Fnr. 9, 26, 35, 39, 41, 49, 58, 64, 160, 178, 181

o *Elleve fragment av jern, funne in situ*. Tener og udefinerte bitar, dei fleste med restar av mineralisert tre. St.l.: 7-26mm St.br.: 6-16mm. Fnr. 184, 185, 187, 188, 189, 194, 195, 196

p *Eittbundreogti fragment av jern, ikkje funne in situ*. Tener, flate bitar, og udefinerte, sterkt korroderte og fragmenterte bitar. Mange fragment med restar av mineralisert tre. St.l.: 2-33mm St.br.: 3-16mm. Fnr. 9, 12, 22, 26, 30, 39, 42, 44, 49, 54, 58, 61, 64, 97, 136, 139, 147, 160, 218

t *Ein fragmentert nøkkel av jern. Kroknøkkel*, liknar JP256 (Petersen 1951). Denne typen er funne i graver frå slutten av merovingertid og ut vikingtida. Med restar av mineralisert tre og mineralisert tekstil. To fragment (F9 og F26) høver i hop og er limt saman: dette større fragmentet omfattar eit skjegg med to tenner og store delar av skaftet. Det er mogleg at skjeggdelen er avbroten i enden, så nøkkelen kan ha hatt tre tenner. Eit boge fragment (F26) synest å høve med den avbrotne skaftenden på det samanlimte fragmentet, men pga korrosjon passar ikkje brotflatene heilt og dei er difor ikkje limt. Begge fragmenta har restar av mineralisert tekstil og mineralisert tre. Eit anna fragment (F42) synest å delvis passe saman med det bogne F26; i lag vil dei danne store delar av eit ovalt hovud/handtak. Men dette er noko usikkert og fragmenta er såleis ikkje limt. Storleik: Lengde (samanlimt fr. + F26): 64mm Kordelengde (samanlimt fr. + F26): 55mm Lengde (F42): 15mm St.br. (på skjegg): 5mm. Fnr. 9, 26, 42

v *To fragment av gjenstand av tinn; truleg knapp*. Ei rund, flat skive med ein knoppliknande rest på den eine flatsida. Knoppen er fragmentert; kan moglegvis vere rest av hempe på knapp? Den bevarte forma liknar ein del på knappane JP1951: 277 (Petersen 1951), men desse er av jern. Sjølve skiva synest relativt komplett, men mindre bitar manglar langs kanten. Kanskje har knappen hatt eit kvelva hovud (som t.d. hos Arbman 1940, tafel 93), som no er brotna av og borte, på framsida? Eit lite, laust fragment vart nytta ved SEM-analyse, dette er pakka i eige glasrøyr. Storleik av det største fragmentet: Diameter: 11mm Tjukkeik: 2mm. Fnr. 54

q *Tjueni skår av leirkar*. Funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295, men bør reknast som *lausfunn* sidan dei truleg ikkje stammar frå gravgodset. Mellomgrov til fin magring. Grå, brun, oransje på farge. Eit skår (F55) er eit glasert randskår, truleg frå mellomalder. Dei resterande skåra stammar mest sannsynleg frå jernalder, dei er for små til å tidsdefineras nærmare. Eit skår (F40) er frå overgangen botn/vegg på ein gjenstand. St.l.: 11-37mm St.br.: 8-27mm St.t.: 4-18mm. Fnr. 9, 27, 39, 40, 43, 50, 55, 59, 135, 141, 150, 154, 161

r *Tjueseks avslag av flint*, funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295, men bør reknast som *lausfunn* sidan dei nok ikkje kjem frå gravgodset. Frå aktivitet i området i steinalder/bronsealder. Tjueto ubrende og fire brende avslag. St.l.: 10-36mm St.br.: 5-25mm St.t.: 2-18mm. Fnr. 27, 28, 36, 37, 40, 43, 48, 51, 56, 60, 63, 137, 148, 153, 162, 193

s *Eitt avlangt fragment av asbest*. Funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Avbroten i begge endar, ovale tverrsnitt. Uavklart datering og eventuelt bruksområde. L: 43mm Br.: 5-6mm. Fnr. 36

w *Fem slaggklumpar* funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Bør reknast som *lausfunn* sidan dei nok ikkje kjem frå gravgodset. Vekt: 11,6g. Fnr. 26, 35, 54, 58

x *Femten fragment av organisk materiale, brent og ubrent.* Uavklart datering. Funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. I to posar. Pose 1: eitt ubrent fragment (F157), moglegvis nedbrote lær eller pels. Pose 2: fjorten fragment (5,8g) med forkola organisk materiale; to fr. frå fruktkjerne (plomme), resten moglegvis frå brød eller graut. Fnr. 26, 28, 39, 42, 54, 64, 157, 164

y *Fragment av brente bein. To posar med i alt 8,0g.* Funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav (båtgrav) S12295. Eitt fragment (Pose 1: F61) er analysert av B. Sellevold ved Niku til å vere brent dyrebain. Dei resterande, uanalyserte fragmenta er i Pose 2. Fnr. 28, 36, 40, 42, 45, 48, 52, 53, 61, 63, 138, 140, 149, 155

z *Ei tann frå menneske.* Funne ved solding av lausmasse i nærleiken av kvinnegrav. Ikkje analysert nærmare, men tolka til å ha tilhøyrt den avdøde kvinna. Fnr. 27

Gravfunn frå ei ubrent kvinnegrav (båtgrav), frå eldre vikingtid (truleg 800-talet), frå Stemmen, Frøyland gnr. 28 bnr. 1 mfl., Time k. Funne vintaren 2006/2007 under flat mark ved Even Bjørdal si undersøking av eit område like S for det oppdemde vatnet Stemmen. Undersøkinga fann stad i samband med at eit areal blei frigjeve for bustadbygging. Funnet vart gjort på eit høgdedrag med dyrka mark på garden Frøyland. Garden ligg N i Time k., i eit bølgaende morenelandskap Ø for Frøylandsvatnet og RV 505, og NV for Mosvatnet. Rapport, planar, foto og kart v/ utgravar E. Bjørdal (2009) er levert til Top. Ark.

KATALOGISERING TIL HOVUDKATALOGEN

Museumsnr: 12296
Aks. nr: 2006/74
WEBSaksnr: 04/415

Lokalitetsnamn: Stemmen
Gårdsnamn: Frøyland
Bruksnamn: Frøyland
Gnr: 28
Bnr: 1 mfl.
Kommune: Time
Fornminnenr:
Flyfoto/regnr: 514 C12, D12, D13

ØK Kartblad: AL 19-5-3
M711Kart:
UTMKoord: 32VLL1119
H.o.h: 40-45
ID: 123585
Funnkategori_1: Grav
Funnkategori-2: Under flat mark
Funnmiljø: Dyrka mark, høgdedrag

Anlegg og kontekst:

Gravfunn; ubrent barnegrav, dekt av ei låg, tettpakka steinsamling. Utan påvist overflatemarkering, funne ved maskinell flateavdekking. Med bakgrunn i gjenstandsfunna datert til yngre jernalder, mest truleg vikingtid. Funne like ved tre andre ubrende graver: ei barnegrav (yngre jernalder) og to båtgraver med høvesvis kvinne – og mannsutstyr (begge frå vikingtid, truleg eldre vikingtid). Alle gravene var skore noko ned i undergrunnsmasse.

Terreng og lokalisering:

Grava vart påvist på eit høgdedrag med dyrka mark på sørsida av det i nyare tid oppdemde vatnet Stemmen. Området ligg 40-45 moh.

Funnomstende: Fagleg utgraving
Funne av: E Bjørdal m.fl.
År: 2006-07
Innlevert av:
Gåve frå:

Periode: YJA
Datering: 550-1050 E.KR

Katalogisert av: Even Bjørdal 2008
Dato: 22.09.08
Revidert av: Kristine Orestad Sørgaard
Dato: 26.03.2009

Klassifikasjonssystem: Arbman 1940

Nat. vit. analyser: Vedartsanalyse, utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008):
- Treverk: på F151 (kniv) er frå lauvtre, på F215 (ten) moglegvis frå eik.
Makrofossilanalyse (Nat.vit.nr. 07/02_2), utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008)

Systematisering/ordning for magasin: S-nr, underbokstav og fnr. er skrive på funn, funnposar og

øsker.
Opplysningar i Top.Ark.: Rapport, planar, foto og kart mm. er levert til Top. Ark.

Litteratur: H. Arbman 1940: "Birka I. Die Gräber".
E.Björdal 2007: "Gravfunn frå vikingtid og spor etter tidleg jordbruksbusetnad. Arkeologisk undersøking vintaren 2006/2007 på Frøyland i Time kommune". Artikkel i frå haug og heidni nr. 3, 2007.

S12296

Arkeologisk undersøking av ubrent barnegrav frå yngre jernalder, Stemmen, Frøyland gnr 28, bnr 1 mfl., Time k.

a *Ein tilnærma komplett pilspiss med tange, av jern.* Tverrsnittet der tange og spiss møtest er mandelforma. Enden på tangen er tynn/spiss. Restar av mineralisert tre på tangen. Restar av mineralisert tekstil på tangen, over treverket. Total lengde: 113mm Lengde av spiss: 43mm Største breidde av spiss: 12mm. Fnr. 159

b *Ein tilnærma komplett sigd med tange, av jern.* Fire fragment (frå F158) limt saman, odden F156 høver ikkje heil saman med resten pga korrosjon. Truleg av type Petersen 83 eller 84: uklart om sigden har hatt ein enkel nagle for festing av skaftet. Fleire typar min. tekstil, mellom anna lerretsvev med z-tvinning i begge retningar. Lengde (kordelengde, m/ F156): 171mm Lengde (følgjer bladet si krumning, m/ F156): 242mm Største breidde av blad: 27mm. Fnr. 156, 158

c *Ein fragmentert liten kniv av jern, med treskaft.* To større fragment (A: del av bladet, m/ odden. B: mineralisert tre frå skaftet, m/ rest av bladet) og ein pose med mindre, lause fragment. Hovudfragmenta er ikkje limt saman til ein gjenstand, men dei kan passe saman. Dette vil gje ein kniv med bevart totallengde på 64mm. Jernet som er synleg i skaftdelen tilhøyrer bladet, medan det ikkje stikk ut noko tange av treverket. Dette indikerer ein uvanleg kort tange, på max. 25mm. Vedartsanalyse, utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008): treverket er frå lauvtre. Lengde på synleg blad: 39mm. Største breidde på blad: 11mm. Fnr. 151

d *Ein liten stift av jern med hovud av koparlegering (oppriinneleg bronse?).* Har truleg tilnærma oppriinneleg lengde, er 15mm lang. Nyttå i samband med t.d. beslag på eit skrin? Har stått fast i ein tregjenstand. Fnr. 165

e *Ein fragmentert spikar av jern.* Rest/avtrykk etter hovud, avbroten stilkrest. Med mineralisert tre. Avrunda tverrsnitt av stilkrest. Lengde: 35mm. Fnr. 180

f *Fem jernfragment i form av tener/stilkrestar.* Ein av dei med eit kvitt belegg, dette kan vere kalk. Ein annan har ein særprega, meiselforma spiss og firkanta tverrsnitt. Vedartsanalyse, utført v/ J.E. Amundsen, AmS (2008): treverk på ein av dei to i F215 (ten) er moglegvis frå eik. St.l.: 12-33mm. Fnr. 165, 215

g *Ei makrofossilprøve frå gravkontekst.* Frå mørk, organisk masse i NV-del av grava. Nat.vit.nr. 07/02_2. Fnr. 231

Gravfunn frå ei ubrent barnegrav frå yngre jernalder (mest truleg vikingtid), frå Stemmen, Frøyland gnr. 28 bnr. 1 mfl., Time k. Funne vintaren 2006/2007 under flat mark ved Even Björdal si undersøking av eit område like S for det oppdemde vatnet Stemmen. Undersøkinga vart gjort i samband med at eit areal blei frigjeve for bustadbygging. Funnet vart gjort på eit høgdedrag med dyrka mark på garden Frøyland. Garden ligg N i Time k., i eit bølgrande morenelandskap Ø for Frøylandsvatnet og RV 505, og NV for Mosvatnet. Rapport, planar, foto og kart v/ utgravar E. Björdal (2009) er levert til Top. Ark.

KATALOGISERING TIL HOVUDKATALOGEN

Museumsnr: 12297
Aks. nr: 2006/74
WEBSaksnr: 04/415

Lokalitetsnamn: Stemmen
Gårdsnamn: Frøyland
Bruksnamn: Frøyland
Gnr: 28
Bnr: 1 mfl.
Kommune: Time
Fornminnenr:
Flyfoto/regnr: 514 C12, D12, D13

ØK Kartblad: AL 19-5-3
M711Kart:
UTMKoord: 32VLL1119
H.o.h: 40-45
ID: 123586
Funnkategori_1: Buplass
Funnkategori-2: Hus
Funnmiljø: Dyrka mark, høgdedrag

Anlegg og kontekst:

Buplassfunn; minst fire bruksfasar av toskipa langhusbygning, der tre av fasane tilhøyrrer ein versjon på ca 19,4m x 6,2m (HUS 2) medan ein fase er knytt til ein mindre versjon på ca 13,5m x 5,7m (HUS 1). Dei to versjonane/husa ligg på same stad og med same orientering (N-S). 14C-dateringane frå forkola korn frå stolpehol fortel ikkje kva versjon som er eldst, dateringsresultata overlappar kvarandre delvis i tid. Men det var ein toskipa langhusbygning i bruk her i løpet av perioden ca 2000 – 1600 f. Kr. I eit av stolpehola vart det funne eit særleg gammalt, forkola korn av typen naken bygg (14C-datert til 2405 – 2285 f. Kr., dvs overgangen mellomneolitikum - seinneolitikum); dette er blant dei eldste dyrka korna som er påvist i Rogaland. Ei ny 14C-analyse blei gjort av korn frå det same stolpeholet, og denne analysa gav resultat som var meir på line med dei andre dateringane. Dette tyder på at det særleg gamle kornet er eldre enn frå brukstida til dei to versjonane av det toskipa langhuset. Frå langhuskonteksten vart det gjort funn av leirkarskår, flint og brent bein. Like ved blei det påvist fire ubrende graver (S12293-96): to barnegraver (yngre jernalder, mest truleg vikingtid) og to båtgraver med høvesvis kvinne – og mannsutstyr (begge frå vikingtid, truleg eldre vikingtid). Alle gravene var skore noko ned i undergrunnsmasse.

Terreng og lokalisering:

Langhusa vart påvist på eit høgdedrag med dyrka mark på sørsida av det i nyare tid oppdemde vatnet Stemmen. Området ligg 40-45 moh.

Funnomstende: Fagleg utgraving
Funne av: E Bjørdal m.fl.
År: 2006-07
Innlevert av:
Gåve frå:

Periode: Y.STA, E.BRA
Datering: 2300-1500 F.KR

Katalogisert av: Even Bjørdal 2008

Dato: 22.09.08
Revidert av: Kristine Orestad Sørgaard
Dato: 26.03.2009
Klassifikasjonssystem: Bjarke Ballin 1996
Nat. vit. analyser: Makrofossilanalyse av masse frå anleggsspor v/ J. E. Amundsen (2007-08)
Åtte 14C-analyser (TUa og Beta)
Systematisering/ordning for magasin: S-nr, underbokstav og fnr. er skrive på funn, funnposar og ønsker.
Opplysningar i Top.Ark.: Rapport, planar, foto og kart mm. er levert til Top. Ark.
Litteratur: E.Björdal 2007: "Gravfunn frå vikingtid og spor etter tidleg jordbruksbusetnad. Arkeologisk undersøkning vintaren 2006/2007 på Frøyland i Time kommune".
Artikkel i fra haug ok heidni nr. 3, 2007.

S12297

Arkeologisk undersøkning av toskipa langhus frå overgangen yngre steinalder – eldre bronsealder, Stemmen, Frøyland gnr 28, bnr 1 mfl., Time k.

a *Elleve skår/bitar frå leirkar.* Etter alt å dome frå overgangen yngre steinalder - eldre bronsealder: funne i stolpehol tilhøyrande toskipa hus datert til denne perioden. Fleire fragment med restar av brent matskorpe. Eitt randskår og eitt fragment frå vegg (to skår limt til eitt fr.). Mellomgrov - grov magring. Oransje/gråbrun/svart farge. St.l.: 14-45mm. St.br.: 7-30mm. St.t.: 5-12mm. Fnr. 168, 169, 200, 204, 209, 216, 217, 277, 278.

b *Ei smalflekkje av mørkgrå, god kvalitets flint.* M/ to parallelle ryggar. Avbroten i begge endar. St.l.: 35mm St.br.: 13mm St.t.: 4mm. Fnr 203.

c *Sju avslag av flint.* Seks brende, eitt ubrent. Grå, lys grå farge. St.l.: 10-20mm St.br.: 5-9mm St.t.: 2-5mm. Fnr 203, 207, 211, 219.

d *Nitten posar med i alt 8,7g brent bein.* Fnr. 170, 172, 173, 174, 199, 201, 202, 204, 205, 206, 207, 208, 210, 211, 212, 213, 214, 217, 219

e *Tre posar med trekolprøver.* I alt 1,1g. Fnr. 168, 171, 175.

f *Femtitre makrofossil- / trekolprøver* frå masse i anleggsspor knytt til toskipa langhus. Frå desse er det teke ut materiale (forkola korn) til åtte 14C-dateringar: TUa-6802 (BC1785-1715), TUa-6803 (BC2405-2285), TUa-6804 (BC1770-1695), TUa-6805 (BC1970-1900), TUa-6806 (BC1730-1660), Beta-228038 (BC 1930-1740), Beta-228039 (BC1870-1840, BC1820-1790, BC1780-1620). Fnr. 220-230, 235-247, 249-267, 269-276

Busetnadsfunn knytt til to toskipa langhus (HUS 1 og 2) frå yngre steinalder-eldre bronsealder, Stemmen, Frøyland gnr. 28 bnr. 1 mfl., Time k. Funne vintaren 2006/2007 ved maskinell fleteavdekking ved Even Björdal si undersøkning av eit område like S for det oppdemde vatnet Stemmen. Undersøkinga fann stad i samband med at eit areal blei frigjeve for bustadbygging. Dei toskipa husa blei påvist på eit høgdedrag med dyrka mark på garden Frøyland. Garden ligg N i Time k., i eit bølgrande morenelandskap Ø for Frøylandsvatnet og RV 505, og NV for Mosvatnet. Rapport, planar, foto og kart v/ utgravar E. Björdal (2009) er levert til Top. Ark.

KATALOGISERING TIL HOVUDKATALOGEN

Museumsnr: 12298
Aks. nr: 2006/74
WEBSaksnr: 04/415

Lokalitetsnamn: Stemmen
Gårdsnamn: Frøyland
Bruksnamn: Frøyland
Gnr: 28
Bnr: 1 mfl.
Kommune: Time
Fornminnenr:
Flyfoto/regnr: 514 C12, D12, D13

ØK Kartblad: AL 19-5-3
M711Kart:
UTMKoord: 32VLL1119
H.o.h: 40-45
ID: 123586

Funnkategori_1: Lausfunn
Funnkategori-2: Under flat mark
Funnmiljø: Dyrka mark, høgdedrag

Anlegg og kontekst:

Lausfunn gjort i samband med maskinell flateavdekking. Museumsnummeret omfattar også naturvitskapelege prøver teke frå anleggsspor som ikkje er relatert til anten graver (S12293-96) eller toskipa langhus (S12297) på det undersøkte området.

Terreng og lokalisering:

Det undersøkte arealet låg på eit høgdedrag med dyrka mark på sørsida av det i nyare tid oppdemde vatnet Stemmen. Området ligg 40-45 moh.

Funnomstende: Fagleg utgraving
Funne av: E Bjørdal m.fl.
År: 2006-07
Innlevert av:
Gåve frå:

Periode: STA, BRA, JA
Datering: 2300-1500 F.KR

Katalogisert av: Even Bjørdal 2008
Dato: 22.09.08
Revidert av: Kristine Orestad Sørgaard
Dato: 26.03.2009
Klassifikasjonssystem: Bjarke Ballin 1996
Nat. vit. analyser: Nat.vit.analyse av masse frå anleggsspor v/ J. E. Amundsen (2007-08)
Ei 14C-analyse (TUa-6807)

Systematisering/ordning for magasin: S-nr, underbokstav og fnr. er skrivne på funn, funnposar og øsker.

Opplysningar i Top.Ark.: Rapport, planar, foto og kart mm. er levert til Top. Ark.

Litteratur: E.Björdal 2007: "Gravfunn frå vikingtid og spor etter tidleg jordbruksbusetnad. Arkeologisk undersøking vintaren 2006/2007 på Frøyland i Time kommune". Artikkel i *fra haug ok heidni* nr. 3, 2007.

S12298

Lausfunn frå steinalder – jernalder påvist ved maskinell flateavdekking, Stemmen, Frøyland gnr 28, bnr 1 mfl., Time k.

a *Ein mogleg, atypisk, sigd av flint.* Eventuelt brukt som skrapar. Gråbrun, høgkvalitets flint. M/ retusj på tre av fire sider. Kan ha vore festa til skaft. St.l.: 91mm St.br.: 62mm St.t.: 7mm. Fnr 3.

b *Ein ten, truleg frå ein spiker.* M/ mineralisert treverk. Avbroten stilk, rundt tverrsnitt. Rest av hovud. St.l.: 36mm St.br. (rest av hovud): 17mm St.t. (u/treverk): 5mm. Fnr 2.

c *Fem skår/bitar av leirkar.* Eitt grått skår frå botn/vegg, m/ rest av brent matskorpe, fin-mellomgrov magring. Fire lyst brune skår/bitar m/ mellomgrov-grov magring. St.l.: 13-30mm St.br.: 7-30mm St.t.: 5-12mm. Fnr 1, 4, 15, 17

d *Tre avslag av flint.* Eitt ubrent, to brende. St.l.: 24-37mm St.br.: 11-19mm St.t.: 8-14mm. Fnr 6, 62.

e *To posar med i alt 0,9g brent bein.* Fnr. 16, 32

f *Åtte makrofosilprøver / trekolprøver (07/02_1, 3, 5, 6, 17, 60, 61, 62) frå anleggsspor innan undersøkingsområdet.* Frå anleggsnr. 922, 998, 1194, 1589, og 1633. 14C-datering Tua-6807 frå 998 er yngre enn AD1955. Fnr. 232, 233, 234, 248, 268

Lausfunn frå steinalder-jernalder, Stemmen, Frøyland gnr. 28 bnr. 1 mfl., Time k. Funne vintaren 2006/2007 ved maskinell flateavdekking ved Even Björdal si undersøking av eit område like S for det oppdemde vatnet Stemmen. Undersøkinga fann stad i samband med at eit areal blei frigjeve for bustadbygging. Flateavdekkinga fann stad på eit høgdedrag med dyrka mark på garden Frøyland. Garden ligg N i Time k., i eit bølgaende morenelandskap Ø for Frøylandsvatnet og RV 505, og NV for Mosvatnet. Rapport, planar, foto og kart v/ utgravar E. Björdal (2008) er levert til Top. Ark.

VEDLEGG 6 Liste over teikningar

Originalteikningar på folie (plan og profil) som er levert til Top.Ark.:

- Teikning nr. 1a/b Båtgrav 2AA 492 (mannsgrava): Viser steinsamling midt i strukturen, før vidare opprensing og graving.
- Teikning nr. 2 Båtgrav 2AA 492 (mannsgrava): Viser steinsamling midt i strukturen, etter opprensing.
- Teikning nr. 3 Båtgrav 2AA 492 (mannsgrava): Viser strukturen i plan med alle in situ funn og preparat plotta inn.
- Teikning nr. 4 Største barnegrav 2AA 1081: Viser ufullendt, grov skisse av stein – pakning øvst i grava. Ikkje fullført pga at ein valde å nøye seg med foto.
- Teikning nr. 5 Største barnegrav 2AA 1081: Viser tilhøva i plan etter fjerning av steinpakninga, med alle in situ funn, preparat og makrofossilprøve plotta inn.
- Teikning nr. 6 Minste barnegrav 2AA 447: Viser strukturen i plan, med alle in situ funn plotta inn.
- Teikning nr. 7 Eldstad/bålrest 2AI 998 (14C-datert til å vere ein moderne struktur): Viser strukturen i profil.
- Teikning nr. 8 Grop 2AG 2753 (inkl. stolpehol 2AS 3015 og 3024) ved stein 2727: Viser strukturane i plan, med markeringar av områder for makrofossilprøver.
- Teikning nr. 9 Fleirfasa stolpehol 2AS 1947: Viser strukturen i profil – begge sider (N-leg og S-leg del) av profilbalke gjennom midten av strukturen.
- Teikning nr. 10 Stolpehola 2AS 1669 og 1679: Viser felles profilsnitt gjennom dei to nærliggande stolpehola.
- Teikning nr. 11 Båtgrav 2AA 2920 (kvinnegrava): Viser strukturen i plan med alle in situ funn plotta inn.


I tillegg kjem alle plan – og profildeikningar/skisser som vart gjort på anleggsskjema. Alle slike originale skjema er samla i ein perm og levert til Top. Ark.

Digitale reinteikningar av originalteikningar er samla i vedlegg 9, 10, 11 og 12.




Vedlegg 7a Oversyn som viser undersøkingsområdet på Frøyland i Time i høve til nabokommunane i Rogaland.

VEDLEGG 7b Oversynskart som viser dei undersøkte områda i høve til omgjevnadane på Frøyland i Time k. Dei innmålte strukturane er georeferert til kartet. Eit luftfoto er så lagt over og forsøkt tilpassa kartet.










Grå farge = graver

Stipla = moderne maskintrase

 = kokegrop / eldstad

 = stolpehol, staurhol eller groper


0 7,5 15 22,5
 Meter

SKILDRING:

Teikninga viser dei påviste tilhøva innan hovudundersøkningsfeltet på Frøyland. For å lette oversynet, er ikkje anleggsnummera knytt til dei toskipa husa teke med her. For meir info om desse, sjå vedlegg 9

VEDLEGG 9a:


Oversyn over HUS 1 og HUS 2 i felles kontekst på Frøyland
Toskipa langhus frå seinneolitikum / eldre bronsealder



SKILDRING:

HUS 1 - strukturar som med sannsyn er knytt til denne bygningen, er fylt med svart farge
HUS 2 - strukturar som med sannsyn er knytt til denne bygningen, er fylt med grå farge
Øvrige - strukturar med meir uavklart tilknytning til HUS 1 og HUS 2, er vist utan fyll

Vedlegg 9c HUS 2 - Toskipa langhus frå seinneolitikum/eldre bronsealder Truleg med tre bruksfasar/to utskiftingar av midtstolpar



SKILDRING:

Toskipa langhus med truleg tre bruksfasar/to utskiftingar av takberande midtstolpar. Forkola korn frå utvalde stolpehol (merka med *) har gjeve 14C - dateringar innan perioden BC 1945 - 1660, dvs. overgangen mellom seinneolitikum og eldre bronsealder. Huset har ingen klare spor etter verken eldstad eller inngangsparti. Strukturen 1633 er etter alt å døme ei kokegrop/utandørs eldstad, ho er ikkje 14C - datert. Det er uavklart om gropene 1767, 1859 og 2561 og dei to steinfylde nedgravingane 2886 og 2903 har vore i bruk i samband med huset. Den store, jordfaste steinen 2727 ligg sentralt innan både Hus 1 og Hus 2.

Stolpehol markert med svart har med stort sannsyn fungert som takberande midtstolpar og som veggstolpar i Hus 2.

Stolpehol markert med grått kan ha vore del av Hus 2.

Det er fleire indikasjonar på at huset har hatt fleire (truleg tre) bruksfasar:

- 2012, 2027 og 2045 som truleg tre, etterfølgjande fasar.

- 2107 har truleg vore ein "dobbel stolpe".



- Stolpeholet markert med spørjeteikn innan gropa 2753 er usikkert, men vil høve inn eit slikt mønster.


- Innan strukturen 1967 er det spor etter tre ulike stolpehol.

- I S - gavlen er det truleg "doble stolpehol" både i 1348 og 1368, og i N - gavlen verkar det å vere to rekkjer/fasar av stolpar.


Dei gråfarga linene viser til symmetriske moment i Hus 2, stiplinga viser til uvanleg stor breidde mellom stolpar i vegg - indikator på dørpning?

Dei snitta strukturane i samband med Hus 2 er markert på teikninga, jf. Vedlegg 3 og 9 for meir info om innhald og form i profil.







Jättå, Stavanger
Etter Hulth 1997.




Skeie, Stavanger, HUS XXI
Etter Skare 1998.




Røyneberg, Sola
Etter Hulth 1997.




Skeie, Stavanger, HUS XXIV
Etter Skare 1998.




Østebø, Talgje
Etter Hemdorff 1993.



Skeie, Stavanger, HUS VI
Etter Tsigaridas 1997.




Voll, Rennesøy, Lok 27
Etter Høgestøl 1995, fig.15.




Kvåle, Time, HUS 1


0 5 m



Kvåle, Time, HUS 2



HUS 1
Frøyland, Time



HUS 2
Frøyland, Time

0 2.5 5 7.5 Meter

VEDLEGG 9e

Dei toskipa husa frå Frøyland sett i samanheng med nokre av dei andre toskipa bygningane som er påvist i Rogaland (Etter Børsheim 2005)


VEDLEGG 9f

Plan – og profildeikningar av anleggsspor knytt til Hus 1 og 2

Profilteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 1

Takberande midtstolpar


Stolpehol 2AS 2081 - Takberande midtstolpe i Hus 1



FYLL:

Massa er svært lik innhaldet i 2AS 2496 (også tolka til Hus 1): Humushaldig sand m/ nokre småsteinar og litt trekol. Klar avgrensing i høve til undergrunns masse av lysare sand. Stor trekolbit teken inn som F171.


Stolpehol 2AS 2496 - Takberande midtstolpe i Hus 1



FYLL:

Gråbrun, humushaldig sand m/ nokre steinar og innslag av trekol. Klart lysare fyllmasse (m/ mindre trekol) enn t.d. 2045 og 2027 (begge tolka til Hus 2), liknar meir på 2081 (tolka til Hus 1). Klar avgrensing mot lysare undergrunssand.

Stolpehol 2AS 3015 - Takberande midtstolpe i Hus 1




FYLL:

3015 låg heilt i den søraustlege ytterkanten av gropa 2753, inntil den store, jordfaste steinen 2727. Fyllet var brun, humushaldig sand m/ innslag av trekol, brent stein og brente beinfragment (jf. F208, 210,213). Strukturen var tydeleg, både i høve til resten av gropa og den lysare undergrunssanden.

Profilteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 1

Frå N-gavl og Ø-vegg


Stolpehol 2AS 2164 - Veggstolpe i N-gavl i Hus 1



FYLL:

Strukturen var utydeleg og vanskeleg å avgrense i høve til undergrunns-
massa rundt. Den heiltrukne lina viser tolkinga av stolpeholet i felt, den
stipla er ein revisjon gjort i ettertid på grunnlag av vurdering av foto av
profilen. Massa i strukturen var lys, brun / grå humushaldig fin sand m/
nokre småsteinar mot botnen. Massa verka noko feitare i konsistens enn
den lyse undergrunssanden rundt.


Stolpehol 2AS 2345 - Veggstolpe i N-gavl i Hus 1



FYLL:

Gråbrun, humushaldig sand, relativt diffust skilje mot den lyse
undergrunssanden. Funn av brent bein F172 i massa.

Stolpehol 2AS1819 - Veggstolpe i
Ø-veggen i Hus 1




FYLL:

Brun, humushaldig sand

Profilteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 1

Frå V-vegg


Stolpehol 2AS 2394 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 1



FYLL:

Lys, gråbrun humushaldig sand. Strukturen er ganske utvaska, men likevel relativt klar i høve til den lysare undergrunssanden. Den ujamne forma i toppen kjem av snitting m/ spade i frosa jord.


Stolpehol 2AS 2435 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 1



FYLL:

Lys brun, humushaldig sand m/ ein del småsteinar i massa. Klart avgrensa mot den lysare sanden i undergrunnen.

Stolpehol 2AS 2692 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 1




FYLL:

Lys brun, humushaldig sand m/ spreidde innslag av trekol og nokre steinar. Uavklart om ein eller fleire av steinane kan ha vore nytta til skoning.

Profil - og planteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 2

Takberande midtstolpar


Stolpehol 2AS 1993 - Takberande midtstolpe i Hus 2



FYLL:

Mørk brun, humushaldig sand. Ein del mindre steinar i botnen (markert med mørkare farge og stipla line), men desse er for små til å reknast som skoning. Klart avgrensa i høve til undergrunnsmassa av fin, lys sand.


Stolpehol 2AS 2012 - Takberande midtstolpe i Hus 2



FYLL:

Finkorna, humshaldig sand m/ spreidde kolbitar. Øvst er fargen mørk brun / grå, deretter eit lysare utvaskingsjikt før massa vert brun frå ca 12 cm under overflata av (markert m/ stipling). Skil seg klart frå fin, kvitgrå sand i undergrunnen.


Stolpehol 2AS 2027 - Takberande midtstolpe i Hus 2



FYLL:

Humushaldig sand m/ innslag av grus og stein. Skilje mellom a): nesten svart masse, m/ trekol og små, skjorbrende steinar og b): lysare, brungrå masse. Stor, jordfast stein i V.

Stolpehol 2AS 2045 - Takberande midtstolpe i Hus 2




FYLL:

Humushaldig sand m/ innslag av grus og stein. Flytande overgang mellom a): svartgrå masse m/ noko trekol og steinar og b): lysare, gråbrun masse mot botnen.

Profil - og planteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 2

Takberande midtstolpar


Stolpehol 2AS 2094 - Takberande midtstolpe i Hus 2



FYLL:

Mørk brun, humushaldig sand m/ nokre småsteinar. Klart avgrensa frå den lysare undergrunssanden rundt.


Dobbelt stolpehol 2AS 2107 - To fasar av takberande midtstolpar i Hus 2



FYLL:

Spor etter to fasar med takberande stolpe, a) og b). Massa i den truleg eldste fasen a) var lys grå / brun / oransje humushaldig, fin sand med nokre små steinar. I b) var det mørk brun / grå humushaldig, fin sand med nokre relativt store og ein del mindre steinar øvst og midt i fyllet og noko trekol.

Stolpehol 2AS 3024 - Takberande midtstolpe i Hus 2 - innan grop 2AG 2753



FYLL:


I 2753: Gråbrun, humushaldig sand m/ noko trekol og brent bein. I den sørlege delen av gropa var det ein del røter som gjev ein raudare farge på fyllmassa. Moglegvis har det vore enno ein stolpe innan gropa, rett sør om 3024 (jf. stipling), men dette er uavklart. Stolpen 3015 blei også oppdaga innan gropa, men denne er ikkje synleg i dette profilsnittet og er dokumentert for seg sjølv på ei anna teikning.

I 3024: Heilt klart at det her er spor etter ein stolpe innan sjølve gropa. Massa her er distinkt mørkare enn lenger sør, m/ meir trekol. Elles er innhaldet mykje det same. Fleire steinar av ulik storleik i fyllet, både brende og ubrende. Steinane kan moglegvis vere restar etter skoning, men det er uavklart.

Profilteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 2

Veggstolpar


Stolpehol 2AS1844 - Veggstolpe i Ø-vegg i Hus 2



FYLL:

- a) Mørk brun, humushaldig sand m/ noko trekol
 - b) Humushaldig sand m/ noko trekol, lysare brun enn a).
- Klart avgrensa frå undergrunnsmassa - nedgraving for stolpen?


Stolpehol 2AS 2293 - Veggstolpe i Ø-vegg i Hus 2



FYLL:

Mørk brun, humushaldig sand m/ innslag av trekol. Strukturen er klart avgrensa i høve til den lyse undergrunnsanden rundt.


Stolpehol 2AS 2407 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 2



FYLL:

Lys brun, humushaldig sand m/ innslag av trekol, enkelte steinar i massa. Tydeleg avgrensing mot lysare sand i undergrunnsmassa.

Stolpehol 2AS 2521 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 2
Mogleg stolpehol 2AS 2534 - Veggstolpe i V-vegg i Hus 1 ?




FYLL:

I 2521: Brungrå, humushaldig sand m/ nokre små steinar i massa. Klar avgrensing mot lysare undergrunnsand.
I 2534: Lys brun, svakt humushaldig sand. Lite tydeleg som struktur, først avskriven ved snitting - men kan vere spor etter veggstolpe i Hus 1.

Profilteikningar av strukturar knytt til toskipa langhus Hus 2

Gavlstolpar og stolpar inne i huset


2AS1425 - Stolpehol i S-gavl i Hus 2



FYLL:

Finkorna sand med nokre kolbitar og innslag av små steinar. Gråbrun masse øvst, deretter brunbeige på farge djupare nede.


Stolpehol 2AS 2224 og 2235 - Veggstolpar frå to ulike fasar av N-gavl i Hus 2



FYLL:

Både 2224 og 2235 inneheldt lys brun, humushaldig sand m/ spreidde innslag av små trekolbitar. Strukturane var relativt lyse i fargen og det var til dels diffus avgrensing i høve til den omliggande undergrunnssanden.

Struktur 1967 I) og II) - truleg to stolpehol inne i Hus 2
(Opprinneleg målt inn som grop 2AG1967)



FYLL:

I både I) og II) var det mørkebrun, humushaldig masse med nokre steinar. Det var to nedgravingar som klart skilde seg frå den omkringliggende undergrunnsmasse av lysare, gråbrunleg og finkorna sand.


cm

Profil - og planteikningar av struktur knytt til toskipa langhus Hus 2

Takberande midtstolpar

Struktur 2AS 1947 - Omfattar fleire fasar (minst to, truleg tre) av takberande midtstolpe knytt til Hus 2.

Teikning I som viser tverrprofil, sørleg del



FYLL:

Profilteikning I viser tre fasar av stolpehol innan 1947: a), b) og moglegvis c). 1947a) er klart eldst, og har blitt delvis kutta av 1947b) og c).


I a): Brun, humushaldig sand m/ spreidde, små trekolbitar.

I b): Mørk brun, humushaldig sand m/ nokre steinar og noko meir trekol enn i a).

I c): Uklar avgrensing mot b), men verkar å ha mørkare masse. Kutta av b) ?

Struktur 2AS 1947 - Omfattar fleire fasar (minst to, truleg tre) av takberande midtstolpe knytt til Hus 2.

Teikning II som viser tverrprofil, nordleg del




FYLL:

Profilteikning II viser to fasar av stolpehol innan 1947: b) og moglegvis c). 1947c) synest å ha blitt delvis kutta av b).

I b): Brun, humushaldig sand m/ nokre steinar og noko trekol. Uklar avgrensing mot undergrunnssanden i aust. Truleg same struktur som b) på teikning I.

I c): Mørkare masse m/ meir trekol enn b) og nokre steinar. Truleg same struktur som c) på teikning I.

Planteikning av 2 AS 1947 - Struktur med fleire fasar av takberande midtstolpe i Hus 2





SKILDRING:

2 AS 1947 vart graven ut ved at ein fjerna kvar side av ein profilbalke i midten. På grunn av storleiken til strukturen, blei det tidleg klart at det nok var snakk om ei grop oppstått ved utskifting av takberande midtstolpar. Men det var vanskeleg å skilje ut dei enkelte stolpehola i plan, først ved snittinga blei biletet klarare. Dei moglege avgrensingane ein meinte å ane på overflata i plan, viste seg å ikkje høve heilt overeins med det profilsnitta viste. Det blei funne både keramikkskår (m.a. F168) og fragment av brende bein (jf. funnlista).

Fyllmassane er skildra nærmare i samband med profildeikningane.

Planteikning av grop 2AG 2753 med stolpehola 2AS 3015 (Hus1), 2AS 3024 (Hus 2) og eit mogleg, uavklart stolpehol.



SKILDRING:



2AG 2753: Raudbrun, svært humushaldig sand m/ innslag av brente beinfragment, brende steinar og trekolbitar. Ein del planterøter i den sørlege delen. Studier av foto og profildeikning viser at det moglegvis fanst eit stolpehol sentralt i gropa (jf. stipling).

2AS 3015: Brun, humushaldig sand m/ innslag av trekol, brende steinar, brende beinfragment og brende flintbitar.

2AS 3024: Gråbrun, humushaldig sand m/ innslag av trekol, brende steinar og brende beinfragment.

Det vart teke ut makroprøver frå to område av gropa; ei ved 3024 i nord og ei i den sørlege delen.


Profilteikningar av stolpehol som kan høyre til eitt av dei toskipa langhusa Hus 1 eller Hus 2



SAMLA OVERSYN OVER GRAVENE FRÅ FRØYLAND

Undersøkt ved arkeologisk utgraving vintaren 2006 - 2007

S 12295: KVINNEGRAVA - båtgrav frå tidleg vikingtid (800 - talet)




Funn in situ:

- Raudt kryss = funn knytt til gravgåver
- Svart sirkel = funn truleg knytt til båtkonstruksjon
- Brun ring = funn med meir udefinert funksjon, dei fleste mest sannsynleg knytt til båtkonstruksjon
- F182 = 1 mogleg beslagfragment av jern
- F183 = 1 spinnehjul av kleber
- F191 = 1 fragment av beslag/hengsle av jern, limt saman m/ fragment frå F9
- F192 = 1 fragment, som F191
- F9 = 7 fragment av små spikrar, to er relativt komplette: frå skrin? (F9 er også samlenr. for fleire funn frå området ved og i kvinnegrava)
- F193 = 1 flintavslag, ubrent - høyrer moglegvis ikkje til gravstrukturen
- Dei andre funna er naglar, spikrar og diverse fragment av jern

*) På grunn av at den bevarte fyllmassa i kvinnegrava var så grunn, vart det ikkje laga teikna dokumentasjon av profilbalken, ein nøydde seg med foto.

S 12294: MANNSGRAVA - båtgrav, truleg frå vikingtid




Funn in situ:

- Raud kryss = funn knytt til gravgåver
- Svart sirkel = funn truleg knytt til båtkonstruksjon
- Brun ring = funn med meir udefinert funksjon, dei fleste mest sannsynleg knytt til båtkonstruksjon
- Funn markert med * har berre omtrentleg plassering
- Fire naglar funne på N-sida av tverrprofilen er dessverre ikkje blitt plotta inn på planteikninga i felt (F104,105,109 og 110)
- F5/F129 = fragment av fal og spiss av spyd av jern, limt saman
- F88/F94 = fragment av skrin ?
- F92 = fragment av eggreiskap ? - m/ rest av noko som kan vere mineralisert lær
- F116 = kniv av jern
- F122 = små bitar av mineralisert tekstil, i form av tynne tau/trådar
- F130 = bryne av skifer

Dei andre funna er naglar, spikrar og diverse fragment av jern
Steinsamlinga låg øvst i den avdekte strukturen, over funna i dette området

□ = stein

Tverrprofilen* sett mot SSØ



Lag:


- a) = Slakt buande, gråbrun sand
- b) = Mørkebrun, nedbroten organisk masse
- c) = Same farge som a), men feitare i konsistensen

Funn:

- 1 = Skiferbryne, F130
- 2 = Jernfr. (ten), F131
- 3 = Jernfr. (ten), F128

*) Det er ein forskjell på omlag 10 cm mellom breidda av profilbalken på planteikninga og profilteikninga. Dette kjem truleg mest av noko unøyaktig innmåling av strukturen i plan.

S 12293: DEN MINSTE BARNEGRAVA - truleg frå vikingtid




Funn in situ:

- F143 - 145 = naglar/tenner av jern
- F146 = fragment av liten sigd med tange ("miniatyrsigd")

□ = stein

S 12296: DEN STØRSTE BARNEGRAVA - truleg vikingtid


Steinpakning øvst i grava*



□ = stein

*) Grov skisse basert på ytre avgrensing av strukturen som gjeven på planteikninga av den funnforande fyllmassa under steinane og på steinane slik dei framstår på foto av steinpakninga.

Grava under steinpakninga




Funn in situ:

- F151 = liten kniv av jern
- F156/158 = sigd m/ tange, av jern
- F159 = pilspiss m/ tange, av jern
- F180 = spikar av jern

Det vart funne ytterlegare fem spikar/naglar, og ein liten jernstift med koparlegering på hovudet i samband med denne grava, dei er dessverre ikkje plotta inn på planteikninga

VEDLEGG 11

S 12295: KVINNEGRAVA - båtgrav frå tidleg vikingtid (800 - talet)



Funn in situ:

Funna er her berre markert som fargekoda prikkar. For meir info om funna, sjå Vedlegg 4 og 10.

Raud kryss = funn knytt til gravgäver

Svart sirkel = funn truleg knytt til båtkonstruksjon

Brun ring = funn med meir udefinert funksjon, dei fleste mest sannsynleg knytt til båtkonstruksjon


Grøn kryss = eitt flintavslag, høyrer moglegvis ikkje med til gravstrukturen

Stipla, svake liner indikerer moglege liner av båtsaum - men dette er svært usikkert pga at båtstrukturen var så øydelagt.

*) På grunn av at den bevarte fyllmassa i kvinnegrava var så grunn, vart det ikkje laga teikna dokumentasjon av profilbalken, ein nøydde seg med foto (jf. Vedlegg 2).

VEDLEGG 12

S 12294: MANNSGRAVA
- båtgrav, truleg frå vikingtid



Funn in situ:

Funna er her berre markert som fargekoda teikn. For meir info om funna, sjå Vedlegg 4 og 10.

Raudt kryss = funn knytt til gravgåver

Svart sirkel = funn truleg knytt til båtkonstruksjon


Brun ring = funn med meir udefinert funksjon, dei fleste mest sannsynleg knytt til båtkonstruksjon

Funn markert med * har berre omtrentleg plassering

Fire naglar funne på N-sida av tverrprofilen er dessverre ikkje blitt plotta inn på planteikninga i felt (F104, 105, 109 og 110)

Stipla, svake liner på teikninga indikerer moglege liner av båtsaum

Tverrprofilen* sett mot SSØ



Lag:

- a) = Slakt buande, gråbrun sand
- b) = Mørkebrun, nedbroten organisk masse
- c) = Same farge som a), men feitare i konsistensen

Funn:

- 1 = Skiferbryne, F130
- 2 = Jernfr. (ten), F131
- 3 = Jernfr. (ten), F128

*) Det er ein forskjell på omlag 10 cm mellom breidda av profilbalken på planteikninga og profildeikninga. Dette kjem truleg mest av noko unøyaktig innmåling av strukturen i plan.

Vedlegg 13a Liste over naturvitenskapelige prøver

Funn-nr.	S-nr.	Natvit.jr.nr.	Anleggsgnr.	Anleggstype	Prøvevolum (liter)	Time k.	Vekt (gram)	Metode	Djupne (cm frå rensa overflate)	Flotert av / dato	Undersøkt av	Sortert ("X")	Korn ("X")	14C-datering
220	122971	0702_4	2AS12716 (=2AS1368)	Stolpehol	5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-30)	SV 14.2.07	JEA 2007	X	X (25/38)	TUa-6802: BC1785-1715 (korn).
221	122971	0702_18	2AS2012	Stolpehol	4,5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-10)	JEA 2007	JEA 2007	X	X (1/8)	TUa-6803: BC 2405-2285 (korn).
222	122971	0702_19	2AS2012	Stolpehol	4,5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-10)	AS 14.2.07	JEA 2007	X	X (2/2)	TUa-6999: BC 1945-1825 (korn).
223	122971	0702_24	2AS2107	Stolpehol	4,5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-10)	AS 13.2.07	JEA 2007	X	X (3/5)	
224	122971	0702_25	2AS2107	Stolpehol	3,5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-10)	AS 14.2.07	JEA 2007	X	X (5/7)	TUa-6804: BC 1770-1695 (korn).
225	122971	0702_31	2AS2394	Stolpehol	4			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-20)	SV 13.2.07	JEA 2007	X	X (2/3)	TUa-6805: BC 1970-1900 (korn).
226	122971	0702_32	2AS2435	Stolpehol	4			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(5-30)	SV 13.2.07	JEA 2007	X	X (4/0)	
227	122971	0702_40	2AG2753 (S)	Grop	4,5			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-5)	AS 13.2.07	JEA 2007	X	X (1/0)	
228	122971	0702_55	2AS2081	Grop	4			ved snitting, uttak av masse frå under framrensing overflate	(0-5)	SV 13.2.07	JEA 2007	X	X (2/0)	TUa-6806: BC 1730-1660 (korn).
